

DET TEOLOGISKE MENIGHETSFAKULTET

Eit vindauge til kristen tru i mellomalderen

Kristen tru i mellomalderen sett gjennom
Kvinnherad kyrkje.

Ingvild Toskedal

Vår 2012

AVH5020 Masteravhandling (60 ECTS)
Master i kristendomskunnskap, kyrkjehistorisk retning

Rettleiar: Førstemanuensis Jan Schumacher

Førord

Først av alt vil eg retta ein stor takk til rettleiaren min, Jan Schumacher, for alltid velvillige svar på spørsmål, og for generøst utlån av litteratur. Han har vore ein god vegvisar i eit ukjent landskap.

Dernest vil eg retta ein stor takk også til familien min. Far min, Øystein Toskedal, har bidratt med gjennomlesing og gode innspel undervegs. Mor mi, Ingrid Toskedal, har bidratt med mange ferdige middagar og endå fleire gode samtalar. Søster mi, Åse Toskedal Koløen, har lese korrektur på store delar av oppgåva. Tusen takk til Matias og Maria for mange kjekke stunder!

Tusen takk til Lillian Dombestein, som også har lese korrektur på store delar av oppgåva. Me har hatt mange gode stunder og godt lunsjfellesskap i kantina på MF.

Lyngstrandlaget lånte velvillig ut grendahuset. Etter mange år som grendahus, vart huset igjen brukt som «skulehus». Ei flott «skrivestove» som kan anbefalast til andre som skriv.

Det er også mange andre som har vore til stor hjelp og støtte undervegs, med turar i skog og mark, middagar heime eller på restaurant, gode kveldar med gode vener. Tusen takk til alle!

Oslo, august 2012

Ingvild Toskedal

Innhald

1	Innleiing.....	5
1.1	Tema og problemstilling	5
1.2	Avgrensing.....	6
1.2.1	Periodisering ó avgrensing i tid	6
1.3	Metode	7
1.3.1	Framgangsmåte i denne oppgåva.....	9
1.4	Tidlegare arbeid om Kvinnherad kyrkje	10
1.5	Kjelder	10
1.5.1	Kvinnherad kyrkje	10
1.5.2	Skriftlege kjelder	10
1.5.3	Sekundærlitteratur.....	11
1.6	Disponering av stoffet.....	12
2	Kvinnherad (Skåla) kyrkje i eit geografisk og religiøst landskap	14
2.1	Skåla kyrkje i eit geografisk landskap	14
2.2	Skåla kyrkje i det religiøse landskapet	15
2.2.1	Mellomalderkyrkjer i nærområdet	16
2.2.2	Halsnøy kloster	17
2.2.3	Valfartsmålet Røldal stavkyrkje	18
2.2.4	Björgvin bispedøme og den norske kyrkjeprovinsen.....	19
2.2.5	Roma og den overnasjonale kyrkja	20
2.3	Organisering i det religiøse landskapet.....	20
2.3.1	Fjerdingskyrkja	21
2.3.2	Gulatingslova.....	22
2.3.3	Kristenretten	23
2.3.4	Kanonisk rett	24
3	Kristendomen i mellomalderen.....	26
3.1	«Age of faith»	26
3.2	Gud: Skapar og opphav for frelseshistoria.....	27
3.3	Verdsbildet.....	29
3.4	Ortopraksi	30
3.5	Tolking.....	30
3.5.1	Typologisk og allegorisk tolking	30
3.6	Synet på tilværet.....	32

4	Kvinnherad kyrkje i mellomalderen.....	33
4.1	Kyrkjebygget ó arkitektur	33
4.1.1	Eit monumentalbygg.....	33
4.1.2	Tidfesting: Når vart Kvinnherad kyrkje bygd?.....	35
4.1.3	1200-talet som kyrkjebyggingsperiode	37
4.1.4	Stein i staden for tre.....	38
4.2	På kyrkjeveg.....	40
4.2.1	Klokkene	40
4.2.2	Frå vest ó portalar og vindaugo	42
4.3	Inn i kyrkja.....	43
4.3.1	Døypefonten ó dåpssakramentet.....	43
4.3.2	Skipet	45
4.3.3	Korbogen.....	48
4.4	Koret.....	52
4.4.1	Høgalteret.....	52
4.5	Retning i tid og rom.....	55
4.6	Kyrkjevigsling ó kyrkjemesse ó <i>Stavkyrkjepreika</i>	56
4.6.1	Vigsling av eit heilagt bygg.....	56
4.6.2	Kyrkjemesse	58
4.6.3	<i>Stavkyrkjepreika</i>	58
4.6.4	Kva symboliserer kyrkjebygget?	60
4.7	Jomfru Maria og helgenane.....	60
4.7.1	Kvinnene på klokka	60
4.7.2	Katarina av Alexandria	61
4.7.3	Jomfru Maria	61
4.7.4	Jomfru Maria og helgenane i forbøn for folk	62
5	Kristen tru og formidling.....	63
5.1	Eit fromt liv.....	64
5.2	Formidling i og gjennom Skåla kyrkje	65
6	Korleis verka kristendomen inn på dagleglivet?.....	67
6.1	Kvardag og helg	68
6.2	Lekfolk og geistlege	69
6.3	Liv og død.....	70
7	Reformasjon og barontid ó endringar i eit heilagt bygg.....	73

8	Oppsummering.....	77
	Kjelder.....	81
	Litteratur.....	81
	Internettreferansar.....	85

1 Innleiing

1.1 Tema og problemstilling

I våre dagar er det stor interesse for mellomalderen. Dette viser seg mellom anna i alle bokprosjekta frå både forskarar og skjønlitterære forfattarar som dukkar opp. Nokre av dei seinare boktitlane innanfor det skjønlitterære feltet er *Hildegard* av Anne Lise Marstrand-Jørgensen, *Stormenes tid* av Ken Follett, og bøkene om tempelriddaren Arn av den svenske forfattaren Jan Guillou. Andre forfattarar har latt seg inspirera av mellomalderen for å konstruera eit fantasy-univers, eg tenkjer her særleg på forfattaren av *Ringenes Herre*: J.R.R.Tolkien. Det som gjer at eg her drar fram skjønlitterære forfattarar, er kva dei skriv om: menneska sine liv. Korleis folk kan ha levd og opplevd liva sine, er det eg syns er mest interessant med fortida. Med dette som utgangspunkt ville eg også fokusera på menneska sine liv i masteroppgåva mi. Over litt tid og etter å ha vurdert ulike tema, landa eg på at eg vil ta utgangspunkt i kyrkja som i barndommen og ungdommen møtte synet mitt på skuleveg kvar morgon: Kvinnherad kyrkje. Kyrkja ligg i bygda Rosendal i Kvinnherad kommune i Sunnhordland. Ho er mest truleg bygd i siste halvdel av 1200-talet, og har gjennomlevd både reformasjon og barontid. Frå 1678-1910 var kyrkja ein del av egedomen som høyrde til baroniet og seinare stamhuset i Rosendal.

Ved å ta utgangspunkt i Kvinnherad kyrkja kan eg kombinera kyrkjehistorie med lokalhistorie og meir allmenn historie, og målet mitt er at eg gjennom denne kyrkja og historia rundt ho, vil få eit blikk inn i kva menneska som levde rundt Kvinnherad kyrkje i mellomalderen trudde på, og korleis trua verka inn på dagleglivet. Problemstillinga mi er dermed slik:

Kva kan ein med utgangspunkt i spor frå mellomalderen i ei mellomalderkyrkje seia om kva menneska i mellomalderen trudde på, og korleis trua verka inn på livet deira?

Med «spor frå mellomalderen» meiner eg det som Kvinnherad kyrkje slik ho står fram i dag kan fortelja ut frå arkitektur og inventar som ikkje er endra sidan mellomalderen, men også det som andre kjelder kan fortelja om den konkrete kyrkja og kva endringar ho har gått gjennom.

Eg vil gjennom heile oppgåva bruka ordet «kyrkje» om både den konkrete kyrkja Kvinnherad kyrkje, men også om den verdsvide katolske kyrkja. Nokre stader vil eg presisera at eg meiner den katolske kyrkja ved å bruka dette omgrepet, men for det meste vil det gå fram av samanhengen kva ordet «kyrkje» betyr.

1.2 Avgrensing

Interessefeltet mitt, mellomalderen og særleg kristendomen i mellomalderen, er eit stort og omfattande felt som er grundig studert. Det er ei svært samansett tid, og kristendomen er ikkje den same i tidleg mellomalder som han er i seinare mellomalder, og har heller ikkje det same uttrykket i tekst og bilde overalt, sjølv om det naturleg nok er mange trekk som er like: Det var ei overnasjonal kyrkje med hovudsete i Roma som var den kyrkja som slo seg ned i alle hjørne i Vest-Europa.¹

I eit slikt stort og omfattande interessefelt er det viktig å avgrensa temaet som eg her vil seia noko om. Først og fremst vil Kvinnherad kyrkje i seg sjølv vera ei avgrensing, det er spora i denne og om denne som vil vera bestemmande for kva sider ved kristendomen i Noreg eg vil seia noko om.

Geografisk vil eg avgrensa meg til Kvinnherad og Vestlandet. Det er grensene for den gamle Gulatingslag (lovområdet under Gulatinget) som i hovudtrekk vil vera bestemmande for det geografiske området, dette tilsvarar i dag fylka Hordaland og Sogn og Fjordane.

Derneft vil eg, som eg alt har nemnt, avgrensa meg i tid til den norske mellomalderen. I neste avsnitt vil eg seia litt meir om denne avgrensinga.

1.2.1 Periodisering ó avgrensing i tid

Kor tid var mellomalderen i Kvinnherad, på Vestlandet og i Noreg?

Grunnlaget for å periodisera, å avgrensa fortida i periodar eller epokar, er at ein finn noko særskilt ved den perioden ein vil studera, som er så ulikt tida før og etter at ein kan sjå på åra mellom som ei avgrensa eining.² Nokre gonger byr det ikkje på så store problem å avgjera korleis ein avgrensar ein periode, som til dømes starten og slutten på ein krig. Den andre verdskrigen i Noreg starta 9.4.1940 og slutta 8.5.1945, og i perioden mellom desse to datoane var det noko som samla det norske folket: motstanden mot okkupasjonsmakta. Her er me inne på eit viktig moment når det gjeld periodisering: Det må vera noko som vert opplevd samlande i eit samfunn over tid. Andre gonger er det mindre klart kva som bør ligga til grunn for periodiseringa, dette vil mellom anna vera basert på *kva* i eit fortidig samfunn ein er ute etter å sjå nærmare på. For at ei periodisering skal fungera godt, er det ein fordel om ho inneheld ein teori om forandring.³ Det å dela inn fortida i periodar er ikkje utan vidare

¹ Kva eg legg i ordet «overnasjonal» vil eg seia meir om i kapittel 2.

² Kjeldstadli 199:221

³ Knutsen 2006:14

uproblematisk, mellom anna kan grunnlaget for periodiseringa gjera andre ting i fortida vanskelegare å få auga på.

I denne samanhengen vil det vera naturleg at religiøse forhold er avgrensande for perioden som eg vil studera. Ofte reknar ein at norsk mellomalder startar omtrent når vikingtida sluttar og området vert kristna, rundt år 1000. Me har få kjelder som fortel om kristninga av Noreg, men at dette ikkje skjedde over natta i år 1000, er dei fleste forskarar einige om i dag. Sannsynlegvis tok dette mange (hundre?) år. Mange møtte kristendomen i utlandet i vikingtida, og det fins også spor av at kristendomen var komen nokre stader i landet lenge før år 1000. Mange stader tok det også lang tid før den kristne trua og seden fullt og heilt hadde avløyst den norrøne religionen og seden. I denne oppgåva kan det vera naturleg å la mellomalderen starta rundt 1020. Mykje tyder på at det omtrent på den tida var eit førebuaende ting på Moster der kongen Olav Haraldsson, biskopen hans, Grimkjell og tingmennene vart einige om det som skulle verta kjernen i ein kristenrett.⁴ Mellom anna var ansvaret for kyrkjebygging og vedlikehald ein viktig del av denne første kristenretten. Med dette var kristendomen komen til Vestlandet. I den andre enden av perioden som her vil vera interessant, kan det vera naturleg å ha året 1537 då reformasjonen vart innført i Noreg. Då var den katolske kristendomen si tid i Noreg i hovudsak over. Slik vil altså mellomalderen i dette tilfellet vera den perioden då Vestlandet og Kvinnherad var ein del av den katolske overnasjonale kyrkja omtrent frå 1020-1537.

Det er vanleg å bruka dela inn mellomalderen i tidleg mellomalder, høgmellomalder og seinmellomalder. Tidleg mellomalder kan brukast om perioden fram til ca. 1200, høgmellomalder om åra frå ca. 1200-ca. 1350, og seinmellomalder om åra frå ca. 1350-1537.

1.3 Metode

Ordet historie betyr fleire ting, det kan vera ei «god historie» frå ein film eller ei bok, det kan brukast om ei helst lei hending: «det var ein lei magehistorie», eller det kan vera eit vitskapeleg fag.⁵ Når me brukar ordet i den siste tydinga, er det ein del omsyn me må ta. Clark (2004) skil klart mellom «historie» og «fortid». ØHistorieøer det akademiske faget som vert studert, medan øfortidøer noko som *var* men ikkje *er* lenger, og er berre tilgjengelig som spor, ulike fragment frå fortida som kan rekonstruerast til eit meir eller mindre heilskapleg bilde. Denne rekonstruksjonen som me gjer av fortida, vil aldri fortelja korleis fortida verkeleg var.

⁴ Helle 2001:46

⁵ <http://www.nob-ordbok.uio.no/perl/ordbok.cgi?OPP=historie&nynorsk=+&ordbok=begge> 20.2.12

Det var dette som var ynskjet når historie vart vitskapsfag, dei ville finna ut *wie es eigentlich gewesen* (korleis det verkeleg var).⁶ Å rekonstruera fortida kan samanliknast med eit puslespel⁷: Me har nokre bitar av eit puslespel der loket for lengst har forsvunne, så me kan ikkje støtta oss på bildet der. Dei bitane som me har bevart må me derfor etter beste evne leggja der me trur at dei passar, så må me prøva å fylla ut hola mellom bitane slik at me får eit tenkt heilskapsbilde. Men det bildet som me slik får fram, vil vera til dels heilt annleis enn det bildet som var der i utgangspunktet. Slik også med den rekonstruerte fortida. Eit anna problem i denne samanhengen, er at me er farga av våre eigne liv og vår eiga historie, og dermed av våre eigne standpunkt og eigne forkunnskapar. Me har alle ulike «briller» som me ser fortida gjennom, dette vert ofte kalla «forforståing».⁸ Desse to problema er skildra slik hos Danbolt (1986): «Det som lar seg rekonstruere (og som antagelig kun er en øy i et stort og ukjent hav), oppleves av oss som underlig fremmed, fordi det er så fjernt fra vår egen virkelighet».⁹ Då melder spørsmålet om objektivitet seg, ut frå det eg har sagt over vil ikkje dette vera prinsipielt mulig. Det har vore hevda av fleire historikarar at objektivitet er ein fundamental verdi for å driva historisk arbeid.¹⁰ Å vera objektiv i historievitskapen kan innebera som Hermerén (1972) seier å gjera ei framstilling av fortida som er *sakleg, ikkje misvisande, upartisk og verdifri*.¹¹ I sakleg ligg at fakta og argument i framstillinga skal vera sanne, relevante og kunna provast. At ei framstilling ikkje er misvisande betyr at *alle* relevante moment skal vera med. Kjeldstadli (1999) seier seg i stor grad einig i Hermerén sin påstand, men hevdar at ein kan i visse samanhengar vera partisk.¹² Eg vil hevda at ei sakleg og ikkje misvisande framstilling langt på veg lar seg gjera, men at ein aldri er heilt upartisk eller heilt verdifri, igjen er det bakgrunnen vår og brillene me ser fortida gjennom som spelar inn.

Kyrkjehistorie som vitskapleg disiplin høyrer heime i den teologiske fagkretsen, og handlar då om å reflektera over teologien, om samsvaret mellom teologien og det kristne livet, og om kyrkja som konkret og sosial eining. Samtidig er kyrkjehistorie eit historievitskapleg fag som skil seg frå andre historiske fag ved objektet som skal studerast og «brillene» ein har på seg, ikkje ved metodane som vert brukt.¹³ Kyrkjehistoria kan også fortelja mykje om historia elles

⁶ Clark 2004:x,9; Danbolt 1986:39

⁷ Dette er eit bilde eg har frå rettleiaren min, Jan Schumacher

⁸ Skarsaune 2011a:2; Thurén 2009:66

⁹ Danbolt 1986:39

¹⁰ Clark 2004:15

¹¹ Hermerén 1972, referert hos Kjeldstadli 1999:305-306

¹² Kjeldstadli 1999:305-306

¹³ Skarsaune 2011a:2

i samfunnet, fordi kyrkja og kristendomen var ein stor del av samfunnet og av folk sine liv. Då kan faget kyrkjehistorie også plasserast blant meir kulturhistoriske fag, andre fag her er til dømes religionshistorie, idéhistorie og liknande.¹⁴ I denne oppgåva er begge desse perspektiva på kyrkjehistorie viktige, i tillegg til at arbeidet mitt vil kunna vera eit bidrag i lokalhistoria.

Eit anna perspektiv eg vil dra inn her, er mentalitetshistorie. Mentalitet handlar i denne samanhengen om ei kollektiv tankeverd, korleis ein tenkte om, oppfatta og forholdt seg til verda.¹⁵ Mentalitetshistoria vaks fram etter den 2. verdskrigen i Frankrike som ein reaksjon på at det over noko tid hadde vore ei gjennomgåande materialistisk historieoppfatning, der ein hadde vore mest oppteken av det økonomiske aspektet. No henta ein inspirasjon frå andre vitskapar, mellom anna frå antropologi og psykologi.¹⁶ Eit viktig bidrag frå mentalitetshistoria er at ein er meir medviten om at mentaliteten i eit samfunn er med å prega tilværet og verdsforståinga deira, og at ein understrekar kor annleis menneska som levde i fortida er frå menneske som lever i notida. Mange legg også stor vekt på at mentaliteten endrar seg i ein annan rytme enn andre endringar i samfunnet, slik som nok har vore tilfelle både i starten og slutten av perioden som vert studert her. Eit anna viktig bidrag frå mentalitetshistoria er at fokus på mentaliteten førte til at ein fekk eit nytt syn på andre litterære sjangrar enn dei tradisjonelle innanfor kyrkjehistoria; kjelder som til dømes preiker, forklaringar av liturgien, helgenlitteraturen og kristen diktning vart dermed oppvurdert.¹⁷

1.3.1 Framgangsmåte i denne oppgåva

Som dei fleste andre mellomalderkyrkjer held Kvinnherad kyrkje på mange løyndomar, det er mange spor av tidlegare tider som me i utgangspunktet ikkje veit så mykje om bakgrunnen for. Målet mitt med dette arbeidet er å koma öunder hudaö på nokre av desse løyndomane. I problemstillinga har eg brukt uttrykket «spor frå mellomalderen i ei mellomalderkyrkje», håpet er at desse kan fortelja korleis kyrkja *kan* ha stått fram for kvinnheringane i mellomalderen. Her vil kyrkjebygget i seg sjølv vera viktig, samtidig som kjelder og sekundærlitteratur vil fortelja om korleis kyrkja kan ha sett ut då ho var nybygd, og kva endringar ho har gått gjennom seinare.

Menneska i mellomalderen hadde i stor grad ein internalisert kunnskap som gjorde at dei kunne «lesa» kyrkja. Ved å bruka kjelder og sekundærlitteratur håpar eg å tileigna meg ein brøkdel av denne kunnskapen for sjølv å kunna «lesa» kyrkja.

¹⁴ Kjeldstadli 1999:98-99

¹⁵ Bagge 2005:14; Ingesman 1999:9

¹⁶ Gelting 1985:9

¹⁷ Schumacher 2005b:107-108

Ut frå det eg finn vil eg prøva å seia noko om korleis den kristne trua vart formidla til menneska i mellomalderen, og korleis kristendomen verka inn på dagleglivet. Målet er at ved å ha fokus på Kvinnherad kyrkje kan eg seia noko meir allmenngyldig om kristendomen i mellomalderen i Noreg.

1.4 Tidlegare arbeid om Kvinnherad kyrkje

Som nemnt er kristendomen i mellomalderen og kva folk trudde på grundig studert, noko eg kan dra god nytte av. Men så vidt eg veit er det ingen som har gjort eit liknande arbeid som dette med utgangspunkt i Kvinnherad kyrkje. Av det som er skriva om kyrkja, vil eg her dra fram to bøker som er skriva i samband med at det har vore feira jubileum. I 1955 feira ein 700-årsjubileum for kyrkja, femti år seinare vart det feira 750-årsjubileum. Boka som vart laga til 750-årsjubileet, *Endå kann klokkone kalla. Kvinnherad kyrkje 750 år*, er ei grundig bok der det er gitt eit historisk oversyn, og der kyrkja slik ho er i dag vert grundig skildra.¹⁸

1.5 Kjelder

1.5.1 Kvinnherad kyrkje

Primærkjelda mi i dette arbeidet er Kvinnherad kyrkje og dei spora me har av mellomalderen i henne. For å kunna bruka ho som kjelde, må eg så langt råd er finna ut kor tid ho vart bygd, korleis ho såg ut, kva for inventar som var i ho, og kva for endringar ho har vore gjennom. Håpet er at sjølv om ein del av dette har gått tapt, går det likevel an å avdekka nokre av løyndomane hennar.

1.5.2 Skriftlege kjelder

Til lenger ein går bakover i fortida, til færre skriftlege kjelder er bevart. Når det gjeld mellomalderen vart det for det første skriva langt færre tekstar enn me gjer i vår moderne tid, og for det andre fins dessverre mykje av det som vart skriva ikkje lenger, anten fordi det vart utslitt, eller fordi det gjekk tapt i samband med reformasjonen. Likevel fins det heldigvis nokre kjelder som kan gje oss eit glimt inn i fortida, og som kan visa oss noko om korleis kristendomen var då. Dei fleste kjeldene som fins frå mellomalderen er frå seinmellomalderen.

Når ein studerer skriftlege kjelder, er det viktig å vera klar over kva tid desse er skriva i forhold til det dei fortel om. At dei er nære i tid til det dei skildrar, bør leggjast stor vekt på.¹⁹

¹⁸ Skaala 2004

¹⁹ Skarsaune 2011b:1

Kjelder som er skrivne ei tid seinare enn hendingane dei skildrar, som når til dømes Snorre fortel om kristninga av Noreg, kan seia vel så mykje om samtida til forfattaren som om hendingane som vert skildra. Slik kan dei bli kjelder ikkje berre til hendingane dei fortel om, men også til si eiga samtid. Eit anna viktig perspektiv ein må ha når ein studerer kjelder, er at ingen kjelder er nøytrale, men dei er farga av forfattaren sin agenda. I tillegg handlar dei fleste kjeldene frå mellomalderen om kyrkja og kongemakta, og fortel stort sett lite om vanlege folk sitt liv.²⁰

Det vert ofte skilt mellom normative og deskriptive kjelder. Dei normative fortel om korleis ting *bør* eller *skal* vera, som til dømes ei lov, medan deskriptive kjelder er skildrande og fortel om noko som var, er, eller er komande. Det fins også ein tredje type kjelder som vert kalla performative. Dette er kjelder som fortel om korleis noko vart realisert ved at dokumentet vart laga eller utsegna gjennomført. Døme på den siste typen kjelder er rettsdokument, kontraktar, vigslingsbrev osv.²¹ Frå norsk mellomalder er dei fleste kjeldene normative, og fortel slik om det ideelle, korleis det var tenkt at ting skulle vera. Det fins færre deskriptive og performative kjelder.

Dei viktigaste kjeldene mine frå mellomalderen vil vera desse:²²

- *Stavkyrkjepreika*
- *Kristenretten i Gulatingslova*
- *Erkebiskop Arne Vade sitt hyrdebrev*
- Forklaring av messa og alle tidebøner frå *Messuskýringar*
- *Erkebiskop Eilifs tredje statutt*

I tillegg vil eg gjennom sekundærlitteraturen koma innom nokre andre kjelder.

1.5.3 Sekundærlitteratur

Som eg alt har sagt litt om, er det målet mitt å finna bitar i eit puslespel og prøva å laga eit heilskapsbilde av desse. Til dette treng eg sekundærlitteratur, litteratur som har undersøkt dei historiske kjeldene, og på bakgrunn av dette seier noko om den perioden eller det objektet ein sjølv vil undersøkje. Mykje av sekundærlitteraturen min er frå Noreg, men eg vil også bruka sekundærlitteratur frå utlandet: frå Sverige, Danmark og England. Dette kan eg gjera fordi

²⁰ Schumacher 2005b:92; Skarsaune 2011b:1

²¹ Kjeldstadli 1999:172

²² *Stavkyrkjepreika*: Salvesen 1971, Frøysadal 1963. *Kristenretten i Gulatingslova*: Spørck (red.) 2009. *Erkebiskop Arne Vade sitt hyrdebrev og Messuskýringar*: Jørgensen, Montgomery og Schumacher (red.) 1995, *Erkebiskop Eilifs tredje statutt*: Lysaker 1991.

Kvinnherad kyrkje i den katolske perioden var ein del av ei overnasjonal kyrkje som i store trekk overalt feira den same gudstenesta, hadde den same heilage skrifa, hadde felles pavestolen i Roma, brukte det same språket: latin, og hadde den same byggeskikken for kyrkjer.

I mitt arbeid vil litteratur om Kvinnherad og Kvinnherad kyrkje vera aktuelle som sekundærlitteratur. Her har eg alt nemnt boka til Kaare Skaala om kyrkja, dessutan fins det eit flott arbeid frå Norsk institutt for kulturforskning, *Norges Kirker*, der mange av kyrkjene i Noreg vert skildra slik dei står fram i dag. Her er Kvinnherad kyrkje grundig skildra.²³ I tillegg vil eg bruka to bøker om steinkyrkjer i Noreg: Øystein Ekroll si bok *Med kleber og kalk. Norsk steinbygging i mellomalderen 1050-1550*,²⁴ og Øystein Ekroll, Morten Stige og Jiri Havran si bok *Kirker i Norge. Middelalder i stein*.²⁵ Desse vil vera grunnlag for mellom anna tidfesting av når Kvinnherad kyrkje vart bygd. Av annan sekundærlitteratur vil eg her nemna Alf Härdelin si bok *Världen som yta och fönster. Spiritualitet i medeltidens Sverige*, Jan Schumacher sine kapittel om kristendomen i mellomalderen i *Norsk kirkehistorie og Norges religionshistorie*, tre bøker med fleire danske forfattarar: *Middelalderens Danmark. Kultur og samfund frå trosskifte til reformation*, *Middelalderens verden : verdensbilledet, tænkningen, rummet og religionen* og *Undervejs mod Gud. Rummet og rejsen i middelalderlig religiøsitet*.²⁶ Dessutan vil eg også bruka ein god del annan sekundærlitteratur.

1.6 Disponering av stoffet

Eg vil i kapittel 2 starta med å plassera Kvinnherad kyrkje i landskapet, både geografisk og religiøst. Kva plassering Kvinnherad kyrkje hadde i landskapet, kva andre gudshus og andre religiøse bygg fans i nærområdet, og dernest kva plassering kyrkja hadde i den kyrkjelege organisasjonen som Den katolske kyrkja utgjorde. I kapittel 3 vil eg skildra nokre karakteristiske trekk ved kristendomen i mellomalderen: Kva var grunnlaget for korleis ein kunne «lesa» ei kyrkje. Både verdsbildet, tolkingsmønster og synet på tilværet vil det vera naturleg å seia noko om i dette kapitlet. I kapittel 4 vender me oss til Kvinnherad kyrkje igjen, og ser på kva spor me kan finna i sjølve bygget, og kva kjelder og sekundærlitteratur kan

²³ Skaala 2004; <http://www.norgeskirker.no/wiki/Hovedside> 13.8.12; http://www.norgeskirker.no/wiki/Kvinneherad_kirke 13.8.12. Artikkelen som er lagt ut på denne nettstaden om Kvinnherad kyrkje, fekk eg tilsendt på e-post frå NIKU, Norsk institutt for kulturminneforskning i august 2011. når eg seinare viser til denne gjer eg det ved forfattarnamn (Lidén, Hans-Emil og Anne Marta Hoff), årstal (2011) og sidetal

²⁴ Ekroll 1997

²⁵ Ekroll, Stige og Havran 2000

²⁶ Härdelin 2005, Schumacher 2005a, Schumacher 2005b, Ingesman et al. (red.) 1999, Bruun og Istoft (red.) 2004, Høiris og Ingesman (red.) 2010

fortelja om spor som har forsvunne. Eg vil også kommentera korleis dei ulike spora var tenkt lese og forstått på bakgrunn av det som eg kjem fram til i kapitlet om kristendomen i mellomalderen. I kapittel 5 vil eg løfta blikket litt, og sjå på kva ein veit om formidling av kristendomen i mellomalderen, og korleis dette kan ha vore opplevd av kyrkjegjengarane i Kvinnherad kyrkje. Kapittel 6 vil handla om kvardagen: Korleis verka kristendomen inn på dagleglivet først og fremst gjennom kristenretten. For å føra linja vidare frå reformasjonen vil eg i kapittel 7 koma tilbake til kyrkja igjen for å sjå kva endringar som vart gjort i det heilage bygget i samband med reformasjonen, barontida og ei stor restaurering i 1913. Dette ligg utanfor avgrensinga av oppgåva, men vert tatt med for å gi så fullstendig bilde som mulig av tilhøvet mellom kyrkja slik ho truleg var i mellomalderen samanlikna med korleis ho står fram i dag, og vegen dit.

2 Kvinnherad (Skåla) kyrkje i eit geografisk og religiøst landskap

I dette kapitlet vil eg ta utgangspunkt i den geografiske plasseringa av Kvinnherad kyrkje, og ut frå dette plassera ho i eit religiøst og åndeleg landskap. I mellomalderen gjekk kyrkja for det meste under namnet Skåla eller Skåle, innimellom vart ho også kalla Bjørke.²⁷ Eg har i dette kapitlet valt å seia Skåla kyrkje eller kyrkja på Skåla når det er tale om Kvinnherad kyrkje i mellomalderen.

2.1 Skåla kyrkje i eit geografisk landskap

Kvinnherad kyrkje er vakkert plassert oppe i bakkane over bygda som i dag heiter Rosendal i Hordaland, og har i mange hundre år vore eit synleg teikn på at kristendomen er tilstade i bygdesamfunnet. Med høgreste murar som gjer Kvinnherad til ei av dei høgaste soknekyrkjene frå mellomalderen, passar ho godt inn der ho ligg mellom Hardangerfjorden og dei flotte Rosendalsfjella.²⁸ Der ho ligg, har ho godt utsyn over store delar av bygda og det gamle skipreida. Rundt kyrkja ligg ein kyrkjegard som kan vera like gamal som kyrkja sjølv.²⁹

Før den noverande kyrkja vart bygd for litt meir enn 700 år sidan, var det sannsynlegvis ei eldre kyrkje i bygda.³⁰ Denne var kanskje ei trekyrkje med nedgravne stolpar, slik mange av dei eldste kyrkjene i landet vårt (og resten av Europa) var. Men etter ei tid rotna stolpane, så desse kyrkjene forsvann for det meste. Det kan vera dette som skjedde med den eldste kyrkja i Rosendal. Men om me reknar med at steinkyrkja som står i dag, vart bygd for litt over 700 år sidan, og at denne erstatta ei tidlegare trekyrkje som kanskje hadde stått i eit par hundre år, kjem me til at eit synleg teikn på den kristne trua har sett preg på bygda i snart 1000 år.

Kyrkja på Skåla er ei mellomalderkyrkje som er bygd i stein ein gong i siste halvdel av 1200-talet.³¹ I dag fungerer ho som soknekyrkje for Kvinnherad sokn, men i mellomalderen var ho tiltenkt ei viktig rolle som ei av fire fjerdingsskyrkjer i Hordafylke.³² Kyrkja er nemnt i kjelder i 1306 og 1329.³³

Kyrkja ligg i Kvinnherad kommune i Hordaland. Dette er i dag ein stor og langstrakt kommune som ligg langs Hardangerfjorden, med noko over 13.000 innbyggjarar.³⁴ Namnet

²⁷ Vaage 1972:165

²⁸ Ekroll, Stige og Havran 2000:140

²⁹ Skaala 2004:104

³⁰ Skaala 2004:12-13

³¹ Lidén og Hoff 2011:1

³² Helle 2001:203

³³ Skaala 2004:26-27

³⁴ <http://www.kvinnherad.kommune.no/index.php?id=4565808> 6.6.12

Kvinnherad er gammalt, i mellomalderen vart namnet brukt på eit skipreide med nokon lunde same utstrekning som Kvinnherad kommune har i dag. «Kvinn» i Kvinnherad kan bety «noko todelt». Det har vore foreslått at det er snakk om to elvar, noko som også er teke inn i kommunevåpenet.³⁵

I mellomalderen gjekk kyrkja oftast under namnet Skåla eller Skåle, som var det same namnet som bygda hadde lenge, «Skålabygda» lever på folkemunne som namnet på bygda den dag i dag.³⁶ Elles var og er Skåla namnet på ein storgard i Rosendal. Det var her langskipet stod. Namnet «Skåla» har sannsynlegvis opphav i ordet *skåle* som vart brukt på forsamlingshus, gildeskål. Det kan ha vore eit slikt i bygda frå gammalt av. Ordet *skål* var ofte brukt i omsett litteratur om større hus, i preikesamlinga *Gamalnorsk homilieboek*, er til dømes ordet *gestaskål* brukt om herberget som Maria og Josef vart vist bort frå. Skipreida vart også i nokre samanhengar kalla Skåla.³⁷

Det næraste geografiske området rundt kyrkja³⁸ ser tidleg ut til å ha vore eit busett område, mange spor frå forhistorisk tid tyder på dette. I dette området budde det lenge stormenn, medan kjeldene fortel lite om sjølveigande bønder i bygdene: Det ser ut til at adelen, kyrkja og klostera etter kvart eigde det meste av jordegodset utanom det som høyrde kongen til.³⁹

2.2 Skåla kyrkje i det religiøse landskapet

For kvinnheringane var Skåla den kyrkja som dei hadde i nærleiken, og den kyrkja ein var i kvar søndag for å «høyra messa», noko som var ein vanleg omtale av det å vera tilstade på høgmesse på søndag formiddag. Men i eit så stort skipreide som Kvinnherad var i mellomalderen, vart det sannsynlegvis opplevd som nødvendig med fleire kyrkjer, og alt i mellomalderen var det fleire kyrkjer i nærleiken.⁴⁰ Det er interessant å sjå litt nærmare på desse.

³⁵http://www.sffarkiv.no/sffbasar/style_hordaland.asp?p=result&db=dbatlas_leks&art_id=105740&spraak_id=1&ptype=single 6.6.12

³⁶ Bygda Rosendal har seinare fått namn etter slottet Rosendal, som vart bygd av den danske adelsmannen Ludvig Rosenkrantz.

³⁷ KLN 16:59-60, 62, Fylkesarkivet nettsider, http://www.sffarkiv.no/sffbasar/style_hordaland.asp?p=result&db=dbatlas_leks&art_id=105740&spraak_id=1&ptype=single 6.6.12

³⁸ Frå Nes til Omvikdalen

³⁹ Vaage 1972:157-162

⁴⁰ Vaage 1972:165

2.2.1 Mellomalderkyrkjer i nærområdet

I dag er det 12 kyrkjer i Kvinnherad kommune, altså nesten ei kyrkje per 1000 innbyggjarar.⁴¹ To av desse, Skåla og Ænes, stammar frå mellomalderen, men det fins også opplysningar om kyrkjer frå mellomalderen som er borte. Det kan sjølvsagt også ha vore andre kyrkjer i området, særleg privatkyrkjer, som har forsvunne ut av historia.

I jordeboka *Bjorgynjar Kalfskinn* som mest sannsynleg er frå omtrent 1360, er jorda og inntektene til presteembeta og lokalkyrkjene i Bjørgvin bispedøme notert.⁴² I denne jordeboka er det nemnt fem kyrkjer i Kvinnherad i mellomalderen: frå nord til sør var dette Ænes, Skåla, Mel, Guddal og Kaldestad.⁴³ I tillegg var det ei sannsynleg stavkyrkje i Ølve på den andre sida av Hardangerfjorden. Eg vil her gje nokre kommentarar til desse kyrkjene.

Kyrkja på Ænes er ei steinkyrkje frå mellomalderen. Ho kan ha vore bygd rundt hundreårsskiftet 1100-1200, og er no kanskje den eldste kyrkja i Kvinnherad.⁴⁴ At det så tidleg vart bygd steinkyrkje på Ænes, kan ha samanheng med at garden Ænes sannsynlegvis var eit adelssete. Seinare, på 1400-talet, finn me denne garden igjen som eigedom under erkesetet i Nidaros. Kyrkja på Ænes var etter reformasjonen annekskyrkje under Kvinnherad kyrkje, først i 1901 vart ho overteken av soknet.⁴⁵

Dei tre kyrkjene Skåla, Mel og Guddal låg innanfor det som i dag er Kvinnherad sokn. Mel og Guddal var *høgendeskyrkjer*, privatkyrkjer. Kyrkja på garden Mel var bygd i stein. Ho forfall i seinmellomalderen, og i 1660-åra vart stein frå kyrkja brukt når ein bygde slott i Rosendal.⁴⁶ Nokre få kilometer frå Rosendal var den andre privatkyrkja, Guddal.⁴⁷ I ein periode var det slik tre kyrkjer innanfor eit ikkje veldig stort geografisk område. Kvifor det var slik, veit me ikkje i dag, men det kan vera interessant å koma med nokre forslag. Kan henda var stormennene på og rundt Skåla tidleg kristne, og derfor såg behov for gudshus? Ein annan mulig teori er at dette har vore eit nokså rikt område, med stormenn som hadde høve til å bruka ressursar på å bygga etter måten store og flotte bygningar. Kanskje har dei også vorte pålagt å bygga kyrkjer for å gjera synleg at området no var kriste. Ein annan grunn til at det vaks fram høgendeskyrkjer, var nok lang avstand til kyrkje, men dette har neppe vore årsak når det gjeld desse to kyrkjene.

⁴¹ <http://www.kyrkja-kvinnherad.no/> 6.6.12

⁴² Tryti 1994

⁴³ Vaage 1972:165

⁴⁴ Vaage 1972:165; <http://www.kyrkja-kvinnherad.no/kyrkjer/ky-aenes.htm> 6.6.12

⁴⁵ Hoff og Lidèn 2000:172

⁴⁶ Skaala 2004:22

⁴⁷ Vaage 1972:165

Dei to siste kyrkjene som me veit om i Kvinnherad i mellomalderen, var plassert eit stykke frå Skåla. Kyrkja i Ølve var lenger vest, på den andre sida av Hardangerfjorden, og kyrkja på Kaldestad lenger sør i skipreida. Begge desse kyrkjene vart erstatta av nyare kyrkjer på 1600-talet. Kyrkja i Ølve kan ha vore bygd rundt år 1300, og segna fortel at ho vart bygd i takksemd av ein hollendar som hadde overlevd skipsforlis. Me veit i dag lite om denne kyrkja, men soknet er nemnt i Aslak Bolt si jordebok i 1432. I dag er 1600-talskyrkja i Ølve også borte, den kyrkja som står i bygda no, vart bygd i 1861. Kyrkja på Kaldestad ser ut til å ha vore ei svært lita kyrkje, skipet var omtrent like stort som ei røykstove. Denne vart erstatta av ei ny rundt 1640, som igjen vart erstatta av ei ny kyrkje i 1864.⁴⁸

I dag er det berre Ænes og Kvinnherad kyrkjer som står igjen av desse i alt seks mellomalderkyrkjene me veit om i Kvinnherad. Kvinnherad kyrkje er den største av desse to steinkyrkjene, og vart av B.E. Bendixen rundt år 1900 omtalt som «den fornægste [fjerdingskyrkja] i Hordafylket».⁴⁹

Så langt har me fokusert på det religiøse nærlandskapet, men om me skal løfta blikket opp frå Skåla og Kvinnherad, vil me få auga på to andre viktige institusjonar i det kristne eller åndelege landskapet i Sunnhordland, augustinar Klosteret på Halsnøy og valfartskyrkja i Røldal. Begge desse er så nære at det ikkje er urimeleg å tenkja seg at kvinnheringane i mellomalderen har hatt kjennskap til desse.

2.2.2 Halsnøy kloster

Klosterrørsla spreidde om seg i mellomalderen, og sjølv i vårt land var det så mange som 26 kloster innanfor noverande grenser av Noreg. Eitt av desse klosterå låg på Halsnøy i Sunnhordland. Dette klosteret vart etter alt å døma grunnlagt av Erling Skakke i 1163 i samband med at sonen Magnus vart krona til konge. Halsnøy kloster var eit augustinar kloster, der prestar levde saman i eit fellesskap. Klosteret var vigsla til Den Heilage Ande. Halsnøy kloster var ved utgangen av mellomalderen det rikaste klosteret i Noreg, mykje av jordegodset i skipreida høyrde innunder klosteret. Ruinane som i dag ligg på staden, er frå rundt 1300, og har erstatta eit eldre klosteranlegg som truleg var frå siste halvdel av 1100-talet. I dag er det berre restar igjen av Halsnøy kloster, desse er knytt til Sunnhordland Museum. Klosteret ligg i nærområdet til kyrkja på Skåla, i dag ligg begge desse institusjonane i den same kommunen.⁵⁰

⁴⁸ Vaage 1972:166; Hoff og Lidén 2000:183; Vaage 1972:165-166; [http://www.norgeskirker.no/wiki/Husnes_\(Kaldestad\)_kirke](http://www.norgeskirker.no/wiki/Husnes_(Kaldestad)_kirke) 8.8.12

⁴⁹ Vaage 1972:166

⁵⁰ Gervin 2007:26,263; Helle 1995:43; Ekroll 1997:253; Schumacher 2005a:70; Lange 1847:560; Vaage 1972:159; <http://www.sunnhordland.museum.no/side.aspx?nr=60> 9.8.12

I mellomalderen var det ikkje så mange alternativ til eit anna liv enn det ein var fødd inn i, men livet i klosteret ó *vita religiosa* ó var ei anna livsform som menneska som levde i mellomalderen kunne velja.⁵¹ Kor mange kvinnheringar som budde i klosteret på Halsnøy, kan ikkje talfestast i dag, men at nokon har valt dette livet kan nok tenkjast. Andre kvinnheringar kan ha reist lenger for å leva etter *vita religioso*, anten ved eitt av dei andre klosterane i Noreg, eller i utlandet. Men kvinnheringane kan også ha hatt samband med klosteret på andre måtar. I og med at klosteret var eit augustinarkloster med prestar i kommunitet, kan det vera at desse prestane innimellom tenestegjorde til dømes i Kvinnherad kyrkje, eller at prestane i Kvinnherad besøkte klosteret.

2.2.3 Valfartsmålet Røldal stavkyrkje

Røldal er ei lita fjellbygd som ligg noko lenger søraust i Hordaland enn Rosendal og Kvinnherad. Kyrkja som ligg her, er ei lita stavkyrkje som vart bygd på 1100-1200-talet. I mellomalderen høyrde Røldal til Stavanger bispedøme.⁵²

Røldal er kjent som valfartskyrkje frå rundt år 1300. Pilegrimsålet i Røldal var krusifikset som sveitta kvar jonsoknatt. Denne sveitten skulle ha lækjande verknad, ein turka sveitten av krusifikset og brukte same kluten på sjuke folk.⁵³ Den mest sannsynlege forklaringa på «sveitten» var at det la seg kondens på krusifikset når det var trongt om plassen inne i kyrkja, men i mellomalderen vart dette tolka som at krusifikset sveitta, slik greip det heilage inn og kunne vera til hjelp for folk i kvardagen.

At pilegrimsreiser eller valfart var vanleg i Noreg, veit me av fleire diplom og reisepass. I våre auge kan det verka underleg at den vesle kyrkja i Røldal kanskje var det nest største pilegrimsålet i Noreg etter Nidaros. Men kanskje meir underleg er det at denne valfarten heldt fram etter reformasjonen, og varte til eit stykke ut på 1800-talet.⁵⁴ Då kom biskopen ein dag for tidleg på visitas til Røldal, og fekk sjå folkemengda som var samla. Biskopen fekk stoppa desse samlingane, og det tok slutt på valfarten hit. Men den nye interessa for pilegrimsvandring som har teke seg opp dei seinare åra har ført til at det igjen har vore valfart til Røldal, både Nasjonalt Pilegrimssenter og den katolske St.Olav kirke i Oslo har hatt pilegrimsvandringar hit.⁵⁵

⁵¹ Helle 1995:26

⁵² <http://www.olavsrosa.no/objektinfo.aspx?id=27114> 3.7.12; Tryti 1994

⁵³ Øverland 1995: 82; Amundsen 2005:171

⁵⁴ Michalczak 2009:42-43; <http://www.pilgrim.info/artikkel.aspx?id=3963369> 9.8.12; Hodne 1999:127

⁵⁵ <http://www.katolsk.no/praksis/valfart/artikler/roldal> 9.8.12; <http://www.pilgrim.info/artikkel.aspx?id=3963369> 9.8.12

2.2.4 Bjørgvin bispedøme og den norske kyrkjeprovinsen

Skåla kyrkje var i mellomalderen ein del av Bjørgvin bispedøme. Bjørgvin, Hålogaland og Borgarting var sannsynlegvis dei tre første bispedøma i Noreg, desse kan ha vorte oppretta under kong Olav Kyrre (1067-1093). I høg mellomalderen omfatta sannsynlegvis Bjørgvin bispedøme dei tre vestlandsfylka Hordfylki, Sygnafylki og Firdafylki, i dag svarar dette til Hordaland og Sogn og Fjordane. Bispedømet hadde omtrent 170 kyrkjesokn. Det var fleire mektige menn som sat i bispestolen i Bjørgvin, og nokre gonger kunne Bjørgvin fungera som kyrkjeleg «hovudstad» sjølv etter at erkebispesetet i Nidaros var oppretta.⁵⁶

Ei av endringane som fylgde av at kristendomen kom til Noreg, var at garden eller bygdesamfunnet ikkje lenger var sentrum i menneska sine liv.⁵⁷ Sentrum var flytta langt vekk frå der menneska levde liva sine. Om det viktigaste sentrum var Roma, var det likevel nokre sentrum noko nærmare: Bergen og Nidaros. Kontakt mellom sentrum i bispedømet og dei ulike sokna lenger frå sentrum, vart formidla på fleire måtar. Biskopen hadde hovudansvaret for å halda oppsyn både med kyrkjene og prestane i periferien, dette ivaretok han ved å reisa på visitas, og ved stiftssynodar.⁵⁸ Men han kunne også senda ut ombudsmenn som skulle gå hans ærend.

Når bispen reiste på visitas, var det til fjerdingskyrkjene han kom, dei andre kyrkjene besøkte han berre i særlege høve.⁵⁹ Ei av fjerdingskyrkjene i Hordafylket var som kjent Skåla kyrkje, og som fjerdingskyrkje var Skåla ei kyrkje med ein spesiell funksjon. Dette kjem eg tilbake til om litt.

Stiftssynode, prestemøte i bispedømet, skulle normalt haldast kvart år. Hit kom alle prestane i bispedømet, kravet om frammøte var absolutt. Ein viktig funksjon ved desse synodane var å oppdra og utdanna presteskapet i bispedømet, og prestane fekk eit sakramentalt eller åndeleg fellesskap gjennom messene i samband med synoden.⁶⁰

I 1153 vart det oppretta ein kyrkjeprovins i Noreg med Nidaros som erkebispesete. I alt var det elleve bispedøme i denne kyrkjeprovinsen, som ikkje berre omfatta dei fem bispedøma i fastlands-Noreg, men i tillegg seks bispedøme på øyane i vest.⁶¹ Denne provinsen omfatta også Bjørgvin bispedøme og dermed Skåla kyrkje. Skåla kyrkja var ei av mange kyrkjer i den europeiske storkyrkja, og var slik sett ein del av eit stort og kanskje uoversiktleg åndeleg

⁵⁶ Tryti 1994

⁵⁷ Bagge 2005:99

⁵⁸ Tryti 1994

⁵⁹ Tryti 1994

⁶⁰ Tryti 1994

⁶¹ Tryti 1994

felleskap eller landskap. Den gongen som no var det soknet som var grunneininga i kyrkja i Noreg, og ein kan seia at gjennom soknet vart lokalsamfunnet på mange måtar ein del av verda.

2.2.5 Roma og den overnasjonale kyrkja

I heile mellomalderen, både i Vest-Europa og etter kvart i Noreg, var det den katolske kyrkja som var einerådande. På mange måtar kan det ha vore ein fordel for den katolske kyrkja i mellomalderen at ho var den same kyrkja over store delar av Europa. Den katolske kyrkja var med på å definera kva som var «Europa», og for Noreg sin del var nok på mange måtar landet tettare forbunde til resten av Vest-Europa enn både tidlegare og seinare.⁶² Denne kyrkja som kvinnheringane også var ein del av, vert av Härdelin (2005) kalla for overnasjonal heller enn internasjonal.⁶³ I dette ligg det at overalt der denne kyrkja var ein del av det religiøse landskapet, var det den same kyrkja som kom: Det var dei same gudstenestene, dei same læresetningane, den same trua som alle ute i periferien var ein del av. For sentrum i denne nye religiøsiteten i landet vårt var flytta langt bortanfor landets grenser, heilt til Roma. I kyrkja sine augo var, med Härdelin sine ord, kyrkja i vår del av verda ein provins i den katolske kyrkja som hadde synleg sentrum i Roma.

Som medlem i denne store, overnasjonale kyrkjeorganisasjonen hadde kvinnheringane saman med resten av innbyggjarane i landet vårt tatt steget inn i det europeiske fellesskapet. Og som resultat av at det etter kvart vart ferdselsvegar, vart det lettare å reisa både i landet og ute i Europa. Det vart dermed mulig å reisa på pilegrimsferd og korstog. Det som for oss ser ut som to ulike reiser med to ulike mål, korstoga og pilegrimsvandringane, var uttrykk for det same behovet. Ein ville foreta ei reise mot eit mål som betydde noko for det me kan kalla «livsreisa». Å delta i korstog vart i starten kalla pilegrimsreise, ein skulle reisa til Det heilage landet, og der skulle ein fri byen frå dei som hadde tilrana seg Jerusalem.⁶⁴ Ein var ofte inno Roma på vegen til Jerusalem, men Roma kunne også vera målet for ei større pilegrimsreise.

2.3 Organisering i det religiøse landskapet

Ein så stor og vidstrekt organisasjon som det den katolske kyrkja var, hadde sjølvstøtt behov for indre struktur og organisering. Roma og pavestolen var på toppen av eit kyrkjeleg hierarki. I tidleg mellomalder var ein provins i Tyskland med erkebispesete i Hamburg-Bremen den øvste representanten for paven i det norske området. Som ledd i utbygging av organisasjonen i

⁶² Gelting 1999:334

⁶³ Härdelin 2005:19

⁶⁴ Webb 1999:3

den katolske kyrkja, vart ein del av denne provinsen utskilt i ein eigen provins for Norden i 1104 med erkebispesetet i Lund, og endeleg i 1152/53 vart Noreg eigen provins med erkebispesetet i Nidaros. Dermed var den kyrkjelege organiseringa stramma betydeleg inn.⁶⁵

Då den kristne trua kom til landet vårt, endra det religiøse landskapet seg. Dei som budde i landet starta å bygga kyrkjer, i mellomalderen var det omtrent 1200 kyrkjer i det som i dag er Noreg, som alle var del av det same religiøse landskapet. Med så mange kyrkjer vart det sjølvstøtt behov for å bygga opp ei organisering også innanlands, dette behovet såg både lagmennene og kyrkja sjølv. I dette kapitlet vil eg skildra nokre moment ved denne organiseringa.

2.3.1 Fjerdingskyrkja

I Gulatingslag, området på Vestlandet under Gulatingslova, var det vanleg å dela inn dei ulike fylka i fjerdingar og åttungar, med fjerdingsting og åttungsting. Denne organiseringa adopterte den unge kyrkja i Gulatingslag.

I kyrkjeorganisasjonen var det tidleg ei hovudkyrkje i kvart fylke. Dette vart snart for lite, og det vart derfor ei organisering rundt fjerdingskyrkjer med dåps- og gravrett. Det var fire slike i Hordafylket: Vangskyrkja på Voss, Kinsarvik i Hardanger, Hamre i Nordhordland og Skåla i Sunnhordland. Kristenretten for Gulatingslag har også føresegner for åttungkyrkjer, men slike kyrkjer er det få spor av.⁶⁶ Denne organiseringa er eldre enn den kyrkja som vart bygd på Skåla i siste halvdel av 1200-talet, dette kan vera ei styrking av teorien rundt at det var ei eldre trekyrkje på Skåla som vart erstatta av den noverande steinkyrkja.

Ei slik organisert kyrkjebygging var nok for å sikra at alle menneske i Gulatingslag skulle ha tilgang til ei kyrkje innan rimeleg avstand. Men på 1100-1200-talet vart det bygd mange fleire kyrkjer, såkalla høgendeskyrkjer enn berre desse hovudkyrkjene, fjerdingskyrkjene og åttungkyrkjene, så det er ikkje urimeleg å tru at folk var utålmodige etter å få si eiga kyrkje, og ikkje venta på at desse kyrkjene skulle byggast, eller kanskje dei syns at desse kyrkjene var for langt unna. Kanskje dette vitnar om at menneska på Vestlandet tidleg omfamna den nye religiøsiteten? Dermed vart aldri organiseringa med fjerdings- og åttungkyrkjer så gjennomgripande som Gulatingslova skulle tyda på. I utgangspunktet var det berre hovudkyrkjene og fjerdingskyrkjene som hadde dåpsrett, men dette endra seg snart.⁶⁷

⁶⁵ Schumacher 2005a:48

⁶⁶ Helle 2001:203

⁶⁷ Helle 2001:204

Likevel hadde fjerdingskyrkjene ein viss funksjon: Dei var eit knutepunkt innanfor stiftet, både administrativ og som visitaskyrkjer, det var som nemnt hit biskopen kom på visitas. Dessutan ser det ut til at fjerdingskyrkjene var viktige mellomledd mellom sentrum og periferi i stiftet, prestane her hadde spesielle oppgåver knytt til skriftemål og bot, og det var her den kyrkjelege avgifta cathedraticum (avgift frå kyrkjer og kapell til bispestiftet) skulle krevjast inn.⁶⁸

Denne organiseringa med fjerdingskyrkjer var som nemnt fastsett i Gulatingslova. I det neste avsnittet vil eg seia litt meir generelt om Gulatingslova, før eg i avsnittet etterpå seier meir om kristenrettane.

2.3.2 Gulatingslova

Om me tar utgangspunkt i at kyrkja på Skåla vart bygd på siste halvdel av 1200-talet, var dette i ei tid med overgang frå ulike lagdøme som hadde lovgjevande og dømande råderett, og til at den same lova galdt for heile Noreg. I Noreg var det i alle fall fire lagdøme som kvar hadde eigne landskapslover, dette var Borgartinglag, Eidsivatinglag, Frostatinglag og Gulatinglag.⁶⁹ Gulatingslag omfatta store delar av Vestlandet, og var inndelt i Hordafylki, Sygnafylki og Firdafylki.⁷⁰

Fylka i Gulatingslag⁷¹ var organisert i fjerdingar eller fire delar med Gulatinget som det øvste tinget.⁷² Kvar fjerding var ein eigen rettsinstans, og saker som skulle prøvast for tinget skulle først takast opp på fjerdingstinget. Her kjenner me igjen den same inndelinga av fylka som også vart brukt som utgangspunkt for organisering av kyrkja. Rett nok var ikkje fjerdingane heilt samanfallande, men det var stort sett dei same områda. I Hordafylket var det desse fjerdingane: Sunnhordland, Nordhordland, Voss og Hardanger.

Gulatinget kan stamma frå regjeringstida til Harald Hårfagre i overgangen mellom 800- og 900-talet.⁷³ I mellomalderen var det fleire lovbøker for Gulatingslag, den eldre som var gjeldande rett fram til 1267, då vart denne avløyst av den nyare Gulatingslova. Gulatingslova regulerte livet i Vestlandsfylka fram til 1274, då vart ho erstatta av Magnus Lagabøte si Landslov. Men endringane for menneska på Vestlandet vart ikkje så store, då store delar av Gulatingslova vart vidareført i Landslova, mellom anna vart kristenretten frå Gulatingslova

⁶⁸ Tryti 1994; Schumacher 1999:40

⁶⁹ Spørck (red.) 2009:155

⁷⁰ Tryti 1994

⁷¹ lovområdet som vart regulert av Gulatingslova

⁷² Helle 2001:11,76

⁷³ Helle 2001:45

brukt i Landslova. Sjølv om den unge nasjonen Noreg no hadde fått éi felles lov, vart dei framleis omtalt med namnet etter lagdømet, slik at i Gulatingslag vart det framleis sagt «Gulatingslova».⁷⁴

Den eldre Gulatingslova opna med orda: «Det er opphavet til lovene våre at vi skal bøye oss mot aust og be til den heilage Krist om godt år og fred og om det at vi kan halde landet vårt busett og landsherren vår heil. Han vere vår ven, og vi hans, og Gud ven til oss alle».⁷⁵ I desse opningsorda er det tydeleg at me har å gjera med eit samfunn av kristne menn. Dette samfunnet har tre krefter: «vi» som er tingmennene frå dei ulike tingfylka, Kristus og den kristne kyrkja, og den kongelege landsherren. Alt i opningsorda til Gulatingslova finn me altså noko som kan fortelja om det norske samfunnet i mellomalderen, at dette var eit område der menneska og kongen rekna seg som verna av Kristus. Det var særleg kristenretten som skildra forholdet mellom ulike grupper i samfunnet og kyrkja, dette vert tema i neste avsnitt.

2.3.3 Kristenretten

«Det er nå deretter slik at vi skal [gjøre] som den hellige kong Olav og biskop Grimkjell fastsatte på Mostertinget».⁷⁶ Desse og liknande ord finn me fleire gonger i Gulatingslova sin kristenrett. Dei viser til eit sannsynleg førebauande ting på Moster rundt år 1020 etter initiativ frå Olav Haraldson og Grimkjell, biskopen hans. På Mostratinget kom den første kristenretten til.⁷⁷ Dette kan ha vore starten på at dei ulike lagdøma vedtok sin eigen kristenrett. Helle (2001) peikar på at dette vitnar om at det tidleg var viktig å få kyrkja til å fungera, og å gjera det synleg for folket at dei no var kristne.⁷⁸ I alle fall offisielt hadde kristendomen og kyrkja fått fotfeste i landet vårt då kristenrettane kom til, sjølv om det kan ha tatt lenger tid før alle menneska hadde teke kristendomen fullt ut inn i liva sine. Ikkje minst plasseringa av kristenrettane vitnar om at kristendomen og kyrkja tidleg var noko å rekna med i samfunnet: Dei var plassert først i lova, før dei verdslege lovene kom. Slik vart det sjølv når det vart éi gjeldande lov for Noreg, Landslova av 1274, framleis var kristenrettane plassert fremst.

Kristenrettane regulerte både det kristne livet til nordmennene i den første kristne tida, og dei regulerte kyrkjebygging, organisering av kyrkjene i lagdømet, og finansiering av kyrkjene og dei geistlege. Dei eldste delane av kristenrettane stammar frå tida rett etter at kong Olav

⁷⁴ Helle 2001:11

⁷⁵ Helle 2001:7-8

⁷⁶ Spørck (red.) 2009:75

⁷⁷ Spørck (red.) 2009:155; Helle 2001:11

⁷⁸ Helle 2001:179-180

Haraldsson døydde i 1030, medan dei siste er frå slutten av 1200-talet. Desse vart først avløyst i 1607 då den norske kyrkjeordinansen vart stadfest av kong Christian 4.⁷⁹

Det var fleire utgåver av kristenretten, både fordi det var noko ulik kristenrett i dei ulike lovområda, men også fordi det var stadig endring og utvikling i lovene. Når det gjeld Gulatingslova, er det som eg tidlegare har antyda vanleg å skilja mellom den eldre og den nyare: den eldre vart i 1267 avløyst av den nyare, som igjen vart avløyst av Landslova i 1274. Når eg siterer frå kristenretten til Gulatingslova, er sitata henta frå den nyare.

2.3.4 Kanonisk rett

I 1163 vart Magnus Erlingsson, son av Erling Skakke, som den første norske kongen krona og salva som teikn på at han var sett inn i embetet i Guds stad. Gjennom kroningseiden som den unge kongen las opp på latin, og ein tronfølgelov som sannsynlegvis vart vedteken i samband med denne kroninga, var kanonisk rett gjort til grunnlag for den kyrkjelege lovgjevinga i Noreg.⁸⁰ Dette gjorde det endå tydelegare at Noreg var ein del av ei overnasjonal kyrkje, og dermed på mange måtar ein del av Europa.

Canones, dvs. vedtak på kyrkjemøte har gitt namn til den kanoniske retten. Saman med Bibelen sine føresegner, utsegner frå kyrkjefedrane og føresegner frå paven danna kyrkjemøtevedtaka grunnlaget for den kanoniske retten. Ein munk i Bologna, Gratian, gjorde eit stort arbeid då han ein gong rundt år 1140 sette saman dette store kjeldematerialet til det som vart den første delen av den kanoniske retten, *Decretum Gratiani*. I løpet av særleg 1100- og 1200-talet kom det mange lovbod og rettsavgjerder frå paven, dei såkalla dekretalane, som vart den andre delen av den kanoniske retten. Den kanoniske retten er med andre ord ei samling av rettsreglane i den katolske kyrkja.⁸¹

Eit viktig rettsprinsipp i den kanoniske retten var at kyrkja si lov overstyrte den verdslege lova når det var snakk om dei geistlege. I tillegg kravde kyrkja at den kanoniske retten skulle gjelda på område i menneska sine liv som kyrkja rekna som sitt domene, som til dømes ekteskap, arv og testamente. Dette kjenner me igjen i dei nyare norske kristenrettane. Den kanoniske retten vart eit av dei viktigaste instrumenta paven og den kyrkjelege organisasjonen hadde for å styra. Samtidig var det ein viktig reiskap for kyrkja som ho kunne bruka til å forma det europeiske samfunnet, folk sitt levesett og tenkemåte. I Noreg gjorde han seg etter

⁷⁹ Spørck (red.) 2009:7

⁸⁰ Helle 2005:36, 38

⁸¹ Helle 2005:38; KLN 8:221-225; Ingesman 1999:106

kvalt gjeldande i dei norske kristenrettane, men hadde også verka inn på ein del av dei verdslege lovene.⁸² Den kanoniske retten fekk dermed stor innflytelse på vanlege folk sine liv.

Her ser me eit døme på at den unge nasjonen og kyrkja i denne utvikla seg som to parallelle prosessar. Tidlegare i historieforsking var det vanleg å sjå på kyrkja og kongemakta som to motståande institusjonar i det norske mellomaldersamfunnet, men frå starten av 1900-talet vart det stadig vanlegare å sjå på desse to som naturlege samarbeidspartnarar i mellomalderen.⁸³ Kongemakta var i starten sterk, kongen var innsett av Gud, og hadde makta si frå han. Denne koplinga mellom kongemakta og kyrkja er svært synleg i samband med kroning og salving av kong Magnus Erlingsson i 1163. Seinare vart kyrkja meir oppteken av at ho villa ha styringa sjølv, og me hadde kanskje den første stat-kyrkje-debatten? Eitt synleg teikn på dette er den kanoniske retten.

I dette kapitlet har eg sett kyrkja på Skåla inn i ein litt større samanheng. Me har sett på korleis det geografiske og samfunnsmessige landskapet var rundt ho, og det religiøse landskapet. Så har eg skildra nokre sider av organiseringa av kyrkja her i landet, og sett litt på den kanoniske retten og kva slags verknad denne hadde på norske forhold. Før me kan gå nærmare over på skildring og tolking av dei ulike spora frå mellomalderen i KK, må me vita litt om kva som var innhald og fokus i den kristne trua i mellomalderen, kva kunnskap som låg bakom «lesinga» av kyrkja. Dette vert tema i det neste kapitlet.

⁸² Ingesman 1999:106; KLN 8:224

⁸³ Bagge 2005:202-203

3 Kristendomen i mellomalderen

3.1 «Age of faith»

Kristendomen var det religiøse bakteppet gjennom heile mellomalderen. I Europa vart etter kvart alle landa kristne, og var ein del av den same katolske kyrkja. Omgrepet «age of faith» har vore brukt for å prøva å skildra det karakteristiske med mellomalderen.⁸⁴ Livet var på mange måtar gjennomsyra av den kristne trua, i tillegg var det svært mange synlege teikn på dette i omverda. Kyrkjene og katedralane var monumentale bygg som kunne dominera eit landskap eller eit bybilde. Det mesta av det som vart skriva, var anten til bruk innanfor kyrkja, eller det var i stor grad prega av kristendomen. Korstoga og pilegrimsvandringane var vanlege måtar å reisa på. Presteskapet og Den katolske kyrkja var ein viktig maktfaktor, både i økonomi, politikk, filosofi osv. Den katolske kyrkja var på mange måtar homogen; overalt var det dei same heilage skriftene, gudstenesta var for det meste lik over alt, mange av prestane og andre geistlege vart utdanna ved kloster- og katedralskular utanlands, det var stort sett lik organisering innanfor Kyrkja, og den kanoniske retten var grunnlaget for lover og reglar overalt. Samtidig var det eit visst rom for å tilpassa etter lokale forhold.⁸⁵ Og det var indre uro i Kyrkja. Til tider var det meir enn ein pave, og det var mange innanfor Kyrkja som såg at ikkje alt var like bra, og som ivra for reform.

Dette kristne Europa og den katolske kyrkja var Noreg og Kvinnherad ein del av. Kanskje det at det i og rundt Skåla var i alle fall tre kyrkjer var fordi kristendomen stod nokså sterkt her? Dette er sjølvsagt berre ein spekulasjon, men gjennom desse kyrkjene vart kristendomen svært synleg i landskapet, uansett kva grunn byggherrane av dei to private kyrkjene hadde for å reisa desse.

I dette kapitlet vil eg skildra nokre karakteristiske sider ved den kristne religionen i mellomalderen. Eg har ikkje som mål å gje ei full oversikt over kristendomen i mellomalderen, men vil ta for meg nokre utvalde delar som kan fortelja om ulike sider ved kristendomen som det grunnleggjande for menneska sine liv. Igjen er det viktig å hugsa at kjeldene først og fremst er normative, og ikkje kan fortelja kva som budde i tankar og følelsar hos menneska som levde i denne tida. Mykje av det som her vert skildra, er idégrunnlaget som kom frå teologane (og filosofane), og me kan undra oss over kor mykje av dette som vanlege menneske i til dømes Kvinnherad oppfatta. Det var stor avstand frå teologane og til vanlege menneske. Men mellom teologane og vanlege menneske finn me likevel ein grunn til

⁸⁴ Pelikan 1978:3

⁸⁵ Härdelin 2005:19-20

at menneska kan ha forstått. Her finn me for det første prestane som formidla den kristne trua, og for det andre den kristne praksisen, uttrykt i preiker, liturgiforklaringar og liknande. Ikkje minst veit me at kyrkja var oppteken av å formidla slik at folk forstod, mellom anna fordi kristendomen på 1200-talet brukte det norrøne språket. Preikene var på norrønt, og det fans ei oversetning av i alle fall delar av Bibelen på norrønt, *Stjórn*. I kapittel fem vil eg koma tilbake til formidling om den kristne trua i mellomalderen. Danbolt (1986) diskuterer problemstillinga med kor mykje menneska forstod, og hevdar at sjølv om mellomaldermenneska ikkje var i stand til å setja ord på kunnskapen sin (mykje som kyrkjegjengarar i dag), betyr ikkje det at dei var uvitande.⁸⁶ Dei har vore i stand til å «lesa» til dømes motiva på alterfrontalane på same måten som me kan «lesa» innhald i eit avisbilde frå ikkje all for fjern fortid: Eit menneske som møter fire tankvogner. Ut frå desse seks orda vil mange menneske i dag forstå kva for eit bilde dette er, og kva det handlar om: Oppstanden på Den himmelske freds plass i 1989.

Eit anna problem me har, er at menneska i mellomalderen hadde eit heilt anna syn på verda og tilværet enn me har, og har dessutan ikkje alltid lagt same innhald i ord og omgrep som me gjer. Eg vil likevel hevda at me kan koma eit stykke på veg når det gjeld å få kunnskap om den kristne trua i mellomalderen. I dette kapitlet er det målet å skildra ein slik stykkevis kunnskap. Dette er ikkje meint som ei fullstendig skildring av kristendomen og den kristne trua i mellomalderen, men eit utval som vil gje grunnlag for resten av oppgåva.

3.2 Gud: Skapar og opphav for frelseshistoria

Utgangspunktet for den kristne trua var trua på Gud. Kva Gud var kunne ikkje uttrykkast i ord eller omtalast, i så fall ville ein ha avgrensa Gud. Gud var det eigentlege og absolutte verande, han som hadde svara «Eg Er» då Moses hadde spurt kven han var.⁸⁷ Gud var kjelda til alt verande, det skapte, og det var stor avstand, ei kløft mellom det skapte og Skaparen. Sentrum i universet var ei stasjonær jord som dei andre himmellekamane svirra rundt. Her hadde også menneska sin plass. Dette var ei verdsordning som alle tok for gitt, og dei færreste stilte spørsmål ved dette. Alt som skjedde i verda, var teikn frå Gud. Desse teikna måtte tolkast i lys av Bibelen. Inn i denne verda var menneskeslekta plassert. Ved å tru på Gud og gjennom dåpen var mennesket kriste, og dermed innlemma i frelseshistoria, dette store prosjektet som alle menneske var ein del av.⁸⁸ Denne historia var formidla gjennom Bibelen, og er ei

⁸⁶ Danbolt 1986:40

⁸⁷ 2 Mos 3,14; Laursen 2010:106

⁸⁸ Härdelin 2005:249; Høiris 2010:49

samanhengande historie frå skapinga av verda til dommedag. Ho startar med at Gud skapar verda, og fremst i skaparverket står menneska. Men menneska ó Adam og Eva ó klarar ikkje å følgja reglane dei har fått frå Gud, dei syndar og vert som eit resultat av dette vist ut av hagen. Dermed er mennesket skuldig og skilt frå Gud. Gud sender Sonen sin til verda for å frelsa verda. Sonen vert fødd av eit menneske, og er derfor både sann Gud og sant menneske. Sonen ó Jesus ó tar på seg menneskeslekta si skuld ved å døy på krossen, og utbetrar dermed forholdet mellom Gud og menneskeslekta. Etter at Jesus har vore i dødsriket står han opp den tredje dagen, og tek så plass på høgre sida til Gud i himmelen. Jesus skal ein gong koma tilbake til verda for å reisa opp menneska til eit evig liv.

I kyrkja i mellomalderen var denne historia svært aktuell, ho var heilt grunnleggjande for kyrkja, men også noko som skjedde i tid og rom. Historia var ikkje avslutta, menneska levde midt i ho. I denne historia var det to brennpunkt. Det første var at Gud kom til jorda som menneske, inkarnasjonen, det andre hendingane i påska der Jesus døydde, vart gravlagt og stod opp igjen for å frelsa verda.⁸⁹ Utan desse brennpunkta hadde det ikkje vore ei kyrkje. Gjennom inkarnasjonen hadde Gud vorte menneske. Guds Son, Ordet, hadde kledd seg i kjøt for å kunna ta på seg alle andre menneske si synd og skuld. Slik vart vegen mellom Gud og menneskeslekta opna, og kontakten mellom den synlege og den usynlege verda vart dermed oppretta.

Menneska i mellomalderen såg på seg sjølve som deltakarar i denne historia, som ikkje var ei avslutta historie, men som hadde eit endeleg mål i sikte. Som kristen vart ein dratt inn i denne historia, den store historia vart det enkelte kristne mennesket si historie.⁹⁰ Dermed var den store historia ei ramme rundt den vesle historia: menneska sine eigne liv. Dei heilage personane som hadde levd i denne historia tidlegare, var ikkje borte. Dei budde no i den usynlege verda. Som kristen kunne ein stola på desse heilage, dei var vener og vernarar av menneska i den synlege verda. Ein kunne be til dei om forbøn, ein kunne be og lovsynga saman med dei, og når ein feira messe, gjorde ein det saman med dei. Slik kunne menneska få hjelp i denne verda, men også etter døden hadde menneska eit håp. Livet etter døden var det endelege målet med livet, på mange måtar starta livet først etter døden (og skjærselden). Håpet om eit kortast mulig tilhald i skjærselden gjorde sitt til at sjelemessene vart svært populære etter kvart.⁹¹ Menneska var heile livet på reise fram mot det himmelske paradiset.

⁸⁹ Härdelin 2005:267

⁹⁰ Härdelin 2005:182

⁹¹ Källström 2011:216

3.3 Verdsbildet

Den verda som menneska var fødd inn i og levde i, var berre den eine delen av eit tosidig verdsbilde: Det fans ei usynleg verd som var større, viktigare, og også meir verkeleg enn den synlege verda.⁹² Den usynlege verda var også den åndelege verda, og der budde dei heilage. Eit bilde som Härdelin (2005) brukar, er at den synlege verda var ei overflate utanpå denne usynlege verda, men i overflata var det vindaugo som gjorde at ein kunne få glimt inn i den usynlege verda.⁹³ Alt som fans i den synlege verda var ei spegling av noko i den usynlege verda. Som mellomalderforfattaren Johannes Scottus Eriugena sa det på 800-talet: «Det finns inget synligt och kroppsligt, som inte betecknar något osynligt».⁹⁴ Dette er eit verdsbilde som me kjenner igjen frå Platons idélære, kyrkjefaderen Augustin som var nyplatonikar hadde sett namna *signum* og *res* på dette: teikn på tingen (i den synlege verda) og tingen sjølv (i den usynlege, åndelege verda). I kyrkja var det heilage nært gjennom teikn, ord og handlingar. Sakramenta vart ofte kalla *signum*, og peika altså på *res* i den verkelege, åndelege, usynlege verda. Teiknet er sakramentet som vert feira, det verkelege er den usynlege gåva under overflata som teikna jo er.⁹⁵

Til tross for ein tanke om synleg og usynleg, var det heilskap over livet. Den synlege og usynlege verda var berre to ulike delar av den same verda. Det heilskapelege fekk også uttrykk i menneska sine liv, det var heilheit mellom livet og trua.⁹⁶ Det ville mest sannsynleg ikkje gje meining for mellomaldermenneska å dela inn livet i «kriste» og «verdsleg», dette var samanvevde delar av det same livet. Igjen kan me bruka det engelske uttrykket «age of faith»: livet var eit liv i tru på Gud.

Den same heilskapelege tankegangen finn me også igjen når det gjeld kyrkja: Den same kyrkja fins både på jorda mellom menneska og i himmelen mellom dei som kan skoda Gud. Det er den same kyrkja i alle land til alle tider i himmel og på jord. Dødelege og heilage var altså del av det same fellesskapet av truande menneske.⁹⁷

Eit anna karakteristisk trekk i samband med dette er den kollektive tankegangen i kyrkja. Me kan på mange måtar seia at kristendomen i mellomalderen var «meir kollektiv» enn i alle fall den lutherske kristendomen i Noreg er. I dette ligg det til dømes at bønene som munkane og

⁹² Kragh 2010:44

⁹³ Härdelin 2005:10

⁹⁴ Härdelin 2005:274

⁹⁵ Härdelin 2005:172,448

⁹⁶ Härdelin 2005:29

⁹⁷ Härdelin 2005:436; 1998:161; Ingesmann 1999:9

nonnene bad i klosteret var til nytte også for folk utanfor klosteret. Dei som levde i klosteret og dei som levde utanfor var eitt og same folket, og i dette folket var det som me i moderne tid vil kalla solidaritet: Munkane og nonnene levde ikkje det religiøse livet ó *vita religiosa* ó berre for seg sjølv, men også for menneska utanfor klosteret. Eit anna utslag på den kollektive tankegangen var forbøn, forbøn av ein fattig eller ein helgen var ekstra vektige.⁹⁸ Endå eit anna døme er utviklinga av sjelemesser: Ein kunne be for dei som var i døde for å avkorta og letta tida i skjærselden.

3.4 Ortopraksi

Den kristne trua i mellomalderen la stor vekt på handlingane. Trua kunne uttrykkast som handlingar eller dygder. Det var ein kristendom der både *ortopraksi* (rett praksis) og *ortodoksi* (rett lære) var viktig. Ortodoksi og ortopraksi kan finnast side om side i fleire religionar, i kristendomen i mellomalderen gav dette seg utslag til dømes innanfor klostera: Grupper som har skapt ein ortopraksis for seg sjølv. Også korleis ein skulle te seg under messa, er eit uttrykk for dette. I Arne Vade sitt hyrdebrev finn me dette utførleg skildra. Fleire gonger skal dei falla på kne, slå seg for brystet, krossa seg. Kanskje dette var måtar å understreka det ein trudde på, så og seia leva ut trua? Eit anna døme på denne vektlegginga av handlingane er at det å vera til stade under messa og delta aktivt i denne, var ein fullgod måte å be på.⁹⁹

3.5 Tolking

Teikna i den synlege verda vart tolka i lys av Bibelen. I mellomalderen vart Bibelen tolka på ein måte som for mange i dag er ganske framand. Bibelen vart først og fremst lese som prov på at Gud har ein frelsesplan for menneska, denne frelsesplanen som strekker seg heilt frå syndefallet og til domen, og som krinsar rundt Kristus.¹⁰⁰

3.5.1 Typologisk og allegorisk tolking

Bibelen vart alt tidleg tolka typologisk, det vil seia at ein såg samanheng mellom den gamle og den nye pakta. Hendingar i Det gamle testamentet kunne vera bilde ó *typos* ó på det som skulle skje i Det nye testamentet. Dette bildet kunne vera anten forbilde eller motbilde for hendingane i Det nye testamentet. Typisk for den typologiske tolkinga var at det handla om hendingar i historia.¹⁰¹ Dette fins det eksempel på alt i Det nye testamentet når Paulus

⁹⁸ Schumacher 2005b:155-156; Bisgaard 1999:127

⁹⁹ Pelikan 1978:4; Schumacher 2006:154; Jørgensen, Montgomery og Schumacher (red.) 1995:216-218; Schumacher 2005b:129

¹⁰⁰ Høiris 2010:49; Härdelin 2005:271

¹⁰¹ Härdelin 2005:290-291

samanliknar Adam og Jesus i Rom 5: «Adam står her som eit bilete på han som skulle koma». ¹⁰²

Ein annan måte å tolka Bibelen på var den allegoriske eller biletlege, dette var vanleg alt på Origenes si tid (ca. 185-ca. 254). På 400-talet hadde den allegoriske måten å tolka på utvikla seg til eit firedobbelt skjema, *sensus quadruplex Scripturæ*. ¹⁰³ Ein såg fleire lag eller dimensjonar av meining i bibelteksten. Den historiske eller bokstavlege meininga, *sensus historicus* eller *sensus litteralis* var den iaugefallande meininga med teksten, historia i Bibelen som fortalte om det som hadde skjedd ein gong i fortida. Jerusalem etter den historiske og bokstavlege meininga var den heilt konkrete byen Jerusalem i Judea. Dei tre andre meiningslaga eller dimensjonane vart til saman kalla *sensus spiritualis*, den spirituelle eller åndelege meininga med teksten. Det første av desse vart kalla *sensus allegoria*, meininga i teksten når teksten vart tolka om kyrkja og/eller sakramenta. I eksempelet med Jerusalem vil det som er sagt om byen i teksten i dette meiningslaget handla om kyrkja, Jerusalem vert altså synonymt med kyrkja. Det neste meiningslaget var den moralske meininga, *sensus tropologia*, og det som vart sagt om eller til Jerusalem i eksempelet vårt, var ei moralsk opplæring til kyrkja eller enkeltmenneska. Det siste meiningslaget handla om frelsa, den eskatologiske meininga, *sensus anagogicus*. Eksempelbyen vert då den himmelske byen Jerusalem. Eit anna fint eksempel på den firfaldige måten å tolka på, stammar frå dansken Åge på 1200-talet: ¹⁰⁴

Bogstavet lærer, hvad der er sket, allegorien det, du skal tro, de moralske betydning hvad du skal gøre, og anagogien hvad du skal håbe

Eit viktig poeng å vera klar over når det gjeld den firfaldige lesemåten, er at det *ikkje* er fire *alternative* måtar å lesa eller tolka på, men fleire meiningslag eller dimensjonar av den same røynda, som samtidig var der i den same teksten eller det same bildet. ¹⁰⁵

Dette tolkingsskjemaet vart ikkje berre brukt på Bibelen, men på alt som skulle formidla frelseshistoria og mysteria i denne. Heile tilværet til menneska kunne tolkast som del av Guds frelsesplan, der menneska var ein del av den lange frelseshistoria. Frelshistoria var ofte fortalt med fleire meiningslag, både den bokstavlege meininga og djupare dimensjonar. Mykje på den same måten kunne ein tolka verda ein levde i og historia som teikn som peika på den usynlege, åndelege verda. ¹⁰⁶

¹⁰² Rom 5,14; Hvalvik 2006:70

¹⁰³ KLN 1:84-85; Hårdelin 2005:289

¹⁰⁴ *Augustinus de Dacia*, referert hos Bruun og Istoft 2004:11

¹⁰⁵ Hårdelin 2005:299

¹⁰⁶ Hårdelin 2005:268,273,289

3.6 Synet på tilværet

Å tru på Gud som skapar og Kristus som frelsar for verda, var ein heilt naturleg del av meiningsuniverset i mellomalderen. Dette prega synet som menneska hadde på tilværet sitt. Som tidlegare nemnt ville det vore meiningslaust for menneska i mellomalderen å dela inn verda og tilværet i «det kristne» og «det verdslege», slik som me har for vane å gjera. Slike kategoriar er av nyare dato.¹⁰⁷ Som me har sett såg menneska i mellomalderen ein heilskap i verda og tilværet, dei tenkte heilskapleg om tilværet sitt. Dette kjem særleg til uttrykk gjennom mentaliteten deira, verdsbildet dei hadde, og livsformene dei levde i. Ingesman (1999) seier at «[n]år de fleste forskere trods alt vil holde fast ved middelalderen som epokebetegnelse, skyldes det, at der er forhold i mentalitet, verdensbillede og livsformer, som kan siges at være spesielle for middelalderen.»¹⁰⁸ Gjennom heile mellomalderen kan ein sjå fellesstrekk i mentaliteten, verdsbildet og livsformene til menneska. Som tidlegare nemnt har det omtrent dei siste 40 åra vore forska nett på mentalitetshistorie, og me hugsar at mentalitet i denne samanhengen handlar om felles tankegods, ei kollektiv tankeverd. I mellomalderen hadde mentaliteten eit særleg religiøst preg som verka inn på ulike sider ved livet. Menneska sine handlingar var styrt av verdinormer og følelsar som frykt for fortapinga og skjærselden, og håpet om frelse, i nesten like stor grad som dei var styrt av primære behov for mat og klede. Verdsbildet var som me har sett også prega av den kristne trua. Utgangspunktet var at Gud ein gong for alle hadde openberra sanninga i Bibelen. Denne sanninga vart oppfatta som gitt ein gong for alle, og vart ikkje diskutert. I dette verdsbildet var livsformene til menneska bestemt av Gud, menneska hadde sin plass i samfunnet. Både enkeltmenneska og samfunnsgruppene hadde sine bestemte funksjonar innanfor heilskapen. Ein viss sosial mobilitet var nok mulig, men for det meste var samfunnshierarkiet bestemt på førehand.¹⁰⁹

I dette kapitlet har eg skildra ulike sider ved kristendomen som er ein del av heilskapsbildet som den kristne trua var hos mellomaldermenneska. Eg vil igjen peika på at dette er eit utval, først og fremst sider som er viktig å vita noko om før det neste kapitlet, der me skal gå meir detaljert gjennom Kvinnherad kyrkje, sjå på kva spor som fins frå mellomalderen i kyrkja og ut frå endringar som me veit har vore gjort i henne. Tråden frå dette kapitlet om kristendomen i mellomalderen vil eg ta opp igjen i kapittel fem, der vil eg sjå på kva som vart formidla i og gjennom kyrkja til kyrkjegjengarane. Men først til kapittel fire som skildrar spora frå mellomalderen ved Kvinnherad kyrkje.

¹⁰⁷ Härdelin 2005:153

¹⁰⁸ Ingesman 1999:8

¹⁰⁹ Bagge 2005:14,149; Ingesman 1999:9

4 Kvinnherad kyrkje i mellomalderen

4.1 Kyrkjebygget ó arkitektur

I det førre kapitlet har det handla mest om nokre overordna moment ved kristendomen i mellomalderen. No rettar me fokus på Kvinnherad kyrkje igjen. Her vil det som fins av spor frå mellomalderen i størst mulig grad bli identifisert, og me vil sjå på korleis me kan tenkja oss at kvinnheringane i mellomalderen «las» desse. Frå førre kapittel hugsar me at med vår bakgrunn kan ikkje me setja oss fullt og heilt inn i dette, men likevel prøver me no å koma eit stykke på veg i korleis ei kyrkje i ei landsbygd stod fram for menneska rundt henne, og kva ho betydde for dei same menneska.

Kyrkja på Skåla var ei av dei høgaste soknekyrkjene frå mellomalderen. Ho ligg høgt og fritt med utsyn over store delar av Kvinnherad. For bygdefolket i mellomalderen må ho ha sett ut som ein katedral, særleg samanlikna med meir fattigslege hus rundt om på gardane, kyrkja var stor, høgrest og mest sannsynleg rikt utstyrt.¹¹⁰ På mange måtar kan me kalla kyrkjene våre for monumentalbygg, dei var store og ofte høgreste bygg, som var godt synlege i landskapet. I høg mellomalderen brukte kongen og kyrkja store ressursar på monumentalbygging, og med Helle (1995) kan me seia: «Det sier noe vesentlig om høymiddelalderssamfunnet at det var kirke og kongemakt som stod for det som fantes av norsk monumentalbygging».¹¹¹ Det stemmer nok som Helle (1995) også seier at dette skulle demonstrera at byggherrane var høgt på strå.¹¹² I første halvdel av 1200-talet har både kyrkje og kongemakt vorte fast etablerte med ein organisasjon og eit økonomisk grunnlag som gjer det mulig å bygga monumentalbygg. Byggherrane kan i tillegg ha hatt eit ynskje om å investera i den komande verda, og har derfor bygd kyrkjer til Guds og hans heilage si ære. Det høgreste ved kyrkja kan vera eit utslag av den gotiske stilen som kom for fullt omtrent samtidig som kyrkja vart bygd. Eit kjenneteikn ved gotikken er nettopp det høgreste preget. Ein hadde lært nye teknikkar som gjorde at bygga kunne strekka seg høgt mot himmelen og det guddommelege.¹¹³

4.1.1 Eit monumentalbygg

Å sjå til på utsida er Kvinnherad kyrkje omtrent som då ho var nybygd. Me veit at det er gjort nokre endringar, dei viktigaste av desse vil eg skildra i kapittel sju. Her vil eg nemna dei mest synlege endringane sett frå utsida, eit gravkapell som vart bygd for baronen og familien hans i barontida, og eit sakristi som kom til i 1913. Desse er plassert ved sida av kvarandre på

¹¹⁰ Ekroll, Stige og Havran 2000:140; Skaala 2004:19

¹¹¹ Helle 1995:174-175

¹¹² Helle 1995:174

¹¹³ Ekroll 1997:42; Härdelin 1998:165

nordsida av kyrkja. Men stort sett står kyrkja i dag som ho gjorde i mellomalderen. Jamvel alle gotiske portalar og vindaugo er bevart, dette er elles svært sjeldan. Kyrkja er mura opp av gråstein som seinare er kvitkalka. På eit foto frå 1909 kan me skimta steinar av ulike størrelse gjennom falma kalklag. Som på mange andre steinkyrkjer frå mellomalderen i Noreg, er den nærast særnorske klebersteinen brukt som innfatning på vindaugo, dører og portalar.¹¹⁴

Forma på kyrkja er som så mange andre kyrkjer i stein frå mellomalderen i Noreg. Skipet i vest og koret i aust er begge rektangulære, koret har rett avslutning mot aust. I vest er det ein tårnfot som er mest heilt kvadratisk, denne fungerer også som våpenhus.¹¹⁵ At koret er plassert i aust og inngangspartiet i vest, er ikkje tilfeldig. Eg kjem tilbake til denne tydelege retninga i kyrkja seinare i oppgåva.

Alt utvendig kan me i følgje Skaala (2004) kanskje ana at kyrkja fortalde mellomaldermenneska noko om kven dei trudde på. Det er kanskje ikkje tilfeldig at dei utvendige måla på koret er 33 x 30 fot, sidan Jesus etter tradisjonen var 30 år då han stod fram, og 33 år då han vart krossfest.¹¹⁶ I mål som er vanlegare å bruka i dag, er koret 9,2 meter langt og 7,4 meter breitt etter innvendige mål. Sjølv skipet er omtrent 16,7 meter langt og 10 meter breitt innvendig, og tårnfoten omtrent 4,6 meter både i lengd og breidd. Totalt er kyrkja omtrent 36 meter lang. Noko anna som me finn på utsida av kyrkja, er to krossar som kan vera vigslingskrossar, desse vil eg koma tilbake til om litt.¹¹⁷

Sjølv om kyrkja har ein tårnfot, er det ikkje sikkert om ho nokon gong har hatt tårn. Rett nok fins det i Baroniet Rosendal eit maleri av Niels Herzberg, der kyrkja er mala med tårn. Niels Herzberg var sokneprest i Kvinnherad kyrkje frå 1786-1804, og *kan* ha mala kyrkja slik ho var i hans tid. Det er også merke i muren på tårnfoten som kan tyda på at det har vore tårn på kyrkja. No ligg tårnfoten under same tak og møne som skipet.¹¹⁸ Kanskje er tårnfoten eit taust vitne om at det ein gong var tenkt at det skulle byggast eit høgare tårn, som det aldri vart noko av. I så fall er bildet av Herzberg eit uttrykk for eit ynskje han sikkert har delt med andre.

I ei norsk preikesamling som er bevart frå mellomalderen, *Gamalnorsk homilieboek*, fins det særleg ei preike som er aktuell i denne samanhengen: *Stavkyrkjepreika*. Den eldste versjonen av denne preika som me kjenner til, stammar frå rundt 1150.¹¹⁹ Forfattaren av

¹¹⁴ Lidén og Hoff 2011:2,9; Ekroll, Stige og Havran 2000:140; Skaala 2004:17; Ekroll 1997: 63,257

¹¹⁵ Ekroll, Stige og Havran 2000:140; Lidén og Hoff 2011:2

¹¹⁶ Skaala 2004:136

¹¹⁷ Lidén og Hoff 2011:2,10; Vaage 1972:166

¹¹⁸ Skaala 2004:118; Lidén og Hoff 2011:3; Ekroll 1997:257; Ekroll, Stige og Havran 2000:140

¹¹⁹ Jensenius 2001

Stavkyrkjepreika tar i preika utgangspunkt i ei stavkyrkje, og tolkar alle bygningsdelar for kyrkjelyden. Dette gjev oss eit godt bilde på korleis ein såg konkretar i den synlege verda som teikn på den usynlege verda. Kyrkjelyden i mellomalderen hadde eit heilt anna utgangspunkt for å følgja tankegangen hans enn me har, sidan dei var vane med å lesa den synlege verda som teikn på den usynlege og åndelege verda. I *Homilieboka* er *Stavkyrkjepreika* kalla *in dedicatione templi.sermo*, noko som viser til når ho var tenkt å skulla brukast: Under årsfesten for vigsling av kyrkja.¹²⁰ Eg vil seinare koma tilbake til *Stavkyrkjepreika* og gå nærmare inn på innhaldet i denne, og vigsling av kyrkja og årsfesten. No er rett nok *Stavkyrkjepreika* retta mot stavkyrkjer, men ho går inn i ein tradisjon av liknande preiker, frå utlandet kjenner me til tilsvarande «steinkyrkjepreiker».

I dette kapitlet er det interessant å sjå på om *Stavkyrkjepreika* kan fortelja oss noko om arkitektur og kyrkjebygging. Fagfolk diskuterer om kyrkja i *Stavkyrkjepreika* kan vera ei idealkyrkje som er skildra, men dette er i følge Jensenius (2001) lite sannsynleg sidan dei ulike byggelementa vert brukt som teikn på den usynlege verda.¹²¹ Han seier vidare at dei ulike bygningselementa som er omtalt var kjent i samtida, og vart sett saman i *Stavkyrkjepreika* til eit fiktivt kyrkjebygg til støtte for minnet. Dette var ein vanleg måte å skriva talar på heilt frå antikken. Ein tok utgangspunkt i ein gjenstand og skildra han steg for steg, samtidig som ein knytte ei djupare mening til kvart steg.¹²² «Forfatteren har brukt en modell som kunne tilpasses for å brukes ved kirkedagsfeiringer både i stavkirker, torvkirker og eldre stolpekirker i Norge og i Island».¹²³ Likevel kan nok tilhøyrarane ha sett for seg at det er deira eiga kyrkje som er brukt som utgangspunkt i *Stavkyrkjepreika*.

4.1.2 Tidfesting: Når vart Kvinnherad kyrkje bygd?

Kvinnherad kyrkje vart feira som 700-åring i 1955, og i tråd med denne tradisjonen valde ein å feira 750-årsjubileum for kyrkja i 2005.¹²⁴ Nøyaktig kva år ein starta eller vart ferdig å bygga kyrkja, har me ikkje opplysningar om. Det einaste me kan seia nokså sikkert, er at ho er bygd i siste halvdel av 1200-talet, og at det tok fleire tiår å bygga ho. Den første gongen me kjenner til at kyrkja er nemnt, er i 1306, så då var ho i alle fall ein realitet.¹²⁵

Korleis kan me tidfesta ei kyrkje når det ikkje fins kjelder som fortel oss når ho er planlagt, starta på eller ferdigstilt? Me har heldigvis ei kjelde i sjølve kyrkjebygget og arkitekturen.

¹²⁰ Jensenius 2001; Schumacher 2006:153

¹²¹ Jensenius 2001

¹²² Gunnes 1971:12

¹²³ Jensenius 2001

¹²⁴ Skaala 2004:17

¹²⁵ Skaala 2004:17,26

Dette kan gje nokre haldepunkt som kan fortelja oss litt meir enn dei manglande skriftlege kjeldene. Eit slikt haldepunkt er at det er fleire trekk i kyrkja som viser nær samanheng med den såkalla *bergensgotikken*. Etter ein stor bybrann i Bergen i 1248 vart det mykje nybygging i byen. Dette saman med eit storstilt byggjearbeid på Holmen i Bergen¹²⁶ i Håkon 4. Håkonsson si tid, førte til denne eigne byggestilen: *bergensgotikken*. Denne pregar fleire av steinkyrkjene i Hordaland, mellom anna Bergen domkirke, Ullensvang kyrkje, Fana kyrkje og også Skåla kyrkje, også Håkonshallen i Bergen frå 1250-åra viser samanheng med *bergensgotikken*.¹²⁷ Ut frå dette kan det henda at det ikkje vart starta bygging av Skåla kyrkje før 1250.

Rundt dei store kyrkjene i byane vart det etablert byggelag: *bygghytter*. Dette er namnet både på verkstaden der handverket vart utført ved ein katedral. Også organisasjonen av dei som utførte arbeid ved nybygg eller restaurering vart kalla ei bygghytte. Ei slik bygghytte var grunnlagt i Bergen alt på slutten av 1000-talet, og kanskje har nokre av arbeidarane herfrå tatt turen til Skåla og kyrkjebygging der. I og med at denne kyrkja har tydelege trekk av *bergensgotikken*, er ikkje dette usannsynleg.¹²⁸

I siste halvdel av 1200-talet ser me ein overgang frå romansk til gotisk stil på kyrkjene i Noreg. Kanskje viser dette igjen i Kvinnherad kyrkje, det er fleire trekk ved ho som viser samsvar med *bergensgotikken*. Samtidig kan dei tunge, bastante murane og den rundboga koropninga vera teikn på at ho kan vera planlagt bygd i romansk stil. Kanskje har ein undervegs i byggeprosessen tatt til seg den nye stilen, slik at det er gotikken som pregar opningane i muren.

Ut frå desse opplysningane som eg her har gjort greie for, kan me kanskje trekka ein konklusjon. Kyrkja er mest sannsynleg bygd mellom 1250 og 1306, då ho for første gongen er nemnt i dei kjeldene me kjenner til. Kyrkja kan sjølvstundt ha vore planlagt eller til og med starta på tidlegare enn 1250, så kanskje Skaala (2004) har rett når han hevdar at sjølv om 2005 nok var tidleg å feira kyrkja sitt 750-årsjubileum, så er det sannsynleg «at kyrkja var under oppføring kring 1250».¹²⁹

¹²⁶ Holmen nord for Vågen i Bergen fungerte som gjennom store delar av mellomalderen som maktsenter både for kyrkja og kongedømet med bispegard og kongsgard. Tryti 1994

¹²⁷ Ekroll 1997:50,90,257; Ekroll, Stige og Havran 2000:140

¹²⁸ Ekroll, Stige og Havran 2000:43,271; Ekroll 1997:252

¹²⁹ Skaala 2004:17

4.1.3 1200-talet som kyrkjebyggingsperiode

I den første kristne tida i Noreg vart det sett opp mange små og enkle gudshus, der folket kunne praktisera den kristne religionen. Kanskje tok folk sjølve initiativ til desse fordi dei kjende behov for eit gudshus, og meinte at dei hadde rett til å setja opp dette sjølve. I første halvdel av 1100-talet innførte kong Sigurd Jorsalfar (1103-1130) og biskopen i Nidaros tiend, som gjorde at ein kunne bygga nye kyrkjer. På midten av 1100-talet vert gudshusa trekt inn under biskopen sitt ansvarsområde, biskopen skulle «rå for kirkene». Dermed vart det også biskopen sitt ansvar å ha overoppsyn med kyrkjebygging.¹³⁰ Dette ser me mellom anna i kristenrettane. Men i kor stor grad biskopen tok initiativ til kyrkjebygging, er ikkje kjent.

Uansett kven som tok initiativ til å bygga kyrkjer i Noreg, vart det bygd omtrent 1500 kyrkjer her i landet i løpet av mellomalderen. Dei fleste av desse var trekyrkjer, stavkyrkjer, men det vart også bygd steinkyrkjer. Dei fleste steinbygga som vart reist i mellomalderen, var kyrkjer, me kjenner til noko over 300 steinkyrkjer frå mellomalderen innanfor det som no er Noreg. 1100- og 1200-talet vart den store kyrkjebyggingsperioden i landet vårt, både arkitekturen og kyrjekunsten blømte i desse hundreåra. Mange steinbygningar vart reist, dei fleste av desse var kyrkjer. Denne blømingstida tok slutt omtrent med svartedauden som ramma landet vårt i 1349.¹³¹

Kvifor var dette ein stor kyrkjebyggingsperiode i Noreg? Det kan vera fleire grunnar til dette. Med innføring av tienda vart det økonomiske grunnlaget for kyrkja stabilt. Frå rundt 1240 var det endeleg slutt på borgarkrig og open strid om kongemakta i Noreg, slik at samfunnsforholda nok vart rolegare, og ressursane kunne fordelast annleis. I siste halvdel av 1200-talet var både konge- og kyrkjemakt såpass etablert at dei begge hadde høve til å bygga. Det vart dermed gode vilkår for kyrkjebygging.¹³²

Heile den sentrale delen av Vestlandet med Bergen som sentrum opplevde blømingstid på 1200-talet, Bergen var den viktigaste by i landet og hovudstad. Det er derfor ikkje så usannsynleg at dette også medverka til at det vart bygd mange kyrkjer i området i denne perioden. I tillegg gjorde eit aukande folketal at mange av kyrkjene vart for små.¹³³ Endå ein grunn kan vera at mange tidlege stolpekyrkjer som vart reist i kristningsperioden, var i sterkt forfall og måtte erstattast av nyare kyrkjer.

¹³⁰ Helle 1995:24; Schumacher 2005b:69-70; Helle 2001:195

¹³¹ Schumacher 2005a:66; Ekroll, Stige og Havran 2000:17; Ekroll 1997:11,13,52; Lidén 1981:103; Ekroll 1997:52

¹³² Schumacher 2005a:42; Ekroll 1997:45ff

¹³³ Ekroll 1997:90; Helle 1995:52

Dessutan var det ei utvikling i liturgien med fleire alter og fleire prestar som gjorde at det vart behov for større kor. Fleire stader vart koret utvida i denne perioden, eller det vart bygd eit større tilbygg til den eksisterande kyrkja, den gamle kyrkja vart dermed kor i den delvis nybygde kyrkja.¹³⁴

Fleire av desse grunnane kan ha spelt inn når ein planla ei ny kyrkje på Skåla. Denne valde ein å bygga i stein i staden for i tre, me skal i neste avsnitt reflektera litt over kva som kan ha vore bakgrunn for dette valet.

4.1.4 Stein i staden for tre

Den angivne ældre kirke skal have staaet længere nede mod sjøen, og baade tomt til kirke og kor og kirkegaard saaes endnu i begyndelsen af dette aarhundrede; stedet kaldes nok fremdeles Kyrkjegaren.¹³⁵

Sitatet over er etter biskop Neumann som visiterte Skåla kyrkje i 1825. Det ser altså ut til at det har vore ei tidlegare kyrkje på Skåla som stod på ein annan stad enn den noverande steinkyrkja. Kor tid denne kyrkja eventuelt vart bygd, har me ingen opplysningar om, men i og med at ho stod på ein annan stad enn den noverande kyrkja, kan dei to kyrkjene i ein periode ha eksistert side om side i bygda. Kanskje hadde den eldre kyrkja vorten for lita på 1200-talet, då ein starta planlegginga av ei ny og større kyrkje. Eller ho kan, som mange av kyrkjene frå første kristne tida i Noreg, ha vore bygd på stolpar som vart grave ned i jorda.¹³⁶ Dette var ein byggeteknikk som ikkje var særleg eigna for bygg som ein ville skulle stå i mange hundreår, fordi dei nærast örotna på rotö, det kom fukt frå jorda rett inn i stolpane, og bygget rotne nedanfrå. Om den første kyrkja på Skåla var bygd på denne måten, var ho kanskje i sterkt forfall då ein starta planlegging av den nye kyrkja.

Når ein så skulle erstatta denne trekyrkja med eit nytt bygg i Rosendal, valde ein altså å bygga ei kyrkje av stein. Ein kunne ha valt å bygga ei trekyrkje som var betre rusta mot roten enn stopplekyrkjene: ei stavkyrkje. Stavkyrkjene vart bygd på svillar som vart lagt oppå fundament av anten tre eller stein som var lagt på bakken. Då var ikkje svillane i direkte kontakt med bakken, dei låg tørt og var dermed meir motstandsdyktige mot roten.

Det vanlegaste i Noreg gjennom heile mellomalderen var å bygga kyrkjer i tre. Ute i Europa hadde ein tradisjonelt bygd kyrkjer i stein. I Noreg starta ein ikkje før på tidleg 1100-tal å bygga i stein, ja sjølv kristenrettane reknar med at kyrkjene vert bygd i tre. På mange måtar

¹³⁴ Ekroll 1997:50

¹³⁵ Biskop Neumann 1825, sitert hos Lidén og Hoff 2011:2

¹³⁶ Jensenius 2001; Ekroll, Stige og Havran 2000:17-18; Helle 1995:52

var det slett ikkje praktisk å bygga i stein, det var dyrare enn å bygga i tre, og det tok mykje lenger tid.¹³⁷ Likevel kan mykje tyda på at idealet var å bygga i stein, både biskopen og kongen ivra for dette. Det var mange grunnar til at dette var føretrekt, Ekroll (1997) peikar på nokre av desse.¹³⁸ Mellom anna var det dyrare å bygga i stein slik at dette gav høgare status, materialvalet viste at byggherren hadde god råd. Lidén (1993) seier at det å bygga steinkyrkjer føreset eit økonomisk grunnlag som sannsynlegvis heng saman med folketalet i eit område og den sosiale samansetninga av folket.¹³⁹ Dette ser han som grunnen til at kyrkjene i fjordbygdene vart større enn kyrkjene ute ved kysten i Hordaland. Også Ekroll (2000) ser eit klart mønster i kor ein bygde steinkyrkjer som erstatning for tidlegare trekyrkjer, dette vart først og fremst gjort i byane og gode jordbruksbygder.¹⁴⁰ Dessutan var steinkyrkjene meir bestandige, ikkje kunne dei rotne og ikkje brann dei ned, slik at dei kunne bli ståande nesten evig. Slike kyrkjer vart gjerne lagt høgt i terrenget, slik at dei kunne vera godt synlege i landskapet, og «ved å gi den fysiske ramma omkring messefeiringa ei så solid og kostbar utføring som muleg, vart også verdien av det som skjedde inne i kyrkja, større».¹⁴¹

At idealet var steinkyrkjer kan me også få vitnesbyrd om i ein del av stavkyrkjene, der det fins etterlikning av element som er nødvendige for steinkyrkjene. I Urnes stavkyrkje er det til dømes både arkadebogar og søylekapitel, trekk som heilt tydeleg er kopiert frå samtidige steinkyrkjer. Om dette mest var meint som dekorasjon, eller om det var ein symbolikk her, skal eg la vera usagt.

Me har ingen opplysningar som fortel kvifor kyrkja på Skåla vart bygd i stein, men frå historia om ei anna steinkyrkje i Hordaland som stammar frå omtrent same tida, kan me kanskje verta litt klokare. Vangskyrkja på Voss vart også bygd for å erstatta ei tidlegare trekyrkje, og som Skåla kyrkje var ho ei av fjerdingskyrkjene i Hordafylket. Til alt hell er det bevart eit kongebrev frå kong Magnus Lagabøte i 1271 som takkar soknefolket på Vangen for at dei valde å bygga i stein i staden for i tre.¹⁴² Kanskje var det slik for desse to kyrkjene at dei vart bygde i stein på oppmoding frå den same kongen nettopp fordi dei var fjerdingskyrkjer? Begge desse kyrkjene er dessutan nokså høgreiste, kanskje dette også kan vera fordi dei var fjerdingskyrkjer.

¹³⁷ Helle 2001:201-203; Ekroll, Stige og Havran 2000:15-16

¹³⁸ Ekroll 1997:107

¹³⁹ Lidén 1993:55

¹⁴⁰ Ekroll, Stige og Havran 2000:18

¹⁴¹ Ekroll 1997:107

¹⁴² Ekroll 1997:106

4.2 På kyrkjeveg

Alt før ein gjekk gjennom døra og inn i kyrkja, møtte ein teikn på det heilage. Ja til og med det å reisa til kyrkje og «høyra messa» hadde ein vidare dimensjon, dette kjenner me eit eksempel på frå Noreg. Erkebiskop Arne Vade (1346-1349) samanliknar i eit hyrdebrev det å «stadig komme til deres soknekirke [som] deres pilegrimsferd», derfor skal ein alt heime førebu seg på å reisa til kyrkje ved å leggja av seg «hat, ondskap, avind og falskhet».¹⁴³

På lang avstand før ein hadde nådd fram til kyrkja, hørde ein også teikn på det heilage: Klokkene som kalla saman til messe.

4.2.1 Klokkene

Kor tidleg det var kyrkjeklokker på Skåla, er det ingen opplysningar om i dag, men kan henda det å setja opp klokkestopul med ei klokke i var det første som skjedde då den kristne trua kom til bygda? Alt før kyrkja vart bygd, vart det ofte sett opp ein kross og ein klokkestopul på vigsla grunn. Om den vesle haugen med namnet «Stopelen», som tidlegare var litt sørvest for porten til kyrkjegarden, var ei slik markering av at no rådde «Kvite-Krist» i Kvinnherad, kan me ikkje veta, men her har nok vore ein tidleg kyrkjestopul.¹⁴⁴

I Kvinnherad kyrkje i dag er det tre klokker som alle kan sporast tilbake til mellomalderen. Den sannsynleg eldste av desse er *Vetlaklokko*, ei lita klokke av gotisk type som stammar frå 1300-talet. Kanskje vart denne brukt som «primklokke», ei klokke som vart ringt med for å markera at brød og vin vart vigsla til nattverden. *Storaklokko*, den største klokka, er også av gotisk type. Denne har ei innskrift på lågtysk som på norsk vert «I Herrens år 1456 vart denne klokka støypt til Guds ære». Det vert fortalt om denne klokka at ho eigentleg var tenkt til Nidaros domkyrkje, men på grunn av ein støypefeil kunne ho ikkje brukast der, og kom til Kvinnherad i staden for. Ein kan ha ulike tankar om kva som ligg bak denne segna og om ho er sannsynleg, og i så fall, kvifor hamna denne klokka i Kvinnherad? Desse spørsmåla får stå opne. Den siste klokka i kyrkja er ei klokke som vart støypt om i 1826 etter å ha vorte kassert to år tidlegare. Klokka (før ho vart støypt om) var av gotisk type frå mellomalderen, og hadde ei innskrift på latin: *Ista Campana vocatur Katarina. Ave Maria ave mater pia pro nobis virgo Maria*, omsett til norsk vert dette *Denne klokka heiter Katarina. Ver helsa Maria, ver helsa du gode mor. [Be] for oss jomfru Maria* (overs. Jan Schumacher).¹⁴⁵

¹⁴³ Jørgensen, Montgomery og Schumacher (red.) 1995:215

¹⁴⁴ KLNLM 8:522; Skaala 2004:19

¹⁴⁵ Skaala 2004:112; Lidén og Hoff 2011:21; KLNLM 8:521; Ekroll, Stige og Havran 2000:141; Skaala 2004:112

To kvinner var namngitt på mellomalderklokka som seinare dessverre vart støypt om. Dei to kvinnene, Maria og Katarina, kjem eg tilbake til i kapittel 4.7. Som me kunne ha lese ut av teksten som var på klokka, var ho gitt namn, og ho har nok også vorte døypt. Klokkedåp var nemleg det vanlege namnet på vigslingsritualet for klokka. Ei klokke som skulle ha ein liturgisk funksjon måtte nemlig vigslast.¹⁴⁶ Knytt til klokkedåpen var også det å gi namn til klokka. I ein islandsk tekst frå 1400-talet, *Messuskýringar*, er klokka og klokkedåpen omtalt, klokka «er vigd meir omsorg og lenger synging over enn andre kostelege ting som er nytta til gudstenesta, og som om ho var døypt, er ho[í]». ¹⁴⁷ Forfattaren avsluttar avsnittet om klokka ved å seia at «det var mangt anna ein kunne seia om klokka. Av desse orda kan likevel kvart forstandig menneske forstå for ein heilagdom ho er». ¹⁴⁸ Me finn også i den same teksten noko av grunnen til at klokka skulle vigslast: «Det er det bede om når klokka er vigd, at alle djevlar må fly for lyden hennar, men Guds englar kome for å vitje menneska og gje støtte til bønene deira og føre dei til Gud». ¹⁴⁹ Vigslinga var gjort for å halda dei vonde kreftene borte, og for å verna menneska frå desse. ¹⁵⁰

I dag høyrer me ikkje så ofte klokking i landet vårt, det er helst knytt til søndagen og gudstenesta. Å samla kyrkjelyden for gudsteneste var også i mellomalderen den viktigaste funksjonen til kyrkjeklokkene. Men dette var ikkje den einaste oppgåva som klokkene hadde. Alt på 1100-1200-talet var det vanleg med meir enn ei klokke i kyrkja. Ofte var det innskrifter på klokkene som fortalde både, som me har sett, namnet som var gitt klokka, men også kva som var oppgåva til klokka. På ei klokke frå Hällstad i Västergötland i Sverige frå 1463 kan me lesa at klokka lovprisar Gud, kallar saman folket, kallar saman prestane, gret over dei døde, jagar bort pesten og kastar glans over festane. ¹⁵¹

Også under sjølve messa brukte ein klokkene, dei viktigaste augneblinkane i messa vart markert med klokking. Klokkene ringde derfor ved elevasjonen når presten lyfte det vigsle brødet slik at kyrkjelyden skulle få sjå Herren. ¹⁵² Dette var eitt av to høgdepunkt i gudstenesta, det andre var når evangeliet vart lese. Ved å ringa i klokka ved desse to augneblinkane, vart kyrkjelyden minna på at no skjedde det noko viktig. Klokka skulle altså markera ein augneblink der det visuelle også var viktig.

¹⁴⁶ KLN 8:515

¹⁴⁷ Jørgensen, Montgomery og Schumacher (red.) 1995:132

¹⁴⁸ Jørgensen, Montgomery og Schumacher (red.) 1995:132

¹⁴⁹ Jørgensen, Montgomery og Schumacher (red.) 1995:131

¹⁵⁰ Jørgensen, Montgomery og Schumacher (red.) 1995:131-132

¹⁵¹ KLN 8:520; Härdelin 2005:56-57,111

¹⁵² KLN 8:521; Schumacher 2005b:150, Härdelin 2005:111

I tillegg til desse funksjonane eg no har snakka om, hadde klokkeklngen ein symbolsk funksjon. Me vender tilbake til *Messuskýringar*.¹⁵³

Klokkeklngen symboliserer profetia til dei heilage profetane som spådde Herrens kome og dei teikn som han viste i verda, og dei bad inn folk til han slik som klokka bed inn folk til gudsteneste. Ikkje mindre symboliserer ho dei Guds bodberarar som levde seinare då han kom til denne heimen, og bar hans bodskap kringom i verda. Ho har også det symbolinnhald som skal få oss til å tenkje, at ho minner oss på den hornblåsinga som Guds englar blæs før den siste samlinga for å vekkje opp alle døde på domedag.

Menneska som høyrde klokkeklngen, skulle stoppa opp og lyda ærbødig, og dra til kyrkja for å feira gudsteneste, be og takka for å «vakne glad på domedag og fare glad frå den siste domen til æveleg lovsong der heile himmelrikets herlegdom syng æveleg lovsong for den allmechtige Gud».¹⁵⁴

4.2.2 Frå vest ó portalar og vindaugo

Det er på tide å ta steget gjennom vestportalen og inn i kyrkja. Det vil seia, vestportalen vart i mellomalderen helst brukt berre på store festdagar til prosesjon. Då forstår me at dette var den viktigaste portalen i kyrkja. Det er derfor ikkje så underleg at vestportalen i Skåla kyrkje og mange andre kyrkjer frå mellomalderen er den største og flottaste.¹⁵⁵ Denne markeringa av inngangspartiet i vest kjenner me også igjen i mange større kyrkjer i utlandet, der den vestre delen av kyrkja ofte fekk *vestverk* med to tårn. Frå kyrkjer i Noreg kjenner me også til ei slik markering i vest med to tårn, som til dømes Mariakyrkja i Bergen og vestfasaden i Nidarosdomen.

Denne vektlegginga av vestportalen var for mellomaldermenneska eit teikn på at dei kryssa grensa mellom to ulike samanhengar: Ein hadde tatt steget frå den verda der vondskapen rådde. Vestfasaden i kyrkja var derfor den første grensa mellom den synlege verda og den usynlege, Guds rike, med kyrkjerommet som den himmelske forhallen. Dette var eit av fleire overgangsstadar i kyrkja som hadde eit rikt meiningsinnhald som viste til samanhengen mellom det synlege og usynlege, og til frelseshistoria.¹⁵⁶ Me skal litt seinare i oppgåva sjå nærmare på ein annan slik overgangsstad, korbogen.

¹⁵³ Jørgensen, Montgomery og Schumacher (red.) 1995:131

¹⁵⁴ Jørgensen, Montgomery og Schumacher (red.) 1995:131

¹⁵⁵ Ekroll 1997:91

¹⁵⁶ Schumacher 2005a:74; Martling 2004:30-31; Schumacher 2006:161

Dei andre portalane eller dørene i Kvinnherad kyrkje er enklare i utforminga enn vestportalen. Dette er to dører i skipet, ei på nordsida og ei på sørsida, dessutan er det ei dør i sørveggen i koret.¹⁵⁷

I kor og skip i Kvinnherad kyrke er det til saman ti gotiske vindauger. Som mange andre vindauger i mellomalderkyrkjer, har vindaugo i Kvinnherad kyrkje lysopning i den utvendige muren, og eit traktforma vindaugssmyg på innsida. Slik vert lyset som kjem inn spreidd inne i kyrkja. Som med portalane er det dei viktigaste vindaugo som er dei mest forseggjorte, sør- og austvindaugo i koret. Lyset som skein inn frå aust, var symbol på det uskapte lyset frå før verda vart skapt. Eller som me kjenner frå den svenske mellomalderforfattaren Nicolaus Ragvaldi (1998): Gjennom vindaugo skein lyset på lærarane som formidla det himmelske lyset til folket.¹⁵⁸ Lyset hadde også ein annan viktig symbolsk funksjon: Lyset i den synlege verda skulle eller burde få ein parallell i den usynlege verda: i sjela, det indre tempelet. Men naturlegvis hadde lyset også ein reint praktisk funksjon, som det ikkje alltid var lett å skilja frå den symbolske.¹⁵⁹

Som nemnt tidlegare er portalane og vindaugo i kyrkja dei opphavlege. Men heilt utan påverknad frå seinare epokar er dei likevel ikkje, det er til dømes sett inn glasmaleri i austveggen som vart sett inn i samband med restaureringa i 1913. Dette var gjort samtidig som ein flytta altertavla frå 1705 ut i våpenhuset, fordi ein ville «anbringe et glasmaleri i korets store, vakkre østvindu».¹⁶⁰ Også glasa i sidevindaugo i koret fekk fargedekor i 1913.¹⁶¹ Korleis glasa var opphavleg veit me ikkje, kanskje det i mellomalderen var klare glas i alle vindaugo i kyrkja?

4.3 Inn i kyrkja

Når me no saman med mellomaldermenneska har tatt steget inn i kyrkja, er døypefonten det første som møter oss.

4.3.1 Døypefonten ó dåpssakramentet

Døypefonten i Kvinnherad kyrkje er dessverre ikkje den opphavlege. Den døypefonten som er i kyrkja i dag, er frå 1875. Om det var den opphavlege døypefonten som ein gong rundt 1750

¹⁵⁷ Ekroll 1997: 257; Ekroll, Stige og Havran 2000:140; Lidén og Hoff 2011:4-5

¹⁵⁸ Nicolaus Ragvaldi referert hos Härdelin 1998:182

¹⁵⁹ Ekroll 1997:88,257; Martling 2004:32; Härdelin 2005:159-163

¹⁶⁰ Skaala 2004:144

¹⁶¹ Ekroll, Stige og Havran 2000:140; Lidén og Hoff 2011:11; Skaala 2004:138,142

vart flytta frå plasseringa innom kyrkjedøra og fram i koret, veit me ikkje, men plasseringa rett i blikkf Janet anten ein kom inn i kyrkja frå vest, nord eller sør, var den vanlege.¹⁶²

Skaala (2004) undrar seg om den første døypefonten i Kvinnherad kyrkje var berekna på full neddykking.¹⁶³ Dette var nemlig lenge den vanlege måten å døypa på, det kan me få eit glimt av gjennom erkebiskop Jon sin regel om nauddåp. Me ser det same i Arne Vade sitt kyrdebrev. Skikken med å ausa vatn over hovudet på dåpsbarnet hadde så smått starta på 1200-talet, men vart først vanleg på 1400-1500-talet.¹⁶⁴

Slik døypefonten var plassert til å byrja med, stod han akkurat i kryssingspunktet mellom to linjer, linja mellom vestportalen og fram til alteret, og linja mellom dørene i nord- og sørveggen i skipet. Døypefonten var dermed plassert midt i det som framfor alt var symbolet på den kristne trua: midt i ein kross. I tillegg var denne plasseringa med på å understreka det avgjerande ved dåpen. Gjennom døypefonten og dåpen som vart gjort der gjekk ein gjennom porten inn til det åndelege livet og til det kristne samfunnet innanfor i kyrkja. Før dåpen var mennesket heidning, gjennom dåpen vart mennesket innlemma i den heilage skaren. På ein svensk døypefont kan me lesa om dette i mellomalderen sitt eige språk: «Alla själar här döpas in i församlingen genom mig, skålen».¹⁶⁵ Dåpen var samtidig ein utgang og ein inngang: Ein utgang frå det syndige førkristne livet og ein inngang til det lova landet. Her ser me igjen ei typologisk tolking: I dåpen vart ein ført ut frå det syndige livet slik som Israelsfolket vart ført ut frå Egypt, og ein vart gjennom dåpen (i Raudehavet) ført inn i det lova landet slik Israelsfolket vart det.¹⁶⁶

Dåpen var og er eit av sju sakrament i den katolske kyrkja. Sakramenta var som nemnt teikn i den synlege verda på den usynlege verda, og formidla nåde til menneska. Kjelda for nåden og krafta var Kristi liding og frelsesverk, og nådegåva vart gitt menneska uavhengig av mennesket sitt indre sinnelag, om det hadde den kristne trua i hjarta. I formidlinga rundt dei sakramentale handlingane vart desse skildra slik at dei skulle oppfattast som overflate som dekkja det verkelege: den usynlege, åndelege verda bakom overflata.¹⁶⁷

Gjennom dåpen og dei andre sakramenta vart mennesket rusta til å leva det kristne livet. Gåva som vart gitt i dåpen førte også med seg forplikting til å leva eit nytt og forandra liv, eit fromt

¹⁶² Lidén og Hoff 2011:14; Härdelin 2005:63; Schumacher 2005a:75; Skaala 2004:147

¹⁶³ Skaala 2004:119

¹⁶⁴ Spørck (red.) 2009:101; Helle 1995:190; Jørgensen, Montgomery og Schumacher (red.) 1995:212; Helle 2001:190

¹⁶⁵ Härdelin 2005:450

¹⁶⁶ Skaala 2004:20,119; Schumacher 2005a:75-76; Ekroll, Stige og Havran 2000:20

¹⁶⁷ Härdelin 2005:444,447,513

liv. I kor stor grad dette var verknaden av nådegåvene i sakramenta og dåpen, var avhengig av mennesket sjølv, det indre sinnelaget avgjorde kva verknad gåvene gjennom sakramenta skulle få.¹⁶⁸

Gjennom dåpen vart dåpsbarnet og fadrane knytt saman i eit åndeleg slektskap. Dette var like viktig og avgjerande i visse tilfelle som det biologiske slektskapet, til dømes kunne ein ikkje inngå ekteskap med dei som ein var åndeleg i slekt med. Kristenrettane fortel om det åndelege slektskapet, det same gjer Arne Vade.¹⁶⁹

4.3.2 Skipet

Døypefonten var altså det første som møtte oss på veg inn i kyrkja. Når me har passert denne, står me nokså sentralt i kyrkjeskippet. Ser me opp i taket, er der mest sannsynleg opne takstolar. På jordgolvet kan det henda det ligg steinheller, og kanskje er det nokre benkar langs veggane. Under golvet vert folk gravlagd. Gjennom vindaugo slepp det etter måten inn mykje lys, i alle fall på klåre dagar. På veggen over korbogen eller i sjølve bogen heng det mest sannsynleg eit krusifiks. I opninga inn til koret er det eit korskilje som kanskje går over i eit lektorium, i så fall kan det henda at krusifikset er plassert på lektoriet. På resten av veggflatene kan det vera veggmaleri, og det er truleg minst to sidealter, eit vigsla til Maria på nordsida av kyrkja, og eit vigsla til ein helgen på sørsida.¹⁷⁰ Dette kan vera slik skipet stod fram for auga om ein kom inn i det i mellomalderen. Nokre av desse detaljane skal me straks koma tilbake til, men først må me seia litt om sambandet mellom skipet og koret, dei to hovuddelane av kyrkja.

I *Stavkyrkjepreika* som me har vore innom tidlegare, er det tydeleg at kyrkja er delt i to delar: skipet og koret. Kor og skip symboliserer to ulike ting; skipet er bilde på dei kristne på jorda, altså dei som høyrer til i den synlege verda, medan koret er bilde på dei salige som held til i himmelen, den usynlege verda. I koret hadde vanlegvis berre presteskapet tilgang, medan skipet var lekfolket sin stad. Men som me såg i kapittel tre, tenkte dei heilskapleg rundt kyrkja, slik at lekfolket og presteskapet høyrde til det same heilage fellesskapet som også dei heilage gjorde. I Den apostoliske truedkjeninga som mellom anna vart brukt ved dåpen, vart dette kalla «eit samfunn av dei heilage». I våre dagar ville me kanskje brukt ordet «solidaritet» om korleis dei tenkte rundt dette fellesskapet, for dei kristne hadde fordelar av dette fellesskapet samtidig som dei sjølv bidrog inn i det. Dette samfunnet av dei heilage

¹⁶⁸ Härdelin 2005:447,460

¹⁶⁹ Spørck (red.) 2009: 55,94; Jørgensen, Montgomery og Schumacher (red.) 1995:215

¹⁷⁰ Skaala 2004:123-124

omfatta både den synlege og det usynlege. Kvinnheringane var dermed ein del av det same heilage fellesskapet som dei heilage, altså helgenane.¹⁷¹

4.3.2.1 Golv og benkar

Det noverande tregolv i kyrkja er lagt oppå eit tidlegare tregolv. Kor tid det vart lagt tregolv for første gong, veit me ikkje. Skaala (2004) reknar med at det var jordgolv i kyrkja i den katolske tida, kanskje med steinheller og jordbenkar langs veggane.¹⁷² I kyrkja i dag stig nivået på golvet etter kvart som ein nærmar seg koret, det går eit trinn opp totalt fire gonger fram til det opphøgde alteret.¹⁷³ Korleis dette var opphavleg, veit me ikkje, truleg var golvet på same nivå i heile kyrkja.

Golv vart brukt som gravplass heilt fram mot starten av 1800-talet, då eit kongeleg bod i 1805 forbaud denne skikken. Kor tidleg ein starta å gravleggja under golvet fins det ingen opplysningar om, og det er også ein rett gamal kyrkjegard rundt kyrkja som kan ha vorte vigsla saman med eller litt seinare enn kyrkja. Dei som vart gravlagde under kyrkjegolv vart etter kvart frå velstående slekter. Under restaureringa i 1913 reinska ein ut beinrestar under kyrkjegolv, desse vart då gravlagde ute på kyrkjegarden.¹⁷⁴

Som nemnt kan det ha vore jordbenkar langs veggane i den opphavlege kyrkja. Det var ganske vanleg at det var benkar langs veggane i kyrkjene med det vakre namnet *misericordia* som betyr medkjensle, for desse benkane var først og fremst tiltenkt dei som hadde vondt for å stå under heile messa. Me ser også hos Arne Wade at det har vore vanleg med i alle fall nokre sitjeplassar i kyrkjene. I hyrdebrevet hans står det at kyrkjelyden kan «sittende lyde messen inntil dere hører evangeliet».¹⁷⁵ Første gongen me høyrer om meir moderne kyrkjebenker i kyrkja, er i rekneskapet frå 1670. Dei benkane som i dag står i Kvinnherad kyrkje, er frå 1913 i samband med restaurering av kyrkja.¹⁷⁶

4.3.2.2 Veggjar og utsmykking

Me veit ikkje om kyrkja var kalka innvendig frå starten eller om dette vart gjort seinare, men ho kan ha vore det for at ho skulle bli lysare. Kor tid kalken vart lagt på utvendig har me heller ikkje opplysningar om. Fram til restaureringa i 1913 var alt av kleberstein både

¹⁷¹ Salvesen 1971:101; Schumacher 2005a:74; Ekroll, Stige og Havran 2000: 20; Schumacher 2005b:128

¹⁷² Skaala 2004:123

¹⁷³ Lidén og Hoff 2011:9; Skaala 2004:135-136

¹⁷⁴ Skaala 2004:63-65,104

¹⁷⁵ Jørgensen, Montgomery og Schumacher (red.) 1995:217

¹⁷⁶ Lidén og Hoff 2011:16

innvendig og utvendig kalka over, kor tid dette vart gjort veit me heller ikkje.¹⁷⁷ I dag er veggane i Kvinnherad kyrkje kvitkalka både innvendig og utvendig, og har sannsynlegvis vore det lenge.

Frå andre kyrkjer både innanlands og utanlands veit me at dei ofte var helst rikt utstyrt med fleire alter, helgenfigurar, alterfrontal, veggmaleri og tekstilar. Frå svenske landskapslover kjenner me til noko av utstyret som skulle finnast i ei kyrkje før ho kunne vigslast, mellom anna messekar, messehakel, stola, ulike bøker og lys.¹⁷⁸ Noko tilsvarende var sannsynleg tilfelle i Noreg også.

Sannsynlegvis har det vore fargerike maleri av ulike typar, mellom anna alterfrontalar og veggmaleri, i dei aller fleste kyrkjene i mellomalderen, dessverre sit me igjen med lite av dette i dag. Frå norsk mellomalder er det bevart 31 alterfrontalar, desse vil få ein nærmare omtale når me kjem fram til høgalteret litt lenger fram i oppgåva. I nokre kyrkjer, til dømes Kinsarvik i Hordaland og Tanum i Bærum kjenner me til veggmaleri.¹⁷⁹ I 1981 skreiv Wichstrøm (1981) at det er få bevarte kalkmaleri i Noreg samanlikna med andre nordiske land, men «fremdeles blir det avdekket nye kalkmalerier, og det er håp om at fremtiden vil bringe nye funn fram under pussen i steinkirkene».¹⁸⁰ Slik som veggane er i Kvinnherad kyrkje i dag, er det ingenting som tyder på at det har vore utsmykking på desse, men kanskje skjuler det seg ein skatt bak dei kvitkalka veggane?

På tekstilar kunne det også vera framstilling av dei same biletmotiva som på maleri, eller det kunne vera ornamentikk, gjerne i kombinasjon med biletmotiv. Det var mange ulike tekstilar i dei fleste kyrkjer: Prestane og biskopane sine embetsklede, alterforheng, alterduk og alterbrunn¹⁸¹, handdukar og andre tekstilar. Dessutan var det etter alt å døma vanleg med veggteppe, både som dekorasjon og av ein svært praktisk grunn: for å luna kyrkjebygget. Tekstilane var anten vevd eller brodert i fleire ulike teknikkar.¹⁸²

Ikkje berre var det vanleg med fargerike veggmaleri og tekstilar, men også det som fans av skulpturar var malt i kraftige fargar. Kristensen (1999) fortel frå Danmark at målet for ei kyrkje var å ha kalkmaleri med sterke fargar, glasmaleri og klare fargar på døypefonten og

¹⁷⁷ Skaala 2004:81

¹⁷⁸ Ekroll, Stige og Havran 2000:21; Härdelin 2005:118

¹⁷⁹ Wichstrøm 1981:254; Stang 2009:11; Ekroll, Stige og Havran 2000:88,142-145

¹⁸⁰ Wichstrøm 1981:270

¹⁸¹ ei smal bord som hang ned framfor alteret

¹⁸² Hoffmann 1981:315-349

andre skulpturar.¹⁸³ Sjølv steinskulpturane var malt, sjølv om det så og seia ikkje fins restar av maling på desse i dag.¹⁸⁴ Slik vart rommet prega av bilde og kraftige fargar, sjølv om det også var variasjonar mellom ulike kyrkjer. Mellom anna var ein avhengig av å ha gode ressursar for å kunna nå dette målet.

4.3.2.3 Sidealter

Frå mellomalderen kjenner me til at nokre større kyrkjer hadde fleire titals alter i tillegg til høgalteret i koret. Kor mange det var i Skåla kyrkje veit me sjølv sagt ikkje, men det har mest sannsynleg vore minst to i tillegg til høgalteret. I mange kyrkjer var det minst eitt alter på kvar side av korbogen. Det på nordsida var ofte vigsla til jomfru Maria, medan det på sørsida var vigsla til ein helgen, gjerne kyrkja sin *patronus* eller vernehelgen. Det skulle vera relikvie i alle alter, og dette skulle helst stamma frå den helgenen som alteret var vigsla til.¹⁸⁵

Relikviane og hovudalteret eller høgalteret kjem eg tilbake til litt seinare.

Kva var bakgrunnen for at det vart fleire alter i kyrkjene? I oldkyrkja var det berre eitt alter, men alt på 600-700-talet starta skikken med sidealter, dette var dermed ein del av den kyrkja som kom til vårt land. Det hadde vorte vanleg å sjå på det å halda messe som ei forbøn i seg sjølv, dette gjorde at fleire og fleire av munkane i klostera vart ordinert så dei kunne «lesa messe» dagleg. Alle ordinerte hadde plikt til å halda messe minst ein gong kva dag, dermed vart det behov for fleire alter så dette vart mulig.¹⁸⁶

Ei annan utvikling førte også til at talet på sidealter auka. Frå 1200-talet vart skjærselden og pina som alle måtte gjennom eit stadig viktigare aspekt ved den kristne trua. Ved å halda sjelemesser kunne dei levande letta tilstanden til den avdøde i skjærselden. For lekfolk var det mulig å oppretta alter så det kunne lesast sjelemesser for avdøde slektningar. Samtidig var ein ved dette også sikra at det vart lese sjelemesser for seg sjølv etter døden.¹⁸⁷

Sidealtera var vigsla til ulike helgenar, og det vart vanleg å feira messe på festdagane til helgenane ved «deira» sidealter.¹⁸⁸

4.3.3 Korbogen

Når ein ser på den rundboga korbogen i Kvinnherad kyrkje i dag, er det ikkje så unaturleg å tenkja seg at delar av kyrkja kan ha vore planlagt eller endå til reist i romansk tid. Korbogen

¹⁸³ Kristensen 1999:258

¹⁸⁴ Ekroll, Stige og Havran 2000:24

¹⁸⁵ Källström 2011: 216-217; Härdelin 2005:72; Ekroll, Stige og Havran 2000:20,29; Härdelin 2005:72

¹⁸⁶ Schumacher 2005b:110; 2005a:76-77

¹⁸⁷ Källström 2011:39,216; Duffy 2005:354

¹⁸⁸ Ekroll, Stige og Havran 2000:20; Källström 2011:216

er nesten fem meter brei. Skaala (2004) antydar at han kan ha vore smalare tidlegare, og viser til to steinstettar i golvet som kan tyda på dette, medan «Ekroll» (2000) på si side hevdar at koropninga ser ut til å vera den originale.¹⁸⁹ Korbogen er innfatta av delvis ny kleberstein.¹⁹⁰

4.3.3.1 *Korskilje*

Fram til 1812 var det eit korskilje «med høyt traleværk med to døre» i Kvinnherad kyrkje, kan me lesa i P. Hertzberg si kallsbok.¹⁹¹ Den eine døra førte til preikestolen, den andre inn i koret. Denne siste døra vart brukt av presten, klokkaren og av kyrkjelyden når dei skulle til nattverd eller skriftemål. Kor tid dette korskiljet vart oppført, veit me ikkje. I Eidfjord kyrkje i Hordaland er det restar av eit korskilje frå mellomalderen som fortel oss noko om korleis dette kunne sjå ut. Dette er omtrent 2,5 meter høgt og delvis gjennombrote.¹⁹²

Det er lett for oss i dag å tenkja oss korskiljet som veldig forstyrrende, at det skjuler det som skjer i koret. Kanskje me ser for oss noko liknande som den heilt lukka ikonostasen som me har sett i ortodokse kyrkjer i Hellas på ferie? Men korskiljet som var mellom skip og kor i kyrkjene i mellomalderen var ikkje så skiljande som me trur. For det meste var han gjennombrotten og ganske låg, og kunne kanskje samanliknast med eit stakittgjerde snarare enn med eit plankegjerde. Dermed kunne kyrkjelyden følgja med på det som skjedde i koret.¹⁹³

4.3.3.2 *Lektorium*

Frå nokre mellomalderkyrkjer kjenner me til eit *lectorium* eller skriftlesingsgalleri over korbogen. Lektorium er bevart i Kinn kyrkje i Sogn og Fjordane. Det har også vore lektorium i Kinsarvik kyrkje i Hordaland. Dette kunne vera utforma som ein del av korskiljet.¹⁹⁴ Som eg har antyda tidlegare, kan korskiljet i Kvinnherad kyrkje ha gått over i eit lektorium.

Lektoriet hadde fleire ulike funksjonar, Källström (2011) peikar på ganske mange funksjonar ved lektoriet.¹⁹⁵ Mellom anna kunne relikviar visast fram her, det kunne stå krusifiks og andre skulpturar her, men kanskje først og fremst vart evangeliet lese frå lektoriet. Evangelieleinga var som me har sett eitt av dei to absolutte høgdepunkta i gudstenesta, og vart som elevasjonen markert ved klokkeringing. Det heilage nærværet under gudstenesta var særleg knytt opp mot desse to hendingane. Når evangeliet vart lese frå lektoriet, har dette kanskje

¹⁸⁹ Skaala 2004:133; Ekroll, Stige og Havran 2000:140

¹⁹⁰ Ekroll, Stige og Havran 2000:140; Lidén og Hoff 2011:6

¹⁹¹ Bendixen 1904 referert hos Lidén og Hoff 2011:14

¹⁹² Skaala 2004:133; Lidén 1981:93

¹⁹³ Härdelin 2005:71-72; Schumacher 2005a:76

¹⁹⁴ Lidén 1981:93; Schumacher 2005b:135; Ekroll, Stige og Havran 2000:144,272

¹⁹⁵ Källström 2011:64

vore med på å understreka særstillinga som evangeliet hadde. Evangeliet var eit Kristussymbol, og kyrkjelyden skulle også vera med på å markera særstillinga som evangeliet hadde ved å reisa seg, slå korsteikn for panna og stå medan dei høyrde at evangeliet vart opplese.¹⁹⁶ Igjen ser me at handlingar var med på å understreka det ein trudde på.

4.3.3.3 *Krusifiks*

«Krusifiks» er i denne samanhengen ein kross med eit Kristusbilde festa til det. Vanlegvis var dette av tre. I mange kyrkjer hang krusifikset i eller over korbogen, eller på eit eventuelt lektorium, men det kunne også vera plassert på eller bakom alteret.¹⁹⁷

Som me såg i samband med tidfesting av kyrkja, vart ho bygd i overgangen mellom romansk og gotisk periode. Denne overgangen ser me også i biletmotiv, og i framstilling av Kristusfiguren på krusifiksa. I den romanske perioden vart menneska framstilt nokså stilistisk, og Kristusfiguren vart oftast framstilt som ein konge. På framstillingar av Maria og Jesusbarnet såg barnet ut som ein vaksen i miniatyr. I denne perioden var det vanlegaste motivet i kyrkjekunsten den sigrande Kristus, *Majestas Domini*. Kristus, verdsherskaren, hadde sigra over dei vonde kreftene. Overgangen til den gotiske perioden var omtrent då Kvinnherad kyrkje vart bygd. I den gotiske perioden la ein stadig sterkare vekt på den lidande Kristus som hadde tatt på seg menneskeslekta si synd og skuld.¹⁹⁸ I kyrkjekunsten vart det derfor framstillingar av den lidande Kristus som kom til å dominera. Denne overgangen finn me også når det gjeld krusifiksa: frå den sigrande oppreiste kongen på triumfkrusifikset til den nedbøygd skapningen med tornekrona på pasjonskrusifikset. Denne framstillinga er i følge Hårdelin (2005) litt forenkla, for også pasjonskrusifikset handlar «ytterst om Kristi seger över synd, död och förgänglighet».¹⁹⁹ I overgangen mellom romansk og gotisk periode hadde dessutan krusifiksa ofte ei blanding av element frå triumfkrusifikset og frå pasjonskrusifikset. Eit døme på dette finn me i ei krusifiksgruppe frå Urnes kyrkje i Sogn og Fjordane, her er Kristusfiguren framstilt nedbøygd og med naglar i hender og føter, medan han har kongekrone på hovudet.²⁰⁰

Som eg har sagt litt ovanfor, var også skulpturane malt. På krusifikset var ofte sjølve krossen malt grøn som symbol på livsens tre og paradiset, slik antyder krusifikset den store historia frå

¹⁹⁶ Schumacher 2005b:135

¹⁹⁷ Hårdelin 2005:78-79; Nedkvitne 2009:59

¹⁹⁸ Hårdelin 2005:79, Schumacher 2005b:160

¹⁹⁹ Hårdelin 2005:79

²⁰⁰ Anker 1981:193

det første til det andre paradiset.²⁰¹ Dermed kunne tanken også bli leia til at Kristus var den andre Adam, han som hadde retta opp for Adam sitt fall.

Denne overgangen mellom romansk og gotisk periode skjedde omtrent parallelt med at Kvinnherad kyrkje vart bygd, dermed kan me ikkje vita kva slags krusifiks som eventuelt fans der. Men *at* det har vore eit krusifiks i eller over korbogen i Kvinnherad kyrkje, eller kanskje på eit lektorium, er nokså sannsynleg. Dette har då hengt i overgangen mellom skipet og koret, den mest sentrale staden rett framfor kyrkjelyden.²⁰²

4.3.3.4 Grensa mellom Det heilage og Det høgheilage

Overgangen mellom skipet og koret var også ein overgangsstad med eit rikt meningsinnhald, som me såg i samband med at me gjekk gjennom vestportalen. Medan vestportalen symboliserte grensa mellom det synlege og det usynlege, var korbogen symbol på skiljet mellom dei to folka i kyrkja: lekfolk og presteskap. Men som me skal sjå, hadde korbogen også andre symbolske meiningar. Ein av desse var plasseringa av krusifikset i korbogen.

Det tydelige skiljet mellom skipet og koret er i følge fleire mellomalderforfattarar ein parallell til skiljet mellom Det heilage og Det høgheilage i tabernaklet og seinare i tempelet i Jerusalem: «Forhenget skal vera ein skiljevegg mellom Det heilage og Det høgheilage».²⁰³ Denne parallellen finn me også i den norske *Stavkyrkjepreika*.²⁰⁴ Og som forfattarane las i Bibelen, mellom anna i evangeliet etter Matteus, rivna dette forhenget i tempelet i det Jesus døydde på krossen.²⁰⁵ Det var eit teologisk poeng at krusifikset hang nettopp i overgangen mellom skipet og koret, sidan vegen til Det høgheilage vart opna av Jesus på ein heilt konkret måte då han døydde. Fordi forhenget hadde rivna, kunne kyrkjelyden følgja med på det som skjedde i Det høgheilage, i koret.²⁰⁶ Sagt på ein annan måte: Gjennom den krossfeste Kristus hadde vegen til Det høgheilage vorte opna.

Forfattaren av *Stavkyrkjepreika* ser også eit anna viktig poeng med koropninga. Han kallar denne «miskunnsdøra til Den heilage Ande», og det er gjennom denne ein når «den

²⁰¹ Hårdelin 2005:82

²⁰² Nedkvitne 2009:179

²⁰³ 2 Mos 26,33; 1. Kong 6,16

²⁰⁴ Salvesen 1971:100

²⁰⁵ Matt 27,51

²⁰⁶ Schumacher 2005a:76-77

himmelske herlegdomen». ²⁰⁷ Her vert folka i skipet og koret gjennom Den heilage ande sameina i den same trua. ²⁰⁸

4.4 Koret

Me må no ta steget gjennom korbogen og inn i koret, *songhuset*, inn i «Det høgheilage». Som me alt har sett, er dette den andre av dei to hovuddelane i kyrkjene. I dag møter synet ei altertavle frå 1705 innanfor ein alterring med knefall frå 1913, men i mellomalderen skein lyset frå aust vindauga uhindra inn i koret kanskje gjennom klare glastruter. Det er no glasmaleri i dette vindauga, men dette stammar frå restaureringa i 1913. Det opphavlege austvindauga vart mura igjen i 1705, om det var glasmaleri i dette, veit me så langt eg kan sjå ikkje i dag. ²⁰⁹

For det meste var det berre prestane som hadde tilgjenge til koret, kyrkjelyden var der i samband med skriftemål/botssakrament og nattverden. I koret var det daglege messer, som me såg tidlegare skulle alle som var ordinert halda messe kvar dag. I større kyrkjer og domkyrkjer vart det også helde tidebøner i koret. Korleis dette var i Kvinnherad, var nok avhengig av kor mange prestar som var her. ²¹⁰

Det viktigaste elementet i koret var sjølvstekt høgalteret. Alteret i Kvinnherad kyrkje er det opphavlege steinalteret frå mellomalderen. Lat oss sjå litt nærmare på dette.

4.4.1 Høgalteret

I Kvinnherad kyrkje er det eit mura alter med pussa flater og innfatningar av kleberstein i hjørna. Toppen på dette skal tidlegare ha vore dekkja av ei treplate, i dag ligg det ei kalksteinplate her som kan vera ein gamal gravstein som er gjenbrukt. I alteret er det ein gøymestad for relikviar som eg kjem tilbake til om litt. ²¹¹ Alteret med altertavla er plassert like framfor vindaugget i austveggen i koret. I tidleg mellomalder var det vanleg at presten stod bakom alteret med ansiktet vendt mot kyrkjelyden når han forretta messa. Dette endra seg i løpet av mellomalderen slik at presten skulle stå vendt mot aust, den vegen som Kristus skulle kome igjen frå.

4.4.1.1 Alter og nattverdsbord

Det viktigaste som skjer i kyrkjene våre er, og har alltid vore, å feira gudsteneste eller messe. Slik også i mellomalderen. Bisgaard (1999) peikar på messa som sentrum for det religiøse

²⁰⁷ Frøysadal 1999:81

²⁰⁸ Schumacher 2006:162

²⁰⁹ Lidén og Hoff 2011:14; Skaala 2004:136,142,146

²¹⁰ Källström 2011:195,207

²¹¹ Lidén og Hoff 2011:12; Skaala 2004:138; Ekroll, Stige og Havran 2000:140

livet i mellomalderen.²¹² Og slik messa var det viktigaste som skjedde i kyrkjene, så var nattverden høgdepunktet i messa. Når brødet og vinen var vigsla på alteret, vart dei forandra til å vera *verkeleg* Jesu kropp og blod. Dette var *transubstansiasjonslæra* som vart vedteken på det fjerde Laterankonsilet i 1215. Kristus var altså tilstade i kjøt og blod under messa. Alteret vart dermed møtestad mellom himmel og jord, og det viktigaste nådemiddelet som medverka til å gjenoppretta harmonien mellom mennesket og Skaparen. Slik vart Kristus verkeleg (men skjult) tilstade i andre delen av messa. Ved at presten løfta opp det vigsla brødet, *elevasjonen*, kunne alle derfor verkeleg *sjå* Guds lekam.²¹³ At dette var eit høgdepunkt i messa, ser me tydeleg i Arne Vade sitt hyrdebrev: «Hvert kristent menneske [skal] vise med full ydmykhet sin elsk og kjærlyghet til sin skaper med bart hode, knefall og opprakte hender [í] da lukkes himmelen opp».²¹⁴

Det vart også i løpet av mellomalderen eit syn på messa som gjentakning av offeret som Jesus hadde gjort på krossen då han døydde, under nattverden vert Kristi lekam og blod bore fram som eit heilag offer ó *messeofferet*. Denne offertanken vart så konkret at for å gjera Gud stadig meir fornøgd, vart det stadig fleire messer.²¹⁵

Det var ikkje vanleg at lekfolket gjekk til nattverd, tok imot kommunionen, særleg ofte, men dei var pålagt å gjera det minst ein gong i året. Dette har samanheng med at ingen skulle gå til nattverd utan å nyleg ha skrifta, og dette var dei også pålagt å gjera ein gong i året, i fastetida. Det var vanleg at å gå til nattverd og ta imot brødet på 1. påskedag. Vinen var det berre presten som drakk, for ingenting av den vigsla vinen, Jesu blod, måtte sølast. I erkebiskop Eilif sin tredje statutt som er retta til presteskapet i Nidaros er det skildra utførleg kva som måtte gjerast om ein sølte av Kristi blod.²¹⁶

4.4.1.2 Alterfrontal

Noko av det ypparste som er bevart frå kyrkjene i mellomalderen, er som tidlegare nemnt 31 alterfrontalar. Omtrent halvparten av desse er frå Vestlandet, og me kjenner til seks frå Hordaland: Hamre, Kinsarvik, Odda, Røldal, Samnanger og Ulvik. I dei aller fleste kyrkjene har det vore alterfrontal, i fleire av kyrkjene kjenner me også til meir enn eitt alterfrontal.²¹⁷ Det er altså ikkje så usannsynleg at det også har vore minst eitt alterfrontal i Kvinnherad kyrkje, kanskje det i fjerdingsskyrkja var eitt alterfrontal til kvart alter?

²¹² Bisgaard 1999:128

²¹³ Schumacher 2005b:145,150; Bisgaard 1999:128

²¹⁴ Jørgensen, Montgomery og Schumacher (red.) 1995:217

²¹⁵ Hvalvik 2012:6; Bisgaard 1999:128

²¹⁶ Lysaker 1991:10

²¹⁷ Danbolt 1986:13; Stang 2009:276; Nedkvitne 2009:319-338; Wichstrøm 1981:254

Både i Noreg og ute i Europa var biletflatene på alterfrontalane for det meste likt inndelt, med eitt stort midtbilde omgitt av mindre sidefelt med figurar eller scener som hadde tilknytning til hovudbildet. I alle eksemplara me har bevart frå før omtrent 1150 var motivet på alle alterfrontalane framfor hovudalteret det same *Majestas Domini*-motivet, men etter kvart kom det til andre motiv.²¹⁸ Maria med barnet, krossfestinga og helgenmotiv vart ofte framstilt på norske alterfrontalar i tillegg til *Majestas Domini*-motivet. Her ser me den same endringa i biletmotiv som me såg i samband med krusifiksa.

Framstillinga av *Majestas Domini*, Maria med barnet og krossfestinga på alterfrontalet på høgalteret, var med på å understreka det som skjedde der. For gjennom inkarnasjonen var Gud kome til verda, og gjennom krossfestinga hadde Kristus frelst verda, og sat no ved høgre handa til Gud i himmelen. I nattverden var den inkarnerte og krossfeste Kristus *verkeleg* til stade, og gjennom nattverden vart menneska forbunde med frelseshistoria. Bakover i fortida fekk ein samband med inkarnasjonen og krossfestinga, og framover med den oppstadne Kristus i himmelen, her skulle også den kristne sjølv koma ein gong. Dette var synleg ved at Maria med barnet, krossfestinga eller *Majestas Domini* var framstilt på alterfrontalet.²¹⁹ Desse framstillingane vart det synlege teiknet som peika bakover mot fortida, eller framover mot den himmelske herlegdomen.

Kva som eventuelt har vore motivet på eit eventuelt alterfrontal i Kvinnherad kyrkje veit me sjølvsagt ingenting om. Sjølv om kyrkja vart bygd etter at *Majestas Domini*-motivet stort sett var ute av bruk, kan det ha vore eit alterfrontal frå den eldre kyrkja som vart flytta over i den nye kyrkja når denne vart tatt i bruk. Alterfrontalane var forholdsvis enkle å flytta på.²²⁰ Eller det kan vera eitt av dei nyare motiva, anten Maria med barnet eller krossfestinga, som pryda høgalteret.

4.4.1.3 Relikvie

Alteret i Kvinnherad kyrkje har eit holrom som vart brukt som gøymestad for relikviar. Alle kyrkjer hadde minst éin relikvie som var plassert i høgalteret, men i store kyrkjer kunne det vera fleire relikviar. Ein relikvie var ein lekamsdel, eit klesplagg eller andre gjenstandar som hadde vore knytt til ein helgen. Relikviane låg i ei grop eller eit holrom i alteret som ofte var

²¹⁸ Wichstrøm 1981:256; Danbolt 1986:16,21

²¹⁹ Härdelin 2005:514; Koldau 2010:226

²²⁰ Wichstrøm 1981:262

dekka av ei steinplate med innskrift. Det er ikkje tilfeldig at dette minner om ei grav, sidan gøymestaden for relikvien var ei symbolsk helgengrav.²²¹

Gjennom relikviane var det eit nærvær av det heilage. Dette var basert på at delen står for det totale, *pars pro toto*, eit viktig prinsipp når det gjaldt relikviane. Dermed fekk sjølv ein liten del av helgenen, eller ting han hadde rørt ved, den same krafta som helgenen sjølv. Helgenane sine kroppar hadde vore tempel for Den heilage ande og var derfor kraftkjelder. Sidan det heilage kom nært gjennom relikviane, særleg frå den krossfeste Kristus sjølv, er det ikkje overraskande at verken alter eller kyrkje kunne vigslast utan at det var relikviar i alteret.²²²

4.5 Retning i tid og rom

Som eg har antyda tidlegare i dette kapitlet, var det ein *via sacra*, ein heilag veg gjennom kyrkjerommet frå vest mot aust, der vestportalen var den symbolske grensa mellom verda utanfor og inn i samfunnet av dei heilage, og austveggen var den symbolske grensa mot den himmelske herlegdomen. Samtidig var austveggen ei symbolsk grense mellom tid og æve. Derfor vart plassering av kyrkjene i stor grad bestemt av himmelretningane, slik me såg også var tilfelle for Kvinnherad kyrkje. Denne tydelege retninga mot aust viser seg også i det at ein såg for seg at det jordiske Paradis låg i aust ein stad.²²³

Heilt frå basilikakyrkjene i oldkyrkja var utsmykkingsprogrammet styrt av ein tidsakse: fortid ó notid ó framtid.²²⁴ På veggane i skipet var fortida framstilt ved motiv frå Det gamle testamentet. Notida, her og no, skjedde på alteret. I samband med alteret var det motiv som fortalte om innstifting av nattverden, eller motiv frå Det gamle testamentet som vart sett på som typologiske framstillingar av nattverden. Som me har sett var sjølv alteret ofte pryda med motiv som spegla inkarnasjonen, krossfestinga eller den oppstadne Kristus. Austveggen (eller apsis) hadde ofte motiv som viste til den himmelske verda. Dermed var vegen gjennom kyrkjerommet samtidig ein veg gjennom frelseshistoria.²²⁵ Sjølv om kyrkjene som vart bygd på 1200-talet skilte seg ein del ut frå basilikaen frå oldkyrkja, er dette eit godt eksempel på at vegen fram mot austveggen i kyrkja samtidig var ei retning i både tid og rom, som begge hadde det same målet: den himmelske herlegdomen.

Her møter me igjen synet på at det jordiske livet ikkje er det *eigentlege* livet, men mennesket er alltid og utan stopp på veg mot dette i den himmelske herlegdomen. Hendingane i

²²¹ Gierow 1963:221; Ekroll, Stige og Havran 2000:20-21

²²² Härdelin 1998:188; Gierow 1963:223; Duffy 2005:170; Härdelin 2005:164-165

²²³ Schumacher 2005a:74; Martling 2004:32; Høiris 2010:58

²²⁴ Hvalvik 2012:3-4

²²⁵ Schumacher 2005a:80

kyrkjerommet var særleg knytt opp mot frelseshistoria. Det som skjedde «her og no» under messa, særleg med feiring av sakramenta, hadde som me har sett samband både bakover i historia til Kristus og gjerningane hans, men også til heile den lange frelseshistoria heilt frå verda vart skapt. Samtidig var det også samband med det framtidige, til heimkomsten når ein ikkje lenger hadde behov for det som sakramenta gav «her og no».²²⁶

Vegen gjennom eller til kyrkja gjekk ikkje berre i ei retning, men frå aust kom veggen frå Gud. I liturgien møttest Gud frå aust og menneska frå vest. Rørsla gjekk begge vegar, Gud bevegde seg mot menneska og menneska bevegde seg mot Gud. Dette var mulig på grunn av inkarnasjonen, det at Kristus steig ned gjorde at brotet mellom Gud og mennesket kunne heilast. Kyrkja var staden der menneska gjekk fram imot, og vart førebudd på paradiset.²²⁷

4.6 Kyrkjevigsling ó kyrkjemesse ó *Stavkyrkjepreika*

Så langt har eg sagt mest om korleis dei enkelte delane av kyrkja kan ha sett ut, og korleis desse var tenkt lesne og forstått. Som me har sett, var det ei usynleg verd bakom dei ulike delane eller konkretane, alt ein såg rundt seg i kyrkja var ei spegling av den usynlege, åndelege verda, eller sagt på ein annan måte: Alle konkretane i kyrkja var teikn som peika på den usynlege, åndelege verda. Eit eksempel frå mellomalderen sjølv på slik «lesing» av den synlege verda finn me i *Stavkyrkjepreika* og tilsvarande preiker. Her vil eg sjå litt nærmare på i kva samanheng *Stavkyrkjepreika* vart brukt, kyrkjemessedagen, korleis ho er bygd opp og kva ho kan fortelja om kyrkjebygget og den kristne trua. Eg vil her bruka *Stavkyrkjepreika* som eksempel på korleis mellomalderen sjølv såg på denne samanhengen mellom det synlege og det usynlege. Ho gjev dessutan eit godt innblikk i den firfaldige lese måten eller tolkingsskjemaet. Men først vil eg seia litt om sjølve vigslinga.

4.6.1 Vigsling av eit heilag bygg

I klebersteinen på det nordvestre hjørnet på tårnfoten i Kvinnherad kyrkje er det hogd inn to krossar omtrent 2,5 meter over bakkenivået, dette kan vera to vigslingskrossar som er hogne inn i samband med at kyrkja vart vigsla. Dessverre har me ingen ritual for vigsling av kyrkjene bevart frå Noreg, men frå andre land er dette bevart.²²⁸ Igjen kan me dra nytte av at kyrkja i Noreg var ein del av den overnasjonale kyrkja, og bruka det me veit frå andre land i kombinasjon me våre eigne kjelder, til å seia noko om sider ved kristendomen i Noreg. Ei god kjelde som fortel om vigsling av kyrkjene og årsfesten for vigslinga, er *Stavkyrkjepreika*.

²²⁶ Bruun og Istoft 2004:10; Härdelin 2005:514

²²⁷ Martling 2004:46-47; Härdelin 2005:61,323,325

²²⁸ Lidén og Hoff 2011:10; Schumacher 2005b:127

Vigsling av kyrkjer kjenner me til heilt frå oldkyrkja, og ordninga for vigslinga som gjaldt i Noreg i mellomalderen, ser ut til å ha røter tilbake til midten av 900-talet. I norsk samanheng veit me at kyrkjene vart vigsla mellom anna frå kristenretten i Gulatingslova. Der var det slått fast at ei av pliktene til biskopen var å vigsla kyrkjene. Me veit også frå andre land at vigslingsritualet var ein del av biskopen sine embetsplikter. I kristenretten fins det også føresegner for kva som kunne og ikkje kunne gjerast i ei kyrkje som enno ikkje var vigsla. Om biskopen hadde gitt lov til det, kunne ein halda gudsteneste der, men ein kunne ikkje gravlegga nokon der, om då ikkje kyrkjegarden var vigsla etter før. I svenske kristenrettar kjenner me til noko av utstyret som skulle finnast i kyrkja før ho kunne vigslast: messeklede, messekar, messehaket, stola og handdukar. Først når alt dette var på plass, kunne ein avtala med biskopen kva dag han skulle vigsla kyrkja.²²⁹

Å vigsla ei kyrkje, var eit viktig ritual med mange faste element. Dette var det mest kompliserte og dramatiske av alle rituala i kyrkja. Kva var innhaldet i eit slikt vigslingsritual? Igjen må me utanlands for å koma på sporet av dette. I Sverige er bevart nokre preiker som var til bruk på kyrkjemessedagen, som også vår eiga *Stavkyrkjepreik* var. I nokre av dei svenske preikene var vigslingsritualet kommentert, og særleg vart seks av momenta i vigslingsritualet omtalt. For det første skulle biskopen gå tre gonger rundt kyrkja før han banka tre gonger på den stengde kyrkjedøra. Så skulle kyrkja stenkast innvendig og utvendig med vievatn. Innvendig skulle han skriva alfabetet på latin og gresk i ei blanding av oske og sand som dekte golvet. Dette skulle vera krossarmar i ein kross, krossarmane skulle gå diagonalt frå hjørne til hjørne. Det skulle malast 12 vigslingskrossar på veggane, desse kan me framleis sjå i ei anna steinkyrkje frå mellomalderen: Tanum i Bærum. Så skulle det tennast lys ved desse og dei skulle salvast. I tillegg skulle også alteret vigslast, om ikkje dette var gjort tidlegare. I alteret i Kvinnherad kyrkje finn me som tidlegare nemnt framleis gøymestaden for relikvien. Naturleg nok kjenner me ikkje til om alteret i Kvinnherad vart vigsla samtidig med resten av kyrkja, eller i eit eige vigslingsritual, men me kan nokså sikkert gå ut frå at når alteret har vorte vigsla, har det samtidig vorte lagt relikvie i gøymestaden. I neste kapittel vil eg gå litt nærmare inn på relikviar og kva dei betydde i kyrkjene og for dei kristne i mellomalderen. Her vil eg berre peika på eit konsilvedtak i Nikea i år 787 som forbaud å vigsla ei kyrkje utan relikvie i alteret.²³⁰

²²⁹ Härdelin 1998:166-167; Spørck (red.) 2009:77; Schumacher 2005b:123; Härdelin 2005:118

²³⁰ Härdelin 2005:117,164-165; Härdelin 1998:171-172; Ekroll, Stige og Havran 2000:88-91

Kyrkjerommet var eit sakramentalt rom, og dette vart understreka gjennom at kyrkja vart vigsla. Fleire av dei svenske predikantane snakkar om at kyrkja vert vigsla for å vera eit bønhus. Ein av dei, Nicolaus Ragvaldi, viser til Thomas frå Aquino som framhevar at kyrkja vert vigsla til eit bønhus for menneska si skuld, ikkje for Gud si skuld, for Gud fins over alt. Eit anna formål med vigslinga var å på sett og vis ta tilbake kyrkja som Guds mark og visa bort dei vonde maktene.²³¹ Dette aspektet ved å vigsla til liturgisk bruk såg me også i samband med vigsling av klokkene. I tillegg til at kyrkja, alteret(a) og klokkene vart vigsla, gjaldt dette også «andre kostelege ting som er nytta til gudstenesta».²³²

4.6.2 Kyrkjemesse

Årsfesten for kyrkjevigslinga eller *kyrkjemessa* var ein av dei store festdagane i året, sjølv om han ikkje alltid vart feira på sjølv «fødselsdagen» for kyrkja, årsdagen for vigslinga. Vigslinga av kyrkja vart naturleg nok gjort når kyrkja var ny, me kunne derfor tru at kvinnheringane ikkje var godt kjent med dette ritualet. Men dette vart på sett og vis gjentatt ein gong i året på kyrkjemessedagen. Markeringa av årsdagen for vigslinga av kyrkja som ein festdag er nesten like gamal som sjølv vigslinga. Noko av det som markerte dette som ein festdag, var at det skulle haldast preik denne dagen, elles var det ikkje alltid preik i messa på søndagen. I preikene på denne dagen var det vanleg å bruka kyrkjebygget som utgangspunkt, eller «tekst» kan ein nesten seia. Det var i denne samanhengen at *Stavkyrkjepreika* vart brukt.²³³ Korleis dette er gjort i *Stavkyrkjepreika* skal me straks koma til. Men først vil eg knyta nokre litt meir generelle kommentarar til *Stavkyrkjepreika*.

4.6.3 Stavkyrkjepreika

Tidlegare i oppgåva har me også vore innom *Stavkyrkjepreika*, og sett på om ho kunne fortelja oss noko om korleis kyrkjebygget skulle sjå ut, men her er ho aktuell for å fortelja oss om korleis kyrkjebygget vart «lese». Sjølv om *Stavkyrkjepreika* i utgangspunktet ikkje handlar om ei steinkyrkje, som Kvinnherad kyrkje er, kan ho fortelja korleis det vart formidla at kyrkjebygget kunne «lesast». Ikkje minst fordi ho går inn i ein felleseuropeisk tradisjon av preiker til kyrkjemesse. *Stavkyrkjepreika* finn me i preikesamlinga *Gamalnorsk homilieboek*, som truleg er skriven ein gong på 1100-talet. Preikene i denne har nesten identiske trekk med preiker frå til dømes 200 år tidlegare av abbeden Aelfric.²³⁴ Ingen av desse to forfattarane har hatt som mål å vera originale. Dei følgde den same tradisjonen sjølv om det er 200 år mellom

²³¹ Härdelin 1998:183-190

²³² Jørgensen, Montgomery og Schumacher (red.) 1995:132

²³³ Härdelin 1998:166-168; Schumacher 2005b:123-124

²³⁴ I Noreg er det bevart eitt handskrive manuskript som er skriven ned rundt år 1200. Mellom dette og originalen er det minst eitt mellomledd, derfor er det vanleg å anta at originalen er skriven før 1150. Gunnes 1971:9,176

dei; ein tradisjon med linjer tilbake til forfattarar som kyrkjefaderen Augustin, munken Beda Venerabilis og pave Gregor den store.²³⁵

Stavkyrkjepreika kan me dela inn i fire delar: innleiing, hovuddel I, hovuddel II og avslutning.²³⁶ I desse ulike delane brukar forfattaren kyrkjebygget som «tekst», og tolkar det etter det firfaldige tolkingsskjemaet som me har vore innom tidlegare i oppgåva. Forfattaren startar med det historiske meiningslaget, og samanliknar kyrkjebygget med tempelet som vart reist av Salomo i Jerusalem, og vigslinga av dette. Som forfattaren sjølv seier det: «Av denne hendinga reiste kyrkjene seg og skikken med å halde årsdag for kyrkjevigsla».²³⁷ I den neste delen vert kyrkja tolka etter det allegoriske meiningslaget ut frå at ordet kyrkje *både* betyr kyrkjebygget *og* det kristne folket: «Men fordi kyrkja og heile den kristne kyrkjelyden vert nemnde med eitt namn i bøkene, da vil vi seie korleis kyrkja er merke på lyden eller korleis kristenlyden kan kallas Guds kjøt».²³⁸ Dette er ein tanke som me også finn andre stader, mellom anna i andre preiker frå mellomalderen. I hovuddel II kjem me til det tropologiske eller moralske meiningslaget, her vert dei ulike bygningsdelane tolka om den enkelte kristne: «[í] fordi kvar mann skal byggje ei åndeleg kyrkje i seg».²³⁹ I avslutninga kjem me så til det anagogiske meiningslaget, den himmelske dimensjonen: «Derfor held vi årsdag for kyrkjevigsla på jorda for at vi skal kunne halde evig kyrkjeårsdag. Det er sann fagnad for alle heilage i himmelen. Og den fagnaden vil vi få, dersom vi syner vår neste mangfald miskunn når det trengst».²⁴⁰ Her ser me at *Stavkyrkjepreika* vert brukt for å seia noko om korleis kyrkjebygget skulle lesast.

Eit anna aspekt eg vil trekka fram, er det same retoriske grepet som me har sett på tidlegare: Dei ulike delane eller konkretane vart brukt som knaggar for minnet som det kunne hengast teologiske poeng på.²⁴¹ I ein munnleg kultur som mellomaldersamfunnet var, har dette vore ein effektiv måte å hugsa på. Me ser igjen at *Stavkyrkjepreika* som Jensenius (2001) seier ikkje først og fremst har vore for å skildra ei «modellkyrkje», men som grunnlag for å formidla korleis kyrkjebygget skulle lesast.²⁴² Dei ulike tinga fungerer her som eksempel på teikn i den synlege verda som peika på den usynlege, åndelege verda.

²³⁵ Helle 1995:57; Schumacher 2005a:73; 2005b:123-124

²³⁶ Til dette og flg: Schumacher 2001; 2005b:124

²³⁷ Frøysadal 1999:79

²³⁸ Frøysadal 1999:80

²³⁹ Frøysadal 1999:81

²⁴⁰ Frøysadal 1999:83

²⁴¹ Ekroll, Stige og Havran 2000:28

²⁴² Jensenius 2001

4.6.4 Kva symboliserer kyrkjebygget?

Her ser me at heile kyrkjebygget var symbol eller teikn på den usynlege verda, dette vart formidla til lekfolket gjennom denne og liknande preiker. Kyrkjehuset vert eit symbol på den *eigentlege* kyrkja: forsamlinga, samfunnet av dei heilage. Denne kyrkja, forsamlinga, trer enkeltmennesket inn i ved å gå gjennom kyrkjedøra til eit rom som ikkje er tomt, men tvert imot fylt av synlege og usynlege sjeler.²⁴³ *Stavkyrkjepreika* brukar som me såg kyrkja som eit «bilete på heile den kristne lyden».²⁴⁴ Og denne kyrkjelyden fins ikkje berre i den synlege verda, men også den usynlege, «nokon av kristenlyden er i himmelen hos Gud».²⁴⁵ Gjennom denne og liknande preiker ser me igjen samanhengen mellom det synlege og det usynlege i mellomaldermenneska si verd. Dette er vanskeleg for oss å gripa heilt og fullt, men i mellomalderen hadde menneska ein kompetanse som me ikkje har lenger, dette med samanhengen mellom det synlege og det usynlege var ein heilt naturleg måte å sjå tilværet på. Forfattaren av *Stavkyrkjepreika* har gått ut frå at tilhøyrarane hadde denne evna til å sjå samanhengen mellom synleg og usynleg, mellom den fysiske verda og den åndelege verda, til å sjå gjennom vindaugo i overflata på det som fans bakom.

4.7 Jomfru Maria og helgenane

I den usynlege verda bakom overflata, var også alle dei heilage. Me har møtt på dei heilage fleire gonger undervegs, det er på tide å bli litt betre kjent med dei. Særleg med dei to kvinnene som var nemnt på klokka.

4.7.1 Kvinnene på klokka

Denne klokka heiter Katarina. Ver helsa Maria, ver helsa du gode mor. [Be] for oss jomfru Maria. Slik lydde innskrifta på klokka som seinare dessverre vart støypt om. Det er ikkje særleg tvil om kven Maria som var nemnt på klokka var, dette var til og med sagt i klårtekst: Det var jomfru Maria, ho som i følgje Bibelen vart valt ut til å bera fram og føda Guds einborne Son, men kven var Katarina som gav namn til klokka?²⁴⁶ Dette kjem me til om litt.

Med kristendomen kom helgenane til landet vårt. Sjølv no brukar me helgennamn på nokre av dagane i året, som til dømes jonsok, olsok og luciadagen, og alt tidleg var det vanleg å feira helgenane på visse dagar i kyrkjeåret. Helgenkulten vart svært viktig i mellomalderen, og det vart utvikla ein rik myte- og legendeskatt rundt helgenane. Jomfru Maria, apostlane og evangelistane var blant dei viktigaste helgenane. Helgenvitaet, legenda om livshistoria til ein

²⁴³ Hårdelin 2005:55; Hårdelin 1998:172,175; Schumacher 2005a:73

²⁴⁴ Frøysadal 1999:81

²⁴⁵ Frøysadal 1999:80

²⁴⁶ Matt 1,18ff; Luk 1,26ff

helgen, var ein populær litterær sjanger, og då særleg dei som fortalde om jomfruhelgenane.²⁴⁷

I eit helgenleksikon er det lista opp sju helgenar som lyder namnet Katarina. Ein av desse er jomfruhelgenen Katarina av Alexandria. Det er svært sannsynleg at det er ho som har gitt namn til klokka, dette er den same Katarina som fekk merka av helgendagen på primstaven i seinare mellomalder.²⁴⁸

4.7.2 Katarina av Alexandria

Legenda om Katarina som levde i Alexandria rundt år 300, er ei av dei best kjende legendene om ein jomfruhelgen. Denne legenda fortel om ei vakker og velutdanna rikmannsdotter som ikkje ville avsvurga den kristne trua og dyrka gudebilda. Ho vart fengsla og torturert for dette, og dei ville radbrekka ho, noko som er opphav til attributten hennar: hjulet. Dette lukkast ikkje, og ho vart halshogd i staden.²⁴⁹

Legenda om Katarina kom også til Noreg. På primstaven var merket for dødsdagen hennar, 25. november, oftast eikene på eit hjul, dette skulle visa til korleis ho etter legenda døydde. Men dette vart etter kvart feiltolka i Noreg, og Katarina vart «Kari med rokken». Andre spor etter Katarina i Noreg finn me i folkevisa «Liten Karin».²⁵⁰

4.7.3 Jomfru Maria

Kyrkjene i mellomalderen var vigsla til ein helgen. Kven som var vernehelgenen for Skåla kyrkje, veit me ikkje, men kanskje det at Maria var nemnt på klokka var fordi kyrkja var vigsla til henne? Maria gav namn til mange kyrkjer og kloster i Norden.²⁵¹

I oldkyrkja var det strid om forholdet mellom menneskeleg og guddommeleg natur i Jesus, før ein landa på at Jesus som han hadde levd på jorda, den inkarnerte Jesus, var ein person med to naturar, den menneskelege og den guddommelege naturen. Frå 431 vart Maria tildelt tittelen *Theotokos*: Ho som fødte Gud, eller Guds mor. Etter dette fekk Maria ein heilt spesiell status i den kristne kyrkja, og ho vart etter kvart den fremste av alle helgenane. På grunn av det heilt spesielle forholdet som ho hadde til Frelsaren Jesus Kristus, var det ingen som kunne måla seg med henne når det handla om å gå i forbøn for mellomaldermenneska.²⁵²

²⁴⁷ Gierow 1963:212; Steinsland 2012:144,147

²⁴⁸ Attwater 1965:209-213; Eckhoff 2000:122

²⁴⁹ Attwater 1965:209-210; Eckhoff 2000:123

²⁵⁰ Eckhoff 2000:122

²⁵¹ Gierow 1963:212

²⁵² Steinsland 2012:148; Schumacher 2005b:113; Bisgaard 1999:132

Forbøn til Maria var derfor svært vanleg i mellomalderen, særleg ved bøna *Ave Maria*, Verhelsa Maria. Denne bøna var godt kjent i norsk mellomalder, alle menneske skulle kunna utanåt denne saman med *Pater noster* (Fader vår) og *Credo* (truedkjeninga) på norsk. Me kjenner også til anna dikting som var retta til Maria. Eit norsk døme på eit slikt dikt som er bevart frå siste halvdel av 1300-talet, er diktet *Lilja* av munken Øystein Åsgrimsson. Her vender forfattaren seg til nettopp jomfru Maria, Guds mor, og ber om miskunn for syndene sine. Når dette diktet har fått tittelen *Lilja*, så viser det til eit velkjent symbol for Maria. Den kvite lilja som er symbol både på det reine og kyske ved Maria.²⁵³

Som me såg i samband med dei norske alterfrontalane, var Maria med barnet eit svært populært motiv. Dessutan var det vanleg med minst eitt Mariaalter, ofte var sidealteret på nordsida av koropninga vigsla til Maria.

4.7.4 Jomfru Maria og helgenane i forbøn for folk

Eit svært populært skrift, *Den gylne legenda* frå rundt 1260, kan fortelja oss om seks gode grunnar for helgendyrking. Blant desse finn me at helgenkulten først og fremst var til for Guds ære, at helgenane kunne vera til hjelp for det skrøpelege mennesket, og at dei var forbilde å følgja etter. Helgenane og særleg jomfru Maria kunne gå i forbøn for menneska, gjennom dette hadde menneska eit bindeledd til det guddommelege. Dessutan kunne helgenane gjera mirakel ved hjelp av Guds kraft, slik fekk menneska hjelp mot sjukdom og naud.²⁵⁴

Helgenane vart først og fremst feira på dødsdagen sin, fordi dette var den himmelske fødselsdagen. Det er dette me har spor av den dag i dag med dagar som til dømes jonsok og olsok. Som me såg var helgenane nær gjennom relikviane i alteret, og menneska søkte seg gjerne dit for bøn og andakt. Slik vart helgenane ein viktig del av kontakten som menneska hadde med kyrkja, og ikkje minst med den usynlege verda.²⁵⁵

Så langt har me konsentrert oss om kva kvinnheringane i mellomalderen møtte i sjølve bygget, og kva dei ulike konkretane skulle symbolisera. Som me har sett heile vegen gjennom kyrkja, var ho full av symbol eller teikn som peika på den usynlege, åndelege verda. I denne kyrkja fekk kvinnheringane formidla innhaldet i den kristne trua, dette vert det fokus på i det neste kapitlet.

²⁵³ Steinsland 2012:149,152-153; Schumacher 2005a:64-65; Steinsland 2012: 152

²⁵⁴ Hvalvik 2006:26; Duffy 2005:169-170; Steinsland 2012:147

²⁵⁵ Steinsland 2012:144; Källström 2011:300

5 Kristen tru og formidling

«Kor kristne» var kvinnheringane i mellomalderen? Var det slik at den kristne trua hadde trengt inn i dei breiare laga av folket? Hadde «Kristus tatt bustad i hjarta» til den vanlege kvinne og mann? Slike og liknande spørsmål er det fristande å stilla i ei slik oppgåve som denne.

I Noreg har slike problemstillingar vore diskutert sidan rundt 1. verdskrig då dei to norske historikarane Bull og Paasche var ueinige. Paasche meinte mellomaldermenneska i Noreg i stor grad var kristne ut frå det han fann i den norrøne diktinga, medan Bull ikkje såg på denne litteraturen som ei truverdig kjelde til folk sine liv og kva dei trudde på.²⁵⁶ Seinare har bidrag frå mellom anna mentalitetshistoria gjort at diskusjonen har dreia. Som me såg førte det mentalitetshistoriske perspektivet til at ein del litteratur fekk ein høgare status som kjelder enn dei tidlegare hadde hatt. I tillegg vert det i mentalitetshistoria lagt vekt på at det er vanskeleg å setja seg inn i fortida som såg til dels svært annleis på verda og tilværet enn me gjer i dag. I tråd med dette seier til dømes Källström (2011) at me ikkje kan forstå kva menneska tenkte eller kjente når dei gjekk inn i kyrkja, men me kan til ein viss grad rekonstruera kva dei såg.²⁵⁷ Nedkvitne (2009) argumenterer i den same retninga når han seier at me må starta med det som mellomaldermenneska vart fortalt gjennom Bibelen og truedkjeningane for å forstå enkeltbitar av det som vart formidla til dei.²⁵⁸ Härdelin (1998) har peika på at det er betre å undersøkje kva som vart forkynt for folk enn å ha som mål å vita kva som var innhaldet i trua som menneska sjølve hadde.²⁵⁹ Kjeldene våre er igjen for det meste normative, sjølv om det også fins nokre deskriptive kjelder som fortel om enkeltmenneske sitt fromme liv.²⁶⁰

Me kan dermed på bakgrunn av dei kjeldene me har ikkje seia noko særleg om «kor kristne» menneska i mellomalderen var. Det me derimot *kan* seia noko om, er korleis den kristne trua vart formidla gjennom undervisning, preiker, det symbolske i kyrkjebygget og gudstenestelivet, og gjennom dei forbilda som helgenane og andre fromme kristne var.²⁶¹

I dette kapitlet vil eg trekka fram nokre sider ved nettopp dette. Korleis vart den kristne trua formidla for kvinnheringane i mellomalderen *i* og *gjennom* Skåla kyrkje? Igjen vert dette berre bitar av eit større puslespel, og med Danbolt (1986) kan me seia at «vår rekonstruksjon

²⁵⁶ Schumacher 2005b:106

²⁵⁷ Källström 2011:311

²⁵⁸ Nedkvitne 2009:32

²⁵⁹ Härdelin 1998:159

²⁶⁰ Michalczak 2009:10,44

²⁶¹ Härdelin 1998:159-160

vil aldri helt kunne dekke fortidens virkelighet. [Det] oppleves av oss som underlig fremmed, fordi det er så fjernt fra vår egen virkelighet».²⁶²

5.1 Eit fromt liv

Sjølv om me ikkje kan vita kva som budde i menneska sine hjarte, veit me noko om kva som var idealet: menneska skulle leva eit fromt liv. I mellomalderen handla dette som me har sett mykje om praksis, handling gjennom mellom anna å delta i og bruka rituala. Det å vera til stades i messa var ein fullgod måte å be på, det å høyra messa og å sjå det vigsle brødet var til velsigning både åndeleg og kroppsleg. Men kva med den personlege kristentrua? Mest sannsynleg ville dette vera meiningslaust å snakka om. Som me har sett la dei større vekt på det kollektive ved kristendomen enn det individuelle. I tillegg var ikkje innhaldet i kristendomen noko ein *trudde på*, det var noko ein *visste*, som ein ikkje stilte spørsmål til. Det var først seinare at det vart mulig å ikkje tru på det kristne budskapet.²⁶³

Likevel har nok enkelte lagt meir vekt på å leva eit fromt liv enn andre, det fans enkeltmenneske som den kristne trua betydde mykje for. Dette vitnar til dømes ein del bevarte andaktsbøker og tidebønsbøker om. Ordet «andakt» er vanskeleg å definera, men i mellomalderen var mellom anna bøn, faste, deltaking i prosesjonar og pilegrimsreiser måtar å leva eit andaktsliv på. Dei levande kunne gjennom, andakt bøn og messer gjera sitt til å mildna og korta ned tida i skjærselden for dei som var døde.²⁶⁴ Meir velstående menneske var i stand til å stifta alter og/eller sjelemesser slik at dei var sikra at nokon bad for dei etter at dei var døde.

Også skriftemålspraksisen kan fortelja oss om noko om kva eit fromt liv var. Igjen har det samanheng med den sterke vekta som vart lagt på døden og skjærselden. Gjennom skriftemålet og botssakramentet vart ein pålagt timelege straffer, straffer som skulle bøtast gjennom botshandlingar. Dei botshandlingane som ein ikkje rakk å fullføra i dette livet, måtte ein bota for i skjærselden. Ved å ikkje gå oftare til skrifte ein den eine gongen i året som var pålagt, kunne det vera synder som ikkje var skrifton og/eller bøtt for, som ein måtte bota i skjærselden. Dermed var det mange som gjekk til skriftemål fleire gonger i året, skriftemålet hadde vorte ein måte å leva eit fromt liv på.²⁶⁵

²⁶² Danbolt 1986:39

²⁶³ Amundsen 2005:168; Schumacher2005b:129; Källström 2011:39; Schjødt 2010:382

²⁶⁴ Källström 2011:41,292-293

²⁶⁵ Ingesman 2010: 283-296

Som me såg i kapittel tre var det ei usynleg, åndeleg verd under overflata, den synlege verda, med teikn i den synlege verda som peika på sanningane i den åndelege verda. Men desse teikna var berre synlege i lys av den kristne trua. For å kunna tolka teikna rett og sjå gjennom overflata måtte ein vera rein i hjarte og sinn, ein måtte leva eit fromt liv.²⁶⁶

5.2 Formidling i og gjennom Skåla kyrkje

Gjennom sansane møtte kvinnheringane kyrkja si og det som skjedde der. På veg til kyrkja og gudsteneste har kvinnheringane gjennom synet sett den høgreiste kyrkja som skodar ut over kvinnhersbygdene, og dei har høyrte kyrkjeklokkene som kallar til gudsteneste. Det høgreiste ved kyrkja kan vera basert på den same ideen som gjorde at dei store gotiske katedralane vart svært høgreiste, målet var å strekkja seg lengst mulig mot himmelen og mot Gud. Klokkene har vore symbol på bodberarane frå Gud i frelseshistoria, profetane som bar bod om at Herren skulle koma, og apostlane som skulle bera bodet ut i verda om at han var komen.²⁶⁷

Når dei så var gått inn gjennom kyrkjedøra anten på nordsida eller sørsida, vart dei møtt av andre synsinntrykk: Eit rom der det var høgt under taket, og som nok var rikare utstyrt enn heimen. Her var mest truleg også fleire brennande lys. Døypefonten som dei gjekk forbi minna om at det var gjennom dåpen dei vart innlemma i den kristne skaren. Kjensla av vigslevatnet som dei dyppa fingrane i på veg inn i gudstenesta minna om det same. Fremst i kyrkja var koret og høgalteret bak korskiljet og kanskje lektoriet, medan i skipet var det i alle fall eit Maria-alter på venstresida av korbogen, og eit alter til kyrkja sin vernehelgen eller ein annan helgen på høgresida. Kanskje høyrde dei enno kyrkjeklokkene, eller kanskje var det nokon som song? Lukt av røykjelse og brennande lys var der også, røykjelsen vart flittig brukt under gudstenesta.

Alt før messa starta har det altså vore mange sanseinstrykk som har formidla noko om den kristne trua. I messa vart det nye sanseinstrykk, igjen var det synsinntrykk, lydar, lukter og kjensler. Kyrkjerommet og det som skjedde der var noko heilt anna enn det kvardagslege i heimen.

Men kva var det som vart formidla gjennom alle desse sanseinstrykka? Først og fremst frelseshistoria som me har møtt på fleire gonger undervegs slik ho vart framstilt i den nikenske truedkjeninga, *Credo*. I frelseshistoria vart både bakgrunnen for den kristne trua og målet for det kristne livet formidla, dette var gjort mulig gjennom inkarnasjonen og

²⁶⁶ Hårdelin 2005:302,314

²⁶⁷ Jørgensen, Montgomery og Schumacher (red.) 1995:131

krossfestinga. Det var eit krav å kunna den nikenske truedkjeninga, både den latinske teksten, og kva dette betydde på norrønt, på folkespråket. Det same kravet gjaldt også Herrens bøn, *Pater noster*, og bøna til jomfru Maria, *Ave Maria*, dette var slått fast i kristenrettane. Gjennom å kunna seia fram truedkjeninga, og å kunna bruka øyre og augo i kyrkjerommet hadde lekfolket fått med seg det viktigaste innhaldet i den kristne trua.²⁶⁸

Frelshistoria vart også formidla gjennom preika, som heilt frå 800-talet skulle vera på folkespråket. Som me har sett i *Stavkyrkjepreika* kunne forfattaren av preikene bruka konkretar som knaggar for minnet. Gjennom å sjå dei ulike delane av kyrkjebygget, vart menneska minte om ulike delar av den kristne trua og frelseshistoria. Også utsmykking, mellom anna maleri, skulpturar og tekstilar, formidla det same innhaldet. Biletframstillingane var ikkje først og fremst kunst og utsmykking, men skulle formidla eit innhald. Og dette innhaldet kunne ó som ulike tekstar ó tolkast anten typologisk eller ut frå det firfaldige tolkingsskjemaet.²⁶⁹

I kristenretten i Nyare Gulatingslov finn me at biskopen hadde hovudansvaret for den kyrkjelege formidlinga eller undervisninga: «Biskopen vår skal til alle kirkene sette prester som han vet kan holde rett gudstjeneste for Gud og folk, og som kan yte de tjenester som hører til det prestelige embedet».²⁷⁰ Dette sytte biskopen for mellom anna på stiftssynodane der prestane fekk undervisning frå biskopen. Slik vart ansvaret for undervisning delegert til det lokale presteskapet. Kor godt prestane var utdanna, var nok svært varierende, men kanskje Skåla som fjerdingskyrkje og hovudkyrkje hadde betre utdanna prestar enn mange andre kyrkjer? Igjen veit me lite om dette, men me veit noko om kva som var kyrkja sitt «formidlingsprogram», kva presteskapet skulle formidla til kyrkjelyden. Først og fremst skulle som me såg alle over femten år kunna *Credo*, *Pater noster* og *Ave Maria*. I tillegg til dette skulle prestane gjennom preikene undervisa mellom anna om dei ti bodorda, dei sju dødssyndene og dei sju kardinaldygdene.²⁷¹

I neste kapittel skiftar me fokus frå kyrkja på Skåla, og formidling i og gjennom henne, til korleis kristendomen kom til å verka inn på kvardagen.

²⁶⁸ Spørck (red.) 2009:74; Schumacher 2005b:118

²⁶⁹ Det firfaldige tolkingsskjemaet er skildra i kap 3

²⁷⁰ Spørck (red.) 2009:78

²⁷¹ Duffy 2005:264-265

6 Korleis verka kristendomen inn på dagleglivet?

Så langt i oppgåva har eg tatt utgangspunkt i det synlege teiknet på at kvinnheringane i mellomalderen hørde til i det kristne Europa, Kvinnherad kyrkje. Gjennom at det vart reist kyrkjer, var landskapet endra frå slik det hadde vore i den førkristne tida. I starten av oppgåva plasserte eg kyrkja på Skåla i eit religiøst landskap der me såg på andre kyrkjer og klosteret i nærleiken, og me såg kor ho hørde heime i det kyrkjelege hierarkiet. Men me kan også leggja eit anna innhald i ðet religiøse landskapet. Det vaks fram heilage stader utanfor kyrkjene, som delvis var utanfor kyrkja sin kontroll. Til dømes kjenner me til ein heilt del heilage kjelder der helgenane hadde vist seg eller gjort noko minneverdig. Den heilage krafta var viktig i menneska sitt liv, dette ser me også i samband med prosesjonar på det som vart kalla *gangdagar*. Det var fem slik i det katolske Noreg, tre dagar før Kristi himmelfartsdag, 1. mai og 25. april. Då var det prosesjonar for å velsigna jorda der det skulle veksa mat til folk og dyr. Det same innslaget av å be om hjelp frå den usynlege verda, finn me i skikken rundt det å så. Det var vanleg å understreka alvoret i den heilage handlinga dette var, ved å seia til dømes «I Jesu namn» eller «Gud signe grøda» når ein spreidde såkornet. Andre døme på at det var vanleg å be om vern og velsigning, finn me til dømes på reiskapar og bruksting for mat og produksjon av mat, der det var vanleg å mala eller skjera ut krossteikn.²⁷²

Ikkje berre førte kristendomen til at det geografiske og det religiøse landskapet vart endra, men også dagleglivet vart prega av at Noreg vart eit kriste land. Gjennom kyrkja og ved deltaking i gudstenestelivet der, men også i kvardagen greip kristendomen inn. Her vil eg peika på nokre område i livet som særleg vart prega av at kvinnheringane var ein del av det kristne fellesskapet.

I kapittel tre har eg sagt litt om korleis det kristne idégrunnlaget i mellomalderen kan skildrast. Dette verka på mange måtar direkte inn på kvardagen til menneska i mellomalderen, sjølv om vanlege menneske kanskje ikkje kjente til eller forstod dette direkte. Det var likevel dette idégrunnlaget som høgare geistlege, presteskap og klostervesen hadde som bakgrunn når dei utforma normative reglar, påbod og forbod. Slik verka dette indirekte inn på dagleglivet til mellomaldermennesket, særleg i form av påbod, tidsrytme, helgendyrking og formidling av den treeinige guddomen og frelseshistoria. Likeså ideen om den todelte verda, den synlege og den usynlege, verkelege verda, som førde til både redsle for skjærselden, og at folk faktisk kunne vera redde for å ikkje nå den verkelege verda i det heile. Samtidig hadde dei også med kristendomen fått eit håp om eit liv etter dette, eit liv i den himmelske herlegdomen. Som

²⁷² Schumacher 2005b:114; Hodne 1999:150-151

tidlegare nemnt var handlingane i kvardagen like mykje bestemt av frykt for fortaping og skjærselden, og håpet om frelse, som dei var bestemt av behov for mat og klede. Truleg var dette med å forma kvardagen monaleg samanlikna med tida før.

I Noreg var det framfor alt kristenrettane som la føringar for det kristne livet. Som me har sett, vart sannsynlegvis dei første kristenrettane innført i første halvdel av 1000-talet, og når Skåla kyrkje vart bygd, sannsynlegvis i siste halvdel av 1200-talet, var dette ein vel innarbeidd del i Gulatingslova og etter kvart i Landslova av 1274. Kristendomen var gjennom kristenrettane ei normativ samfunnsmakt i mellomalderen. Eg vil her ved hjelp av tre ordpar seia noko om korleis mellom anna kristenrettane fortel oss at kristendomen verka inn på dagleglivet. Dei tre ordpara eg vil bruka er «kvardag og helg», «lekfolk og geistlege» og «liv og død». Me startar med:

6.1 Kvardag og helg

Med kristendomen kom det sannsynlegvis ein rytme i dagleglivet. Veka var delt inn i sju dagar. Den første dagen i veka, søndagen, skulle vera kviledag og skulle haldast heilag. Å halda dagen heilag betydde særleg to ting, for det første gudstenesteplikt «om de ikkje har nødvendig eller lovlig forfall».²⁷³ Eit slikt lovleg forfall kunne vera lang avstand til kyrkja, då burde ein heime halda dagen heilag ved å knela vendt mot kyrkja og seia fram *Fader Vår* og *Ave Maria* nokre gonger. Dessutan betydde det å halda søndagen heilag at ein ikkje skulle gjera anna arbeid enn det aller mest nødvendige. Det var til dømes lov å berga høy, korn og anna grøde om nødvendig.²⁷⁴

I tillegg til at kvar søndag var heilag og dermed kviledag, var det ei rekkje andre festdagar og helgedagar som var heilage i noko ulik grad. I Gulatingslova sin kristenrett hadde festkalendaren 37 helgedagar i tillegg til dei store høgtidene jul og påske, og sjølvsagt alle søndagane. Slik var minst fjerdekvar dag i året heilag.²⁷⁵ 14 av desse var like heilage som søndagane med «faste og nonhelg» før helga, det vil seia at helga og helgedagsfreden starta ved non, klokka 15 på laurdag.²⁷⁶ Det store talet på helgedagar har ein merka godt i dagleglivet. Nokon kunne sannsynleg tenkt seg litt færre heilage dagar slik at arbeidet gjekk sin gang, medan andre har nok vore takknemlige for ein pause frå kvardagen.

²⁷³ Spørck (red.) 2009:87

²⁷⁴ Helle 2001:185, Bagge 2005:97; Hårdelin 2005:112; Spørck (red.) 2009:189

²⁷⁵ Helle 2001:187-188

²⁷⁶ Spørck (red.) 2009:83,86,189

I samband med alle helgedagane kom også kravet om faste. Det var litt ulike måtar å fasta på, ale etter kor heilag dagen var. I tillegg til faste i samband med helgedagane, var det faste kvar fredag, langfaste 40 dagar før påske, og det som vart kalla tamperdagar. På same måten som med alle helgedagane har sannsynlegvis mange funne alle fastedagane vanskelege å halda, ikkje minst for dei med tungt fysisk arbeid var nok dette vanskeleg.

Eit anna fast innslag i dagleglivet, var skriftemål og nattverd. Det var pålagt å gå til skrifte og nattverd ein gong i året, ofte gjorde ein dette i samband med gudstenesta 1. påskedag.

På same måten som veka og året fekk ein rytme, fekk også dagen det. Me har alt sett glimt av dette: helga som startar ved non dagen før den verkelege helgedagen. Non kjem av *nona hora* som betyr den niande timen, ei av tidebønene i klosteret var på dette tidspunktet. Dei ulike tidebønene var til minne om ulike delar av frelseshistoria, til dømes var non «Herrens dødsstund».²⁷⁷

Med eit så komplisert bilde over søndagar, helgedagar, festdagar og dagar som det skulle fastast på, var det behov for nokon som minna menneska på dette. Dette leier oss over til det neste ordparet:

6.2 Lekfolk og geistlege

For det var presten si plikt å syta for at menneska ikkje vart «dagville», presten skulle opplysa om «helg eller faste».²⁷⁸ Dette var gjort ved å senda bodstikker med innskoren kross i som skulle minna folk om helgedagane. Og om presten ikkje hadde gjort plikta si her, kunne ikkje menneska skuldast for om dei ikkje heldt helgedagen heilag.²⁷⁹

Gjennom skriftemålet som alle skulle ha minst ein gong i året, fekk prestane godt innblikk i dagleglivet til folk. At somme av prestane dermed har vorte freista til å utnytta kunnskapen dei tileigna seg på denne måten, kan nok henda, men det var streng straff for prestar som braut teieplikta: «Da skal vigselen tas fra ham, biskopen skal ha hans gods, og han skal settes i det strengeste kloster til evig anger».²⁸⁰ Ei slik innsikt i andre menneske sitt liv kan prestane ha fått også på andre måtar. Sidan folk flest ikkje kunne lesa og skriva, måtte ofte prestane hjelpa til med å lesa og skriva brev, testamentar og liknande.

²⁷⁷ Jørgensen, Montgomery og Schumacher (red.) 1995:136

²⁷⁸ Spørck (red.) 2009:87

²⁷⁹ Gunnes 1976:305; Spørck (red.) 2009:87

²⁸⁰ Lysaker 1991:9

Lekfolket hadde plikt til å bygga kyrkjer, «holde oppe» kyrkjene, og dei skulle betala tiend slik at kyrkjene kunne fungera. Dei geistlege hadde på si side plikter som dei skulle halda. Prestane var som me har sett pliktige til å formidla den kristne trua til menneska, men dei hadde også mange andre plikter. Som vederlag fekk dei ein fjerdedel av tienda, men det var også vanleg å betala prestane for nokre tenester i tillegg til tienda. Ei anna utgift var Romaskatten, ein penning i året skulle «den hellige Peter i Roma» ha.²⁸¹ I tillegg skulle biskopen ha støtte til reise og opphald når han kom på visitas og ved kyrkjevigsling. Andre utgifter var gåver, arv og betaling for sjelemesser og provent²⁸². Utgiftene vart ofte betalt med jordegods, dette gjorde at i slutten av mellomalderen var så og seia alt jordegods i Noreg på kyrkja sine hender, bortsett frå det som var kongsgods. Dei fleste vanlege folk var leiglendingar med til dels tunge økonomiske byrder, og overskotet av produksjonen gjekk for det meste inn i kyrkja.²⁸³

Det var strenge bøter for å bryta helgedagsfreden, bøtesatsen auka etter kor heilag dagen var. Andre brotsverk mot kristenretten kunne også bøtleggjast. Særleg brot på fasten vart hardt straffa. Ein kunne bli straffa på andre måtar enn med bøter, mellom anna kunne ein bli pålagt å fasta fleire dagar enn andre, eller ein kunne bli pålagt kortare eller lengre pilegrimsferder. Dette var tilfellet på den andre sida av Hardangerfjorden frå Skåla i 1325. I Fusa vart ei kvinne med namnet Ragnhild tregagås funnen skuldig i både trolldom, hor og incest, og vart etter kvart pålagt å fasta to dagar resten av livet, dessutan skulle ho på utanlands pilegrimsferd i sju år. Frå utlandet kjenner me til at det vart skilt mellom «minor» og «major», kortare og lengre pilegrimsreiser alt etter kor alvorleg brotsverket var.²⁸⁴ Kanskje vart straffa til Ragnhild tregagås rekna som «major»?

6.3 Liv og død

Det tredje og siste ordparet eg har brukt om korleis kristendomen verka inn på dagleglivet til folk, handlar om ulike sider ved liv og død.

Noko av det første som skjedde i menneska sitt liv, var dåpen. Gjennom denne vart ein innlemma i den kristne skaren. Helst var det presten som skulle døypa, og helst i kyrkja, men sidan det var viktig med dåpen for fullgod frelse, var det i kristenretten opna for nøddåp. Gjennom dåpen vart det oppretta åndeleg slektskap mellom den som utførte dåpshandling og den som vart døypt, fadrane, og dei biologiske slektingane til desse. Ein kunne ikkje gifta

²⁸¹ Spørck (red.) 2009:88

²⁸² Alderdomsopphald i eit kloster

²⁸³ Spørck (red.) 2009:76-77; Helle 2001:206; Lunden 1976:282-297

²⁸⁴ Spørck (red.) 2009:147-148,189; Gunnes 1976:305; Webb 1999:51

seg med nokon som ein var åndeleg i slektskap med, på same måte som ein ikkje kunne gifta seg for nært i det biologiske slektskapet. Heilt fram til 1215 og det fjerde Laterankonsilet var det forbode å gifta seg med nokon som var nærmare i slekt, biologisk eller åndeleg, enn sjumeningar, i 1215 vart dette endra til firmeningar. I små bygder der det var langt til grannebygda må det ha vore ei utfordring å finna ein passende ektemake! Heldigvis ser me at kristenretten også kunne vera pragmatisk: om «far eller mor har døpt barnet sitt i slike nødsfall, da skal den slags religiøst slektskap ikke forårsake skilsmisse i deres ekteskap».²⁸⁵

Det vart lagt vekt på at det skulle vera opp til kvar enkelt å sjølv velja ektemake, ingen skulle tvingast inn i eit ekteskap dei ikkje var einige i. Idealet var truloving først og bryllaup innan eitt år etter trulovinga. Ekteskapet var eit av dei sju sakramenta, og var i seg sjølv eit teikn på den usynlege verda: det skulle symbolisera eit ekteskap mellom Kristus og kyrkja, den kristne skaren, gjennom jomfru Maria. Det at ekteskapet var eit sakrament gjorde også at det var ubryteleg, så ekteskapsbrot var hardt straffa.²⁸⁶

Om kyrkja var der i starten av livet med dåpen, var ho der også i slutten av livet, først med den siste olja, og deretter gravferda. Om gravferda har kristenretten i Gulatingslova mykje å seia. For det første kunne ein verta gravlagd i kyrkja om biskopen tillèt det, dette såg me hadde skjedd i kyrkja på Skåla. For det andre kunne ikkje alle gravleggjast i den vigsla jorda på kyrkjegarden. Å bli utestengd frå kyrkjegarden var alvorleg, for gravlegging i kristen jord var avgjerande for frelsa. Kyrkja (presten) kunne heller ikkje delta i gravlegging utanfor kyrkjegarden. I nokre tilfelle var det nødvendig å få lov av kongen til å gravleggja i vigsla jord. For det tredje var det ikkje alle dagar det kunne leggjast folk i grava, men den avdøde skulle heller ikkje «stå inne mer enn fem dager uten nødvendig grunn».²⁸⁷

Me ser at kristenretten, og gjennom denne også den kanoniske retten, set sitt preg på dagleglivet til folk. Livet vart til dels svært annleis organisert enn før kristendomen kom til landet, og menneska sine liv var strengt regulert gjennom kristenretten. Samtidig ser me at det fins praktiske løysingar i vanskeleg situasjonar. Det er også uvisst i kor stor grad kristenretten speglar det verkelege livet, sjølv om det fins bevart ein del rettssaker som viser kva folk vart dømt for.²⁸⁸

²⁸⁵ Spørck (red.) 2009:73

²⁸⁶ Spørck (red.) 2009:193,195; Hårdelin 2005:350-351

²⁸⁷ Spørck (red.) 2009:81,79-82,187

²⁸⁸ Spørck (red.) 2009:7,148,151

I kapittel fem og seks har me sett at sjølv om me ikkje kan seia mykje om «kor kristne» menneska i mellomalderen var, så kan me for det første (kapittel fem) få innblikk i kva som vart formidla til dei om den kristne trua, og for det andre (kapittel seks) veit me ein del om korleis kristendomen har verka inn på dagleglivet, mellom anna gjennom kristenrettane.

7 Reformasjon og barontid ó endringar i eit heilagt bygg

Kyrkja har gjennom dei kanskje 750 ára ho har stått vore gjennom endringar som speglar reform i kristendomen og utvikling i samfunnet. Det er først og fremst to store omveltingar for kyrkja og bygda som har sett preg på Kvinnherad kyrkje: Reformasjonen som vart innført i Noreg i 1537, og barontida frå 1678 og like inn på 1900-talet.

Slottet Rosendal vart bygd av den danske adelsmannen Ludvig Rosenkrantz. Han gifte seg i 1658 med den rike arvingen Karen Mowat, og dei bygde seg slott på garden Hatteberg, som dei hadde fått i bryllaupsgåve. Slottet Rosendal vart ferdig i 1665, og vart opphøgt til lensbaroni i 1678. Samtidig vart kyrkja på Skåla ein del av baroniet, seinare stamhuset Rosendal. Dette var ho heilt til i 1910, då ho som ei av dei siste privatkyrkjene i Noreg vart gitt tilbake til kyrkjelyden.²⁸⁹

Her vil eg i grove trekk skildra nokre av endringane som Kvinnherad kyrkje har gått gjennom i kronologisk rekkefølge, først og fremst dei som er resultat av at kristendomen endra seg. Dei eldste rekneskapane som gjev opplysningar om Kvinnherad kyrkje, stammar frå 1659, altså omtrent samtidig som Rosenkrantz-slekta kom til bygda.²⁹⁰ Rekneskapane vitnar om at Kvinnherad kyrkje har vore gjennom mange utskiftingar, vøler og endringar sidan 1659, endringar frå før dette veit me mindre om.

Frå andre kjelder og andre kyrkjer veit me at biletlege framstillingar vart utsett for til dels hard sensur etter at reformasjonen vart innført. Ein skulle ikkje lenger tilbe helgenane, og helgenbileta vart derfor fjerna. Ein av dei første etterreformatoriske biskopane i Bergen, Jens Pederssøn Skielderup, meinte at det guddommelege Ordet burde pryda kyrkjene, til dømes i form av bibelsitat. I 1572 gav han ut ei bok i København, der han argumenterte for at «Affgudiske Billeder oc Stytter udi Kirckerne» skulle fjernast.²⁹¹ Tre år tidlegare, i 1569, hadde det vore ein stiftsynode i Bergen, der nettopp dette vart vedteke: Bileta i kyrkjene, bortsett frå Kristusbilde i høgalteret, skulle fjernast.²⁹² Den nye kyrkja la slik vekt på Ordet, på Bibelen.

Eit utslag av dette var såkalla katekismustavler, som brukte både ord og bilde for å formidla det viktigaste innhaldet i den kristne trua. På Onarheim på øya Tysnes fans det på tidleg 1800-tal restar av ei katekismustavle i ei skapdør. Denne katekismustavla skulle ha vore frå ei av

²⁸⁹ <http://www.baroniet.no/no/slottet1665.php> 9.8.12; Ekroll, Stige og Havran 2000:140

²⁹⁰ Lidén og Hoff 2011:28

²⁹¹ Amundsen 2005:182; http://snl.no/.nbl_biografi/Jens_Pederss%C3%B8n_Skielderup/utdypning 12.8.12

²⁹² Skaala 2004:35

kyrkjene i Kvinnherad. Kanskje var ho frå hovudkyrkja på Skåla. På denne tavla stod truvedkjenninga og ei tilvising til Joh 3,16, i tillegg til årstalet 1599.²⁹³

Eit anna utslag av den lutherske kristendomen var at det vart lagt større vekt på preika under gudstenesta. Det hadde vore preiker på gudstenestene i mellomalderen også, men no vart prestane si viktigaste oppgåva å preika på gudstenesta. Som resultat av dette vart det sett opp preikestolar i kyrkjene, slik at presten kunne bli høyrte av heile kyrkjelyden. Preikestolen var opphøgd både fordi folk skulle høyra presten betre, men dette skulle også symbolisera vektlegginga av Guds ord. Preikestolen som står i Kvinnherad kyrkje i dag er den same som vart sett opp rundt 1630. Han er eit sekskanta renessansearbeid med fem dekorerte sider, på fire av desse er evangelistane framstilt.²⁹⁴

Den neste endringa som me finn spor av, er den noverande takkonstruksjonen som sannsynlegvis er frå 1600-talet før 1659, for han er ikkje nemnt i rekneskapane. Himlinga som er tønnekevelforma er malt blågrå og overstrødd med stjerner, i himlinga i koret er det også malt ei framstilling av krossfestinga, dette var kanskje gjort i 1692 då ein malar vart betalt for «at Mahle med Farfue».²⁹⁵

Like etter at slottet Rosendal var ferdig i 1665, vart det gjort omfattande arbeid i kyrkja. Mellom anna vart det laga ein ny skriftestol, nytt golv i koret og rekkverk rundt alteret i 1668. I 1670 vart det bygd eit gravkapell til baronen og familien hans vart bygd på nordsida av skipet. Dessutan vart det sett inn benkar i 1670. Saman med preikestolen er benkane dei mest typiske uttrykka i det lutherske kyrkjerommet, sidan noko av det viktigaste i den lutherske gudstenesta var å sitja i benkane og høyra på det presten sa frå preikestolen.²⁹⁶ Kan me sjå dette som eit forsøk på å disiplinera kyrkjelyden?

Altertavla frå 1705 er også nemnt i rekneskapa. Denne er ei høg «portaltavle» i seinbarokk med to store bildefelt. Øvst er det ei framstilling av krossfestinga og nedst ein framstilling av innstiftinga av nattverden. Over desse er det eit mindre bildefelt som viser Kristi oppstode. Maleria er utført av Hans Sager. Altertavla har også ein del ornamental utsmykking, og statue av Moses med lovtavlene og Aron med krone og røykjelseskar. Altertavla var ei gåve frå baronen Axel Rosenkrantz, og dette finn me også igjen på tavla: Framom bordet på bildet av

²⁹³ Amundsen 2005:183; Skaala 2004:142; Bendixen (1904) referert hos Lidén og Hoff 2011:12

²⁹⁴ Amundsen 2005:194; Skaala 2004:127; Lidén og Hoff 2011:14; Ekroll, Stige og Havran 2000:141

²⁹⁵ Lidén og Hoff 2011:11,8; Skaala 2004:136

²⁹⁶ Lidén og Hoff 2011:4,9-10,14,16; Amundsen 2005:184

nattverden er våpenskjoldet til Rosenkrantz-slekta malt. I samband med at den store altertavla kom, vart vindauga i austveggen i koret mura igjen i 1703-1704.²⁹⁷

Seinare på 1700-talet, rundt 1750 vart døypefonten flytta fram i koret, noko som betre hang saman med det lutherske sakramentssynet, der dei to attverande sakramenta dåp og nattverd var likestilte.²⁹⁸

I 1812 vart så korskiljet (og kanskje lektoriet?) fjerna. Seinare på 1800-talet, i 1832, kom det første orgelet til kyrkja. Samtidig vart det bygd tverrgalleri langs vestveggen, dette gjekk over i baronstolen på nordveggen. Så vart kyrkja nyinnreia og alt i 1875, no vart også den nye døypefonten vart sett inn.²⁹⁹

I 1910 var den lange perioden i baronen si eige over for kyrkja. Nokre år før dette, i 1904, var det representantar frå departementet på synfaring i kyrkja. Det vart laga ein tilstandsrapport, og her vart det kalkulert med at restaureringa skulle kosta 17.000 kroner. Men kyrkja var i dårlegare stand enn tilstandsrapporten synte, og sluttrekneskapet vart på omtrent 28.000 kroner. Dette er kanskje den mest omfattande restaureringa som er gjort i Kvinnherad kyrkje. Ein vølte mellom anna tårnet, taket, kalka kyrkja på nytt, fundamentet vart vølt nokre stader, og austvindauga i koret vart opna igjen. I dette vindauga vart det no sett inn glasmaleri, og altertavla vart flytta ut i våpenhuset. Baronstolen og tverrgalleriet på vestveggen vart fjerna, det nye orgelgalleriet vart noko høgare enn det gamle, og det vart sett inn eit nytt orgel. Dessutan kom det nye benkar til kyrkjelyden.³⁰⁰

I tillegg til det eg her har skissert av endringar i kyrkja, har det fleire gonger vore reparasjonar av mellom anna tårnfoten, tak og vindaugo.³⁰¹

Som me ser, har kyrkja og kyrkjerommet i dag tydelege spor etter endringar gjennom mange hundre år. I dag er det nesten berre sjølv bygget som står fram slik det gjorde i mellomalderen, alt inventar bortsett frå alteret er til dels mykje nyare. Ein kan spørja seg om det at kyrkja var fjerdingskyrkje og hovudkyrkje har gjort at ho vart sterkare prega av endringar som reformasjonen førte med seg, enn andre mellomalderkyrkjer vart. Eg tenkjer då på til dømes fjerning av helgenbilde. Eller kan dette heller vera eit utslag av dei første etterreformatoriske prestane? Skaala (2004) antyder at dette siste er tilfelle, men Amundsen

²⁹⁷ Lidén og Hoff 2011:7,13, Ekroll, Stige og Havran 2000:141; Skaala 2004: 142

²⁹⁸ Skaala 2004:147

²⁹⁹ Lidén og Hoff 2011:11,14,16; Skaala 2004:120

³⁰⁰ Skaala 2004:80-82

³⁰¹ Lidén og Hoff 2011:3-9

(2005) meiner at det har vore overvurdert kor stort bidraget frå det lokale presteskapet har vore, og at endringane i kyrkjerommet som resultat av reformasjonen skjedde helst langsamt.³⁰² Men me såg også at ein av dei første etterreformatoriske biskopane i Bergen, Jens Skielderup, hadde heilt bestemte meiningar om bilda i kyrkjene. Har presten frå Kvinnherad som var på synoden i 1569 tatt biskopen og vedtaket frå synoden meir alvorleg enn prestar frå andre kyrkjer?

Spora etter endringar som er gjort i Kvinnherad kyrkje er for det meste tydelegare enn spora som er igjen frå mellomalderen. Då er det to nye spørsmål som melder seg. Hadde spora av mellomalderen i kyrkja vore tydelegare om det hadde vore gjort færre endringar i ho? Og vart ho utsett for fleire endringar enn mange andre mellomalderkyrkjer i Noreg? Uansett; endringane viser at kyrkja har vore eit gudshus som har vore *brukt* gjennom meir enn 700 år, dei ulike epokane har sett preg på kyrkja ut frå kva behov dei hadde. Balansegangen mellom bevaring av det gamle og nyare behov kan framleis vera ei utfordring i mange kyrkjer, anten kyrkjene stammar frå mellomalderen, eller er langt nyare.

Så langt endringane som vart gjort i og med kyrkja, men korleis endra mentaliteten til folket seg? I kor stor grad endra den seg, og kor raskt gjekk dette? Som nemnt tidlegare i oppgåva er det ofte slik at mentaliteten endrar seg i eit anna tempo enn resten av tilværet. Dette var nok tilfelle både når kristendomen kom til Noreg, men også når reformasjonen vart innført. Eit døme frå nærområdet rundt Kvinnherad kyrkje er valfarten til Røldal som ikkje tok slutt før langt inn på 1800-talet. Liknande døme fins også frå andre stader i landet: i Eidsborg i Telemark var det eit ritual rundt Sankt Nikolas-statuen i soknekyrkja, i Trømborg i Østfold hadde ein Maria-figur kraft til å gjera mirakel. Dette viser at sjølv om reformasjonen vart innført frå sentralt hald i 1537, var tradisjonane frå den førreformatoriske tida levande lenge etter dette. Slik vart minnet om det som hadde vorte borte tatt vare på.³⁰³

³⁰² Skaala 2004:31-32; Amundsen 2005:184

³⁰³ Amundsen 2005:170-171

8 Oppsummering

Gjennom heile oppgåva har eg fokusert på det konkrete, Kvinnherad kyrkje som i mange hundre år har vore eit sterkt synleg bevis på at Noreg og Kvinnherad var (og på mange måtar framleis er) ein del av det kristne fellesskapet i Europa. Med denne kyrkja som utgangspunkt har eg gitt eit innblikk i kva kristendomen i mellomalderen handla om. Problemstillinga mi var: *Kva kan ein med utgangspunkt i spor frå mellomalderen i ei mellomalderkyrkje seia om kva menneska i mellomalderen trudde på, og korleis trua verka inn på livet deira?*

Med bakgrunn i problemstillinga har eg gjort denne tankerekka: Med den heilt konkrete kyrkja som i dag står i Rosendal som utgangspunkt, meiner eg at me kan lære mykje om kristendomen i mellomalderen. Det geografiske og religiøse landskapet rundt Kvinnherad kyrkje fortel oss at det har vore fleire kyrkjer innanfor eit nokså avgrensa område, og at det ikkje langt unna har vore andre byggverk med tilknytning til den same overnasjonale kyrkja. Det var på mange måtar verda utanfrå som kom til bygda når den første kyrkja vart bygd. Frå at det nære var sentrum i tilværet, flytte hadde sentrum seg no langt frå bygda her. Eit kyrkjeleg hierarki plasserte Kvinnherad kyrkje om ikkje heilt nedst, så i alle fall langt frå både pavestolen i Roma og erkebispesetet i Nidaros. Denne plasseringa i hierarkiet var lagt i kristenretten i Gulatingslova, seinare Landslova, og gjennom denne vart også den kanoniske retten noko som ein måtte retta seg etter. Dette hierarkiet vitnar om ei omfattande organisering i den overnasjonale kyrkja, gjennom denne var Kvinnherad og kvinnheringane vorte ein del av verda.

Den verda kvinnheringane hadde vorte ein del av, var sterkt prega av kristendomen. På mange måtar kan me seia at kristendomen gjennomsyra tilværet også til kvinnheringane. Gjennom denne hadde dei fått eit kriste verdsbilde, ei frelseshistorie som dei var ein del av, og eit håp om eit liv etter døden. Alt dette måtte tolkast, både typologisk og allegorisk med opp til fire meiningslag i teksten eller bildet.

På bakgrunn av dette vart kyrkja, og det som var i og rundt ho, «lese». Kyrkja, som var bygd av stein i staden for i tre, stod fram som eit praktbygg som var noko heilt anna enn den mykje enklare utstyrte heimen. Klokkene kalla til gudsteneste, døypefonten minna om at gjennom dåpen var ein innlemma i den kristne skaren, og på alteret var Gud *verkeleg* tilstade gjennom vigsla brød og vin. Utsmykkinga som sannsynlegvis pryda kyrkja, fortalde scener frå frelseshistoria, det same gjorde krusifikset. Ikkje ein gong retninga i rommet var utan meining. Alt i alt var det eit heilagt bygg mellomaldermenneska gjekk inn i. Kyrkjevigslinga

og årsfesten for denne fortalde også om dette. Kyrkja var dessutan ikkje berre bygget, men samfunnet av dei heilage, både levande og døde. Viktige i dette heilage samfunnet var jomfru Maria og dei andre helgenane, som kunne tilby hjelp og trøst i ein vanskeleg kvardag.

Alt dette vart formidla i og gjennom Kvinnherad kyrkje, mellom anna gjennom liturgi, preiker, bilde og skulpturar, og det høgreiste ved bygget. Denne formidlinga skulle hjelpa folk til å leva eit fromt liv, slik verka kyrkja inn på folk sitt daglegliv. Men også på andre måtar merka ein at kristendomen var ein del av dagleglivet. I kvardag og helg var det ein års- og vekerytme, med mange helgedagar og fastedagar. Både lekfolk og geistlege hadde plikter og rettar, og det var kontakt mellom desse gruppene gjennom formidling av trua, men også gjennom skriftemål, bot og straff. I liv og død var kyrkja tilstade gjennom dåp, truloving, bryllaup og gravferd. Eit anna aspekt eg har lyst å trekka fram her, er korleis frykta for fortaping og skjærselden, og håpet om frelse var med å prega kvardagen til mellomaldermenneske.

Til sist er ingen kyrkjebygg upåverka av endringar. Samfunnet og religionen endra seg, noko som førte til endringar i kyrkjebygget. I Kvinnherad kyrkje vart det endringar i samband med reformasjonen, barontida og omfattande restaurering på tidleg 1900-tal.

Når eg starta på dette arbeidet, hadde eg eit ynskje om å finna ut korleis det *eigentlich* var: kor kristne var menneska i mellomalderen. Eg oppdaga undervegs at det er fleire grunnar til at dette ikkje lar seg gjera. For det første fortel kjeldene for lite om dette. Endå viktigare er at det aldri går an å rekonstruera alle bitane i puslespelet som fortida er. Me kan berre sjå ting «stykkevis og delt», og det me ser er farga av våre briller, vårt utgangspunkt. Heile tida undervegs er det viktig å ha dette i tankane: Me kan aldri finna ut fullt og heilt *wie es eigentlich gewesen*. Dette betyr ikkje at me skal gje opp slike prosjekt som dette. Her vil eg bruka bildet frå Härdelin (2005) om overflate og vindaugo på ein litt annan måte enn han sjølv gjer:³⁰⁴ Om me ser på Kvinnherad kyrkje som overflata, så har me gjennom vindaugo ó kjelder og sekundærlitteratur ó fått eit glimt inn i ei verd som for oss er framand. Dei to bileta eg har skildra i dette avsnittet, puslespelbildet og bildet av overflate og vindauge, har vore til god hjelp for meg undervegs.

I denne oppgåva er det først og fremst kristendomen i den katolske kyrkja i mellomalderen som har vore i fokus. Når eg i oppgåva har snakka om «den katolske kyrkja», er det den katolske kyrkja som ho var i mellomalderen eg først og fremst har hatt i tankane. Likevel vil

³⁰⁴ Härdelin 2005, dette bildet har eg vist til tidlegare i oppgåva, sjå kapittel 3

nok mange kjenna igjen trekk ved den kyrkja eg har skildra i den katolske kyrkja den dag i dag.

Eg vil avslutningsvis løfta fram eit par særtrekk ved den kristne trua i mellomalderen. For det første er det tale om *to kyrkjer*: Den konkrete kyrkja i det synlege livet som både er sjølve kyrkjebygget, og den indre, åndelege kyrkja.³⁰⁵ Dette har sjølvstamt samanheng med det dualistiske synet på tilværet. Den synlege verda er berre ei spegling av ei usynleg verd, og at i den synlege verda, særleg i kyrkja fins det teikn som peikar på ting i den usynlege verda. For det andre er det tale om *ein heilag kristenskare*. Menneska på jorda og dei heilage i den usynlege verda var til saman *ei heilag kyrkja* i himmelen og på jorda. I samband med dette vil eg også peika på eit anna «problem» som me har. Me lever i ei tid då mykje av den grunnleggjande kunnskapen om kristendomen og ikkje minst symbolikken i kyrkjebygg, inventar og utsmykking har gått tapt. Bygg som Kvinnherad kyrkje har vorte tause, dei formidlar ikkje på langt nær så mykje til oss som dei truleg gjorde til mellomaldermennesket. Noko av denne (for oss tause) formidlinga håpar eg at eg har løfta fram gjennom oppgåva mi.

Kanskje hadde menneska i mellomalderen, i «the age of faith», eit perspektiv på livet som mange moderne menneske kanskje manglar, me kan kalla det «himmel over livet». Det himmelske eller heilage var på mange måtar ein heilt naturleg del av kvardagen, og det eigentlege livet i den verkelege verda tok til først etter døden. Eg trur det er mange menneske i Noreg i dag som saknar eit perspektiv på livet som peikar utanfor seg sjølv, eg ser til dømes den store alternativrørsla i landet vårt som eit teikn på dette. Ein åndeleg eller religiøs lengt som mange religionsforskarar meiner at dei fleste menneske har i seg, fører til at menneske no søkjer etter noko som ikkje kan gripast gjennom sansane, men som mange hevdar *er* der.

Kanskje dette også kan sjåast på som noko me har felles med menneska i mellomalderen, men den gongen var det antakeleg ingen som tvilte på kva som var sanninga om dette. I dag er det mange som tvilar på at det *fins* ei slik sanning. Ein annan forskjell eg ser mellom tilnærminga til dette åndelege frå mellomalderen til vår tid, er at menneska i mellomalderen var opptekne av tradisjonane, medan mange av dei såkalla nyreligiøse er på jakt etter noko nytt og framand.

Eg starta oppgåva med å peika på den store interessa for mellomalderen som fins hos mange menneske i dag. Eg håpar denne interessa vil vara ved, for mellomalderen er ei spanande tid som mange nok har eit skeivt bilde av: mange snakkar om «den mørke mellomalderen», og det fins ein del «moderne mytar» om mellomalderen og menneska som levde då. I arbeidet

³⁰⁵ Härdelin 2005:121

med denne oppgåva har mitt eige bilde av mellomalderen og kristendomen i desse omtrent 500 åra i Noreg vorte nyansert, og det kunne vera spanande å sjå nærmare på mellomalderen og kristendomen ut frå andre synsvinklar. Undervegs vart eg gjort merksam på at strafferegister frå mellomalderen kanskje kunne seia noko om «kor kristne» menneska i eit område var. Dette kunne vera eit spennande forskingsprosjekt: Å leita etter spor av kvinnheringar i strafferegister ville ut frå ein annan synsvinkel ha sagt noko om dagleglivet til enkeltmenneske, som Ragnhild tregagås som me har møtt undervegs i denne oppgåva.

Kjelder

Salvesen, Astrid (overs. bokmål). «Kirkevigsal I («Stavkirkeprekenen»)» i *Gammelnorsk homiliebok*. Red. Gunnes, Erik: 100-104. Oslo: Universitetsforlaget, 1971.

Frøysadal, Øistein (overs. nynorsk). «Tale ved kyrkjevigsling (Stavkyrkjepreika)» i *Norsk tro og tanke 1000-1940. Ettbindsutgaven*. Red. Hansen, Jan-Erik Ebbestad: 79-83. Oslo: Tano Aschehoug, 1999.

Spørck, Bjørg Dale (overs.). «Nyere Gulatings kristenrett I» og «Nyere Gulatings kristenrett II» i *Nyere norske kristenretter*. Red. Spørck, Bjørg Dale: 33-58, 71-100. Oslo: Aschehoug, Fondet for Thorleif Dahls kulturbibliotek, Det norske akademi for sprog og litteratur, 2009

Lysaker, Trygve. «Hyrdebrev fra erkebiskop Arne Vade» i *Gjør døren høy. Kirken i Norge i 1000 år*. Red. Jørgensen, Torstein, Ingun Montgomery og Jan Schumacher: 209-219. Oslo: Aschehoug, 1995

Mundal, Else (overs.). «Forklaring av messa og alle tidebøner» i *Gjør døren høy. Kirken i Norge i 1000 år*: Red. Jørgensen, Torstein, Ingun Montgomery og Jan Schumacher: 131-138. Oslo: Aschehoug, 1995

Lysaker, Trygve (overs.) «Erkebiskop Eilifs tredje statutt» i *Nidaros Domkirke og Erkebispegården. Erkebiskop Eilifs råd og instruksjoner fra 1320-årene. Småskriftserien. Nr. 1*. Trondheim: Nidaros Domkirkes Restaureringsarbeiders Forlag, 1991.

I tillegg er det brukt nokre andre kjelder som er referert til i sekundærlitteratur, dette er notert i fotnotar undervegs i oppgåva.

Litteratur

Amundsen, Arne Bugge. «Religiøs reform mellom makt og avmakt» i *Norges religionshistorie*. Red. Amundsen, Arne Bugge: 163-212. Oslo: Universitetsforlaget, 2005

Anker, Peter. «Høymiddelalderens skulptur i stein og tre» i *Norges kunsthistorie. Bind 2 ó høymiddelalder og Hansatid*. Red. Knut Berg et al.: 126-251. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag A/S, 1981

Attwater, Donald. *The Penguin dictionary of Saints*. Middlesex, England: Penguin Books Ltd., 1965

Bagge, Sverre. *Mennesket i middelalderens Norge*. Oslo: Aschehoug, 2005

Bisgaard, Lars. «Det religiøse liv» i *Middelalderens Danmark*. Red. Ingesman, Per et al.: 118-135. København: Gads forlag, 1999

Bruun, Mette Birkedal og Britt Istoft. «Indledning» i *Undervejs mod Gud. Rummet og rejsen i middelalderlig religiøsitet*. Red. Bruun, Mette Birkedal og Britt Istoft: 9-19. København: Museum Tusulanums Forlag, Københavns Universitet, 2004

Clark, Elizabeth. *History, theory, text: historians and the linguistic turn*. Cambridge, Mass.: Harvard University Press, 2004

Danbolt, Gunnar. «Noen trekk fra alterutsmykningens historie» i *FNFM Årbok*: 13-44. Oslo, Foreningen til norske fortidsminnesmerkers bevaring, 1986

- Duffy, Eamon. *The stripping of the Altars. Traditional Religion in England 1400-1580*. New Haven and London: Yale University Press, 2005
- Eckhoff, Julie Waaler. *Helgener gjennom tidene. Fakta og legender*. Oslo: IKO-Forlaget, 2000
- Ekroll, Øystein, Morten Stige og Jiri Havran (foto). *Kirker i Norge. Middelalder i stein*. Oslo: Arfo (Forlag for arkitektur og kunst), 2000
- Ekroll, Øystein. *Med kleber og kalk. Norsk steinbygging i mellomalderen*. Oslo: Det Norske Samlaget, 1997
- Gelting, Michael H. «Danmark ó en del af Europa» i *Middelalderens Danmark*. Red. Ingesman, Per et al.: 334-351. København: Gads forlag, 1999
- Gelting, Michael H. «Mellem udtørring og nye strømninger» i *Tidsskrift: Fortid og nutid*: 1-12. København, 1985, Vol.32
- Gervin, Karl. *Klostrene ved verdens ende. Lyse, Nonneseter, Hovedøya, Munkeby og Tautra*. Oslo: Pax Forlag, 2007
- Gierow, Krister. «Helgendyrkelsen» i *Vår kulturarv, bind II*. Red. Krarup, Per, Haakon Holmboe og Krister Gierow: 208-228. København: Forlaget for faglitteratur, 1963
- Gunnes, Erik. *Norges Historie. Bind 2 Rikssamling og kristning 800-1177*. Oslo: Cappelen, 1976
- Helle, Knut. *Gulatinget og Gulatingslova*. Leikanger: Skald, 2001
- Helle, Knut. *Under kirke og kongemakt 1130-1350. Bind 3 Aschehougs Norgeshistorie*. Oslo: Aschehoug, 1995
- Hodne, Ørnulf. *Norsk folketro*. Oslo: Cappelen, 1999
- Hoff, Anne Marta og Hans-Emil Lidén. «Ænes kirke» i *Norges kirker Hordaland bind II.:* 172-177. Oslo: NIKU, Gyldendal, 2000
- Hoff, Anne Marta og Hans-Emil Lidén. «Ølve kirke» i *Norges kirker Hordaland bind II.:* 183-190. Oslo: NIKU, Gyldendal, 2000
- Hoffmann, Marta. «Tekstil» i *Norges kunsthistorie. Bind 2 ó høymiddelalder og Hansatid*. Red. Knut Berg et al.: 315-349. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag A/S, 1981
- Hvalvik, Reidar. *Kirkehus og kirkerom ó våren 2012 ó 3. forelesning*. Oslo: Det teologiske Menighetsfakultet, 2012
- Hvalvik, Reidar. *Viktige kilder til den kristne ikonografi*. Oslo: Det teologiske Menighetsfakultet, 2006
- Härdelin, Alf. *Kult, kultur & kontemplation*. Skellefteå: Artos Bokförlag, 1998
- Härdelin, Alf. *Världen som yta och fönster*. Stockholm: Sällskapet Runica et Mediaevalia, 2005

Høris, Ole. «Verden i middelalderen ó middelalderens verden» i *Middelalderens verden : verdensbilledet, tænkningen, rummet og religionen*. Red: Høris, Ole og Per Ingesman: 49-72. Århus: Aarhus Universitetsforlag, 2010

Ingesman, Per. «I sek og akse ó bodens historie og betydning i middelalderen» i *Middelalderens verden: verdensbilledet, tænkningen, rummet og religionen*. Red: Høris, Ole og Per Ingesman: 283-303. Århus: Aarhus Universitetsforlag, 2010

Ingesman, Per. «Kirken i samfundet» i *Middelalderens Danmark*. Redaksjon: Ingesman, Per et al.: 100-117. København: Gads Forlag, 1999

Ingesman, Per. «Middelalderen ó en introduktion» i *Middelalderens Danmark*. Redaksjon: Ingesman, Per et al.: 8-15. København: Gads Forlag, 1999

Jensenius, Jørgen H. «ÖStavkirkeprekenenö som bygningshistorisk kilde» i *FNFM Årbok*: 91-96. Oslo, Foreningen til norske fortidsminnesmerkers bevaring, 2001. (Henta frå internett 30.1.12: <http://www.stavkirke.info/wp-content/artikler/artikkel-preken.html>)

Kjeldstadli, Knut. *Fortida er ikke hva den en gang var. En innføring i historiefaget*. Oslo: Universitetsforlaget, 1999.

KLNM = Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder fra vikingtid til reformasjonstid (KLNM). 2. oplag 1980, opptrykk av første utg 1956-1978. København: Rosenkilde&Bagger, 1980.

Knutsen, Gunnar W. *Lange linjer i historien*. Oslo: Cappelen, 2006

Koldau, Linda Maria. «Bibel og liturgi som verdensbilledets fundament ó litteratur, kunst og musikk i senmiddelalderlige kvindeklostre» i *Middelalderens verden : verdensbilledet, tænkningen, rummet og religionen*. Red: Høris, Ole og Per Ingesman: 225-242. Århus: Aarhus Universitetsforlag, 2010

Kragh, Helge. «Naturfilosofi, Gud og verdensbillede i middelalderen» i *Middelalderens verden : verdensbilledet, tænkningen, rummet og religionen*. Red: Høris, Ole og Per Ingesman: 31-48. Århus: Aarhus Universitetsforlag, 2010

Kristensen, Hans Krongaard. «Kirker og klostre» i *Middelalderens Danmark*. Redaksjon: Ingesman, Per et al.: 254-273. København: Gads Forlag, 1999

Källström, Hanna. *Domkyrkan som andaktsmiljö under senmedeltiden. Linköping och Lund*. Skellefteå: Artos & Norma bokförlag, 2011

Lange, Christian C.A. *De norske klostres historie i Middelalderen*. Christiania: I Kommissjon hos Feilberg & Landmark, 1847

Laursen, Henning Høgh. «Middelalderens filosofiske antropologi ó bøn og lærdom» i *Middelalderens verden : verdensbilledet, tænkningen, rummet og religionen*. Red: Høris, Ole og Per Ingesman: 105-121. Århus: Aarhus Universitetsforlag, 2010

Lidén, Hans Emil. «Kirke og kloster. Drivkrefter i lokalsamfunnet» i *Kulturhistorisk Vegbok Hordaland. Tema*. Red. Brekke, Nils Georg: 52-56. Bergen: Nord 4 Vestkyst, 1993

Lidén, Hans-Emil og Anne Marta Hoff. «Kvinneherad kirke» i *Norges Kirker*. Digitalutgåve. (http://www.norgeskirker.no/wiki/Kvinneherad_kirke, tilsendt på e-post august 2011). Oslo: NIKU, 2012

Lidén, Hans-Emil. «Middelalderens steinarkitektur i Norge» i *Norges kunsthistorie. Bind 2 ó høymiddelalder og Hansatid*. Red. Knut Berg et al.: 7-125. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag A/S, 1981

Lunden, Kåre. *Norges historie. Bind 3 Norge under Sverreætten 1177-1319*. Oslo: Cappelen, 1976

Martling, Carl Henrik. *Talande tystnad om kyrkans symbolspråk*. Skellefteå: Artos & Norma bokförlag, 2004

McManners, John (red.). *The Oxford Illustrated History of Christianity*. Oxford/New York: Oxford University Press, 1992

Michalczak, Karoline Bjørstad Berget. *Fromhetsliv i Norge. En sammenligning av 1200-1300-tallet og 1600-1700-tallet. Mastergradsoppgave i historie*. Trondheim: NTNU, Institutt for historiske og klassiske fag, 2009

Nedkvitne, Arnved. *Lay Belief in Norse Society 1000-1350*. København: Museum Tusulanum Press, University of Copenhagen, 2009

Pelikan, Jaroslav. *The growth of medieval theology (600-1300)*. Chicago: The University of Chicago Press, 1978

Schjødt, Jens Peter. «Aspekter ved kristningen af Norden» i *Middelalderens verden : verdensbilledet, tænkningen, rummet og religionen*. Red: Høiris, Ole og Per Ingesman: 375-385. Århus: Aarhus Universitetsforlag, 2010

Schumacher, Jan (red.). *The Old Norse Dedication Homily*. Oslo: upublisert, 2001.

Schumacher, Jan. «öDen hellige ånds portö. Til belysning av et særpreget motiv i stavkirkeprekenen» i *Transformasjoner i vikingtid og norrøn middelalder. Møteplass Middelalder 1/2006*. Red. Gro Steinsland: 153-168. Oslo: Unipub, 2006

Schumacher, Jan. «Kristendom og kirkevesen på Helgeland» i *Stemmer i stein*. Red. Hansen, Ivar Roger: 39-59. Sandnessjøen: Kirkejubileet 1999, 1999

Schumacher, Jan. «Kristendommen i tidlig middelalder» og «Kristendommen i høymiddelalderen» i *Norges religionshistorie*. Red. Amundsen, Arne Bugge: 63-162. Oslo: Universitetsforlaget, 2005

Schumacher, Jan. «Middelalder» i *Norsk kirkehistorie*. Oftestad, Bernt T., Tarald Rasmussen og Jan Schumacher: 15-82. Oslo: Universitetsforlaget, 2005

Skaala, Kaare. *Endå kann klokkone kalla. Kvinnherad kyrkje 750 år*. Rosendal: Kvinnherad Sokneråd, 2004

- Skarsaune, Oskar. *Hvorfor teologiske fakulteter? Finnes det en teologisk vitenskapsteori?* Utdelt materiale i forelesing 9.5.11. Oslo: det teologiske Menighetsfakultet, 2011a
- Skarsaune, Oskar. *MET503: Metodelære: Kirkehistorisk variant. Notater.* Utdelt materiale i forelesing 9.5.11. Oslo: det teologiske Menighetsfakultet, 2011b
- Spørck, Bjørg Dale (red.). *Nyere norske kristenretter.* Oslo: Aschehoug, Fondet for Thorleif Dahls kulturbibliotek, Det norske akademi for sprog og litteratur, 2009
- Steinsland, Gro. *Mytene som skapte Norge. Myter og makt fra vikingtid til middelalder.* Oslo: Pax Forlag, 2012.
- Thurén, Torsten. *Vitenskapsteori for nybegynnere.* Oslo: Gyldendal Norsk Forlag, 2009
- Tryti, Anna Elisa. «Bergen som sentrum i bispedømmet» i *By og land i middelalderen. Onsdagskvelder i Bryggens Museum ó IX.* Red. Ingvild Øye. Bergen: Bryggens Museum, 1994 (Henta frå internett 23/2-12: <http://www.fou.uib.no/fd/1996/f/004001/index.htm>)
- Vaage, Erling. *Kvinnherad bygdesoga 1.* Kvinnherad: Kvinnherad Bygdeboknemnd, 1972
- Webb, Diana. *Pilgrims and Pilgrimage in the Medieval West.* London: I.B.Tauris & Co Ltd., 1999
- Wichstrøm, Anne. «Maleriet i høymiddelalderen» i *Norges kunsthistorie. Bind 2 ó høymiddelalder og Hansatid.* Red. Knut Berg et al.: 252-314. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag A/S, 1981
- Øverland, Olava. *Våre altertavler.* Oslo: Det Norske Samlaget, 1995

Internettreferansar

- Nynorskordboka. Digitalutgåve. <http://www.nob-ordbok.uio.no/perl/ordbok.cgi?OPP=historie&nynorsk=+&ordbok=begge>, 20.2.12
- Norges Kirker. Digitalutgåve. <http://www.norgeskirker.no/wiki/Hovedside>, 13.8.12
- Norges Kirker. Digitalutgåve. http://www.norgeskirker.no/wiki/Kvinneherad_kirke, 13.8.12
- Kvinnherad Kommune sine nettsider. <http://www.kvinnherad.kommune.no/index.php?id=4565808>, 6.6.12
- Fylkesarkivet digitalutgåve http://www.sffarkiv.no/sffbasar/style_hordaland.asp?p=result&db=dbatlas_leks&art_id=105740&spraak_id=1&ptype=single, 6.6.12
- Kyrkja i Kvinnherad sine nettsider. <http://www.kyrkja-kvinnherad.no/>, 6.6.12

Kyrkja i Kvinnherad sine nettsider. <http://www.kyrkja-kvinnherad.no/kyrkjer/ky-aenes.htm>, 6.6.12

Norges Kirker. Digitalutgåve. [http://www.norgeskirker.no/wiki/Husnes_\(Kaldestad\)_kirke](http://www.norgeskirker.no/wiki/Husnes_(Kaldestad)_kirke), 8.8.12

Sunnhordland Museum sine nettsider. <http://www.sunnhordland.museum.no/side.aspx?nr=60>, 9.8.12

Olavsrosa sine nettsider. <http://www.olavsrosa.no/objektinfo.aspx?id=27114>, 3.7.12

Pilegrimsleden sine nettsider. <http://www.pilgrim.info/artikkel.aspx?id=3963369>, 9.8.12

Den Katolske kirke sine nettsider. <http://www.katolsk.no/praksis/valfart/artikler/roldal>, 9.8.12

Baroniet Rosendal sin nettsider. <http://www.baroniet.no/no/slottet1665.php>, 9.8.12

Store Norske Leksikon. Digitalutgåve.

http://snl.no/.nbl_biografi/Jens_Pederss%C3%B8n_Skielderup/utdypning, 12.8.12